



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Prop. 137 LS

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Lov om pågriping og overlevering til og frå
Noreg for straffbare forhold på grunnlag av
ein arrestordre (arrestordreloven) og om
samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006
mellom EU, Island og Noreg om
overleveringsprosedyre mellom partane

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	10.2	Oversending og mottak av arrestordrar	32
2	Bakgrunnen for lovforslaga	7	10.3	Undersøking, bruk av tvangsmiddel og rettane til den ettersøkte	33
2.1	Bakgrunnen for forslaget til lov om arrestordre	7			
2.1.1	Kort om gjeldande rett. Behovet for å erstatte utleveringsloven sine reglar	7	10.3.1	Gjeldande rett. Avtalen sine føresegner	33
2.1.2	Utviklinga av utleveringssamarbeidet innanfor Norden og EU ..	8	10.3.2	Andre nordiske lands rett	33
2.1.3	Nærmare om den europeiske arrestordren og Island og Noreg sin parallellavtale. Samanlikning med nordisk arrestordre	8	10.3.3	Forslaget i høringsnotatet. Høringsfråsegnene	34
2.2	Bakgrunnen for forslaget om endring av straffeprosessloven	9	10.3.4	Departementet si vurdering no	34
2.3	Høyringa	10	10.4	Avgjerd om overlevering	35
2.4	Generelt om høringsfråsegnene .	11	10.4.1	Gjeldande rett. Føresegnene i avtalen. Ordninga i dei andre nordiske landa	35
3	Oversikt over føresegnene i parallellavtalen	12	10.4.2	Forslaget i høringsnotatet. Høringsinstansane sitt syn	36
4	Gjennomføringsmåte	15	10.4.3	Departementet si vurdering no	36
5	Plikten til å sette i verk ein arrestordre. Krav til straffetrusselen eller ilagt straff. Aksessorisk overlevering	16	10.4.4	Samtykke. Tilbaketrekking av samtykke	37
6	Avslagsgrunnar	17	10.5	Konkurrerende krav	38
6.1	Gjeldande rett. Systemet i avtalen ..	17	10.6	Fristar for handsaming og iverksetjing av ein arrestordre	39
6.2	Overlevering av norske borgarar ..	17	10.7	Immunitet og privilegium	39
6.3	Overlevering for politiske lovbrøt ..	19	10.8	Beslag og overlevering av ting	40
6.4	Dobbel strafflegging	21	10.9	Transitt	41
6.5	Obligatoriske avslagsgrunnar	23	11	Overlevering til Noreg	42
6.6	Valfrie avslagsgrunnar	24	11.1	Kompetansen til å ferde ut arrestordrar	42
6.6.1	Valfrie avslagsgrunnar felles med nordiske arrestordrar	24	12	Gjennomføringa av andre avtaleføresegner	44
6.6.2	Valfrie avslagsgrunnar særigne for nordisk-europeiske arrestordrar ...	25	13	Inngåing av avtale mellom Den europeiske unionen og Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane	45
7	Spesialitetsprinsippet. Vidare overlevering/utlevering	27	14	Gjennomføring av trepartsavtalar med Sveits og Liechtenstein	46
8	Forholdet til menneskerettane og folkeretten elles	29	15	Endring i straffeprosessloven	47
9	Særlege vilkår for overlevering	31	16	Økonomiske og administrative konsekvensar	48
10	Prosedyrane for overlevering...	32	17	Merknader til dei enkelte paragrafane	49
10.1	Krav til innhaldet i ein arrestordre	32			

A Forslag til lov om pågriping og overlevering til og frå Norge for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven)	66
---	-----------

B Forslag til vedtak om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane	77
--	-----------

Vedlegg

1	Avtale mellom Den europeiske union og Republikken Island og Kongeriket Norge om overleverings- prosedyre mellom medlemsstatene i Den europeiske union og Island og Norge	79
----------	---	-----------



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Prop. 137 LS

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 24. juni 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Regjeringa legg i proposisjonen fram forslag til lov om pågriping og overlevering for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven). Forslaget gjennomfører avtale 28. juni 2006 mellom Den europeiske unionen og Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane (frå no av avtalen eller parallellavtalen). Lovforslaget tek også opp i seg lov 19. september 2008 nr. 77 om pågriping og overlevering mellom dei nordiske statar på grunn av straffbare forhold (lov om nordisk arrestordre, ikkje i kraft). Ein legg dermed opp til ein felles lov om arrestordre som skal gjelde overlevering både innan Norden og mellom statane i Den europeiske unionen (EU) og Noreg.

I proposisjonen vert det også foreslått at Stortinget samtykkjer til inngåing av ovanfor nemnde

avtale. Avtalen inneber forenkla reglar og prosedyrar for overlevering av personer for straffbare forhold.

Avtalen som Island og Noreg har inngått med EU er ein såkalla parallellavtale til EU si rammeavgjerd om den europeiske arrestordren og overleveringsprosedyrar mellom medlemsstatane 13. juni 2002 (2002/584/RIA), frå no av kalla den europeiske arrestordren, som gjeld mellom EU sine medlemsstatar. Parallellavtalen er basert på den europeiske arrestordren og er på dei fleste punkt tilnærma likelydande med denne. Det er samtidig enkelte prinsipielt viktige skilnader mellom dei to instrumenta, sjå nedanfor.

Gjennomføringa av arrestordreavtalen er eit ledd i regjeringa sitt arbeid for utvida justispolitisk samarbeid med EU, og må sjåast i samanheng

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

med Noregs strafferettslege samarbeid med EU elles gjennom blant anna Schengen-avtalen, samarbeidsavtalane med Europol og Eurojust, tilknytingsavtalen til EU sin konvensjon om gjensidig bistand i straffesaker, og avtalen om forsterka politisamarbeid (Prüm-avtalen).

Lovforslaget vil, i tillegg til å erstatte lov om nordisk arrestordre, erstatte lov om utlevering av lovbrutarar mv. 13. juni 1975 nr. 39 (utleveringsloven) kapittel I til IV når det gjeld utlevering til og frå Noreg og medlemsstatane i EU. Utlevering til EU-statar vil med dette bli erstatta av overlevering, som er eit tilsvarande, men vesentleg forenkla institutt. Omgrepet «utlevering» er i avtalen bytt ut med «overlevering» nettopp for å markere eit systemskifte. Ei tilsvarande omlegging er gjort både i den europeiske og den nordiske arrestordren. Den europeiske arrestordren bruker «surrender» i staden for «extradition», noko som er blitt omsett til høvesvis «overlevering» og «utlevering». I lovforslaget her er det på tilsvarande måte skilt mellom overlevering og utlevering.

Lovforslaget legg opp til løysingar som gjer at reglane for overlevering mellom Noreg og EU-statan utanfor Norden i det vesentlege vil svare til dei som følgjer av den europeiske arrestordren

innanfor EU. Dette inneber blant anna at det for visse handlingar og på visse vilkår blir foreslått å fjerne kravet til dobbel strafflegging: norske styresmakter skal i nokre tilfelle late vere å prøve om handlinga som arrestordren gjeld er straffbar også etter norsk rett, og den ettersøkte skal i desse tilfella overleverast sjølv om han ikkje kunne vorte straffa her til lands for handlinga. Ein legg vidare opp til at det ikkje lenger skal vere noko forbod mot å overlevere for politiske lovbrøt eller mot overlevering av norske borgarar til EU-statar. Men ein legg samtidig opp til enkelte særreglar i samband med overlevering av norske borgarar og personar som er busette her i landet.

I proposisjonen er det også gjort greie for status for gjennomføringa av avtalen mellom Noreg, Island og Sveits om Sveits si tilknytning til Schengen- og Dublin-samarbeidet (Trepartsavtalen). Ein foreslår dessutan ei ny føresegn i straffeprosessloven om fastsetjing av straffa etter utlevering eller overlevering til Noreg for fullbyrding av norsk straffedom i tilfelle der utlevering eller overlevering er nekta for eitt eller fleire av forholda som den norske dommen gjeld. Det blir også foreslått mindre endringer i utleveringsloven, panteloven og enkelte andre lover.

2 Bakgrunnen for lovforslaga

2.1 Bakgrunnen for forslaget til lov om arrestordre

2.1.1 Kort om gjeldande rett. Behovet for å erstatte utleveringsloven sine reglar

Overlevering er, på same måte som utlevering, eit internasjonalt samarbeid som har som mål å hindre at lovbrutarar unndrar seg strafforfølgning eller fullbyrding av dom ved å reise til eit anna land. Ved overlevering og utlevering blir ein som er mistenkt eller domfelt overført frå den staten vedkommande oppheld seg i og til eit anna land ved bruk av tvang.

Dagens norske prosedyrar og vilkår for utlevering av lovbrutarar byggjer på den europeiske utleveringskonvensjonen av 13. desember 1957, som Noreg ratifiserte i 1960, og to tilleggsprotokollar frå 1975 og 1978, også dei ratifiserte av Noreg. Etter utleveringsloven er det opp til norske styresmakter sitt skjønn å avgjere om eit utleveringskrav skal etterkomast eller ikkje – utlevering er fakultativt. Overfor statar som har slutta seg til utleveringskonvensjonen, blant desse alle medlemsstatane i EU, har Noreg likevel ei folkerettsleg plikt til å etterkome krav som konvensjonen ikkje heimlar nekting av, jf. konvensjonen artikkel 1 (i tillegg har Noreg teke enkelte atterhald).

Gjeldande reglar gjer utlevering til ein omstendleg og tidkrevjande prosess. I enkelte tilfelle kan utlevering til eller frå Noreg ta meir enn eitt år, og mellombels sit ofte den som utleveringskravet gjeld, fengsla. Arrestordren inneber vesentlege forenklingar. Dette skuldast blant anna at den baserer seg på gjensidig godkjenning av rettslege avgjerder, avgjerd om og iverksetjing av overleveringa innanfor relativt korte fristar, og fordi overlevering skal skje om ikkje avslag er heimla i ein av dei obligatoriske eller fakultative avslagsgrunnane som er rekna opp i avtalen.

Det kan nemnast at det til utleveringskonvensjonen nyleg er utarbeidd ein tredje tilleggsprotokoll om forenkla utleveringsprosedyre. Protokollen supplerer konvensjonen på enkelte punkt i den hensikt å forenkla utleveringsprosedyren og gjere det mogleg å utlevere raskare i dei tilfella

kor den som vert kravd utlevert samtykkjer. Men protokollen går på langt nær så langt i å forenkla systemet for overføring av ettersøkte og domfelte som parallellavtalen gjer. Protokollen vart opna for underskriving 10. november 2010 og er medio juni 2011 underskriven av tolv land. Av desse har eit land også ratifisert. Noreg har enno ikkje skrive under protokollen og det vil ventelig ta noko tid før den trer i kraft.

Behovet for ei ny utleveringsordning kjem blant anna av at kriminaliteten i aukande grad er grenseoverskridande og organisert. Ein effektiv kamp mot grenseoverskridande kriminalitet i eit område der ein kan reise fritt, slik som i Schengen-området, set føre at etterforsking og strafforfølgning kan skje på tvers av landegrensene utan at reglane i enkelte av statane hindrar dette. Slike statar vil elles lett kunne bli «fristader» for lovbrutarar. Som Utanriksdepartementet har peika på under høyringa så vekkjer det sterke reaksjonar når nokon unndreg seg strafforfølgning for alvorlege lovbrøt ved å søke vern i ein annan stat. EU-landa, Island og Noreg har derfor ei felles interesse i å leggje til rette for at mistenkte og domfelte kan overførast så raskt forsvarleg sakshandsaming tilseier det og utan for mange høve til å nekte overlevering. Den forenkla ordninga som arrestordren inneber vil venteleg vere ein viktig reiskap for strafforfølgning over landegrensene og gjere overlevering til eit meir effektivt verkemiddel enn utlevering i kampen mot grenseoverskridande kriminalitet. Overleveringsinstituttet fører samtidig vidare høvet til å få vilkåra for overlevering prøvd av domstolane, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken.

Avtalen nyttar «utstedende rettsmyndighet» eller «anmodende stat» om dei myndigheitene eller den staten som krev overlevering og ferder ut arrestordren. Myndigheitene i staten som mottek arrestordren, blir i avtalen omtala som den «utførende rettsmyndighet» eller det visast til staten som fullbyrder arrestordren. I proposisjonen her nyttast utførande myndigheit om myndigheitene i den staten som krev overlevering, og iverksetjande myndigheit om myndigheitene i staten som tek imot arrestordren.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

2.1.2 Utviklinga av utleveringssamarbeidet innanfor Norden og EU

Parallelt med det europeiske samarbeidet som utleveringskonvensjonen frå 1957 har vore utgangspunktet for, har dei nordiske landa hatt eit utleveringssamarbeid basert på harmonisert lovgiving, jf. lov 3. mars 1961 nr. 1 om utlevering av lovbrutarar til Danmark, Finland, Island og Sverige som er vedteke oppheva frå det tidspunktet lov om nordisk arrestordre trer i kraft. Dette har gitt eit enklare og meir effektivt system for utlevering mellom dei nordiske landa.

Vidareutvikling av utleveringssamarbeidet innan EU har skjedd i seinare år. Schengen-konvensjonen 19. juni 1990, som gjennomfører Schengen-avtalen 14. juni 1985 om gradvis avskaffing av kontrollen på dei felles grensene, har føresegnar som supplerer og forenkler føresegnene i utleveringskonvensjonen (del III kapittel 4). Schengen-konvensjonen er bindande for Noreg gjennom samarbeidsavtale inngått 19. desember 1996, og er i norsk rett gjennomført blant anna i utleveringsloven § 17 a om forenkla utleveringsprosedyre ved samtykke.

I tillegg til Schengen-regelverket har EU utarbeidd to konvensjonar om utlevering mellom medlemsstatane som begge forenkler og effektiviserer utleveringsprosedyren: konvensjon om forenkla utleveringsprosedyre mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen 10. mars 1995, og konvensjon om utlevering mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen 27. september 1996. Sistnemnde inneheld materielle vilkår for utlevering og innskrenkar høvet til å avslå utleveringskrav. Føresegnene i Schengen-konvensjonen og dei to utleveringskonvensjonane er i stor grad samanfalande. Begge regelsett legg opp til ein forenkla prosedyre når den som blir kravd utlevert samtykkjer, og begge opnar for direkte oversending av utleveringskrav utanom diplomatiske kanalar.

Ved Amsterdam-traktaten i 1997 vart Schengen-samarbeidet integrert i unionssamarbeidet. Etter dette er det øvste organet i Schengen-samarbeidet, Eksekutivkomiteen, erstatta av EU sitt råd. Nye Schengen-reglar blir følgeleg vedtekne av Rådet. Noreg og Island har inngått ein avtale med EU sitt råd om Island og Noreg si tilknytning til gjennomføringa, bruken og vidareutviklinga av Schengen-regelverket.

EU sitt råd vedtok i 2003 at heile konvensjonen om forenkla utleveringsprosedyre og artikkane 1, 2, 6, 8, 9 og 13 i konvensjonen om utlevering mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen skulle sjåast på som ei vidareutvikling av Schen-

gen-konvensjonen kapittel 4 om utlevering. Etter avtalen med EU sitt råd har Noreg som utgangspunkt plikt til å gjennomføre dei konvensjonsforpliktingane som er relevante i høve til Schengen-avtalen i norsk rett. Men i lys av forhandlingane mellom EU, Island og Noreg om parallellavtalen til arrestordren, som vart innleidde i 2003, vart det ikkje utarbeidd forslag til gjennomføring i norsk rett av EU sine utleveringskonvensjonar frå 1995 og 1996. Dette fordi arrestordren erstattar desse to konvensjonane.

Rammeavgjerda om den europeiske arrestordren og overleveringsprosedyrar mellom medlemsstatane vart treft av EU sitt ministerråd 13. juni 2002. Arrestordren erstattar alt anna regelverk om utlevering av lovbrutarar EU-statane imellom, inkludert reglane i Schengen-konvensjonen og EU sine to konvensjonar om utlevering, med verknad frå 1. januar 2004. Den europeiske arrestordren vart, i motsetnad til konvensjonen om forenkla utleveringsprosedyre og delar av konvensjonen om utlevering mellom medlemsstatane i EU, ikkje vurdert som ei vidareutvikling av Schengen-regelverket. I staden vart Noreg og Island tilbedne forhandlingar om ein parallellavtale.

Danmark, Finland og Sverige har sidan 2002 vore tilslutta den europeiske arrestordren. I lys av dette vart det i det nordiske justisministtermøtet på Svalbard 25. juni 2002 vedteke at dei nordiske, uniforme lovane om utlevering av lovbrutarar skulle reviderast. Målsettinga var at den nordiske utleveringsordninga i alle samanhengar skulle bli minst like vidtrekkande og effektiv som den europeiske arrestordren.

Konvensjonen om nordisk arrestordre vart vedteken og underskriven i 2005 og er gjennomført i norsk rett ved lov 19. september 2008 nr. 77 om pågriping og overlevering mellom dei nordiske statar på grunn av straffbare forhold (lov om nordisk arrestordre). Per i dag har Noreg, Danmark, Island og Finland ratifisert konvensjonen om nordisk arrestordre, mens ratifikasjon står att for Sverige sin del. Konvensjonen er derfor ikkje sett i kraft. Førebels er derfor heller ikkje den norske gjennomføringsloven verksam.

2.1.3 Nærmare om den europeiske arrestordren og Island og Noreg sin parallellavtale. Samanlikning med nordisk arrestordre

Den europeiske arrestordren representerer eit systemskifte i forhold til tradisjonell utlevering av lovbrutarar. Arrestordren byggjer blant anna på

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

prinsippet om gjensidig godkjenning, noko som inneber at ei rettsleg avgjerd i ein medlemsstat skal leggjast til grunn i ein annan medlemsstat utan nærmare prøving av avgjerda treft i den første staten. Som hovudregel pliktar derfor medlemsstatane å etterkome ein europeisk arrestordre, om ikkje ein av dei nærmare oppgitte avslagsgrunnane ligg føre.

Klassiske grunnar for å nekte utlevering, blant anna forbod mot å utlevere eigne statsborgarar og krav om at forholdet skal vere straffbart også i den staten som er beden om å utlevere ein person, er heilt eller delvis avskaffa. I tillegg så er dei prosessuelle reglane forenkla. Denne nye prosessen, truleg inspirert av den noverande nordiske utleveringsordninga, byggjer på direkte kommunikasjon mellom domstolane/påtalemakta i statane. Dei sentrale styresmaktene (justisdepartementa) skal ikkje lenger treffe vedtak i slike saker, og enkeltsaker skal ikkje lenger handsamast på politisk nivå. Det er også sett relativt korte tidsfristar for avgjerd og gjennomføring av overleveringskrav. Arrestordren har ført til at overlevering for straffbare forhold mellom EU-statane i dag skjer i større utstrekning og monaleg raskare enn tidlegare. Ein evalueringsrapport frå 2009 seier at overleveringstida innan EU da var på under 40 dagar.

Parallellavtalen som Noreg og Island har inngått med EU er bygd på og har sterke likskapsdrag med EU si rammeavgjerd om europeisk arrestordre. Også parallellavtalen baserer seg på prinsippet om gjensidig godkjenning av rettslege avgjerdar. Og på same måte som den europeiske arrestordren, inneheld parallellavtalen uttømmende føresegner om når ein arrestordre skal eller kan avslåast samt forenkla prosedyrereglar. Krav om overlevering skal sendast på eit særskilt skjema og utvekslast mellom rettsstyresmaktene. Avgjerda om overlevering skal også som utgangspunkt treffast av ei rettsleg styresmakt, noko som inneber at departementet som utgangspunkt ikkje lenger skal ha noka rolle i utleveringsprosessen.

Parallellavtalen har likevel enkelte særtrekk samanlikna med den europeiske arrestordren. Parallellavtalen opnar, i motsetning til den europeiske arrestordren, for at statane kan reservere seg mot å overlevere eigne statsborgarar og for politiske brotsverk. Mens hovudregelen i den europeiske arrestordren er at det for ei rad opplista typar brotsverk ikkje er eit vilkår for overlevering at handlinga er straffbar også i den staten som mottek arrestordren (dobbel strafflegging), er hovudregelen motsett i parallellavtalen. Men parallellavtalen opnar for at statane kan erklære at kravet om dobbel strafflegging likevel ikkje skal

gjelde for dei handlingane som er unnateke frå kravet i den europeiske arrestordren.

Det er også nedfelt enkelte særlege prosessuelle reglar i parallellavtalen, blant anna at justisdepartementa framleis kan utpeikast som kompetent styresmakt til å ta imot og avgjere ein arrestordre. EU sine medlemsstatar kan også erklære at dei i visse saker vil fråvike tidsfristane som er sette i konvensjonen. Dersom ein medlemsstat gir ei slik erklæring, kan Noreg og Island leggje til grunn dei same tidsfristane overfor desse landa.

Også konvensjonen om nordisk arrestordre byggjer på prinsippet om gjensidig godkjenning av rettsavgjerdar. I tillegg går han på fleire punkt lenger enn den europeiske arrestordren i å effektivisere overleveringsprosessen. For det første inneheld ikkje den nordiske konvensjonen noko strafferammekrav: Ein nordisk arrestordre kan ferdast ut for alle forhold som etter lovgivinga i det landet som ferdar ut arrestordren, kan straffast med fridomsstraff eller annan fridomsinnskrenkande reaksjon, eller når det ligg føre dom på slik straff. Den nordiske arrestordren krev heller ikkje dobbel strafflegging, og dei nordiske statane kan ikkje nekte overlevering av eigne borgarar eller for politiske lovbrøt (visse særreglar her for Island). Det er også færre valfrie grunnar til å avslå ein nordisk arrestordre.

Utgangspunktet etter den nordiske arrestordren er vidare at den som blir overlevert, også kan strafforfølgjast for handlingar som har skjedd før det forholdet som ligg til grunn for overleveringa, mens parallellavtalen med EU fører vidare regelen om at strafforfølgging ikkje kan skje for slike handlingar (spesialitetsprinsippet, sjå punkt 7), rett nok med visse modifikasjonar. Den nordiske arrestordren gir dessutan uavgrensa høve til overlevering vidare til andre nordiske land (med enkelte særreglar for Island). For ein nordisk arrestordre gjeld også kortare tidsfristar for vedtak om iverksetjing og for sjølve overleveringa.

2.2 Bakgrunnen for forslaget om endring av straffeprosessloven

Etter utleveringsloven § 23 kan norske styresmakter krevje utlevert blant anna personar som her i landet er domfelte for ei straffbar handling. Dersom den domfelte oppheld seg i ein EU-stat, vil norske styresmakter i framtida kunne setje fram ein arrestordre i slike tilfelle.

Ikkje sjeldan omfattar ein straffedom fleire forhold som retten har fastsett fellesstraff for med heimel i straffeloven § 62. Fastsetjinga av straffa skjer i

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

desse tilfella ut frå ei samla vurdering, og det vil ikkje gå fram kva som er straffa for dei enkelte forholda. Dette reiser enkelte problem i dei tilfella der ein person er blitt utlevert til Noreg, men berre for delar av dommen. Norske styresmakter må respektere avgjerda til utanlandske styresmakter og vil derfor berre kunne fullbyrde delar av dommen. Spørsmålet er kor stor del av straffa som kan fullbyrdast og korleis dette skal fastsetjast.

Reglar om fullbyrding finst i straffeprosessloven kapittel 32. § 458 om nåde eller § 462 om avgjerd av visse spørsmål om fullbyrding ved usemje mellom påtalemakta og domfelte kunne kan hende nyttast, men passar ikkje spesielt godt. Departementet meiner derfor det er behov for å supplere straffeprosessloven kapittel 32 på dette punkt.

2.3 Høyringa

Departementet sende 22. desember 2009 på høyring eit forslag til endringar i lov om nordisk arrestordre for gjennomføring av avtale om overleveringsprosedyre mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen og Island og Noreg (arrestordre), med frist 1. april 2010. I høyringsnotatet vart det også foreslått ei ny føresegn i straffeprosessloven kapittel 32 om fullbyrding. Adressatar for høyringa var:

Departementa

Høgsterett
Lagmannsrettane
Glåmdal tingrett
Bergen tingrett
Halden tingrett
Kristiansand tingrett
Nord-Troms tingrett
Nord-Østerdal tingrett
Ofoten tingrett
Oslo tingrett
Rana tingrett
Sis-Finnmárkku diggegoddi/Indre Finnmark tingrett
Trondheim tingrett

Domstoladministrasjonen
Riksadvokaten
Statsadvokatane
Politiets tryggingsteneste
Spesialeininga for politisaker
ØKOKRIM
Politidirektoratet
Regjeringsadvokaten

Sametinget

Stortingets ombodsmann for forvaltninga

Det kriminalitetsførebyggande råd (KRÅD)

Det juridiske fakultet, Universitetet i Bergen
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet, Universitetet i Tromsø
Norsk senter for menneskerettigheter (SMR)
Akademikerne
Amnesty International Norge
Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Forsvarergruppen av 1977
Kompetanseutvalget for dommere
KROM – Norsk forening for kriminalreform
Landorganisasjonen i Norge
NGO-forum for menneskerettigheter
Norges Juristforbund
Næringslivets Hovudorganisasjon
Politiets Fellesforbund
Politijuristene
Rettspolitisk forening
Statsadvokatenes forening
Straffedes organisasjon i Noreg (SON)

Følgjande har uttalt seg om forslaget:

Forsvarsdepartementet
Utanriksdepartementet

Riksadvokaten
Det nasjonale statsadvokatembetet
Politidirektoratet
Gudbrandsdal politidistrikt
Hordaland politidistrikt
Oslo politidistrikt
Østfold politidistrikt
Politiets tryggingsteneste

Politijuristene

I tillegg har to enkeltpersonar uttala seg om lovforslaget. Deira merknader vil, i tråd med vanleg praksis, ikkje bli referert.

Følgjande instansar har opplyst at dei ikkje vil kome med noko høyringsfråsegn eller at dei ikkje har merknader:

Arbeidsdepartementet
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Finansdepartementet

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøverndepartementet
Nærings- og handelsdepartementet
Samferdselsdepartementet

Høgsterett

Domstoladministrasjonen

Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets Hovedorganisasjon

2.4 Generelt om høyringsfråsegnene

Dei som har uttalt seg er generelt positive til endringsforslaga. *Riksadvokaten* uttaler at både den nordiske konvensjonen og parallellavtalen bør bli viktige bidrag til meir effektiv forfølging av grenseoverskridande kriminalitet. *Politidirektoratet* uttaler seg i same retning. Også dei *politidistrikta* som har uttalt seg er gjennomgåande positive til endringsforslaga. Dei nærmare synspunkta til høyringsinstansane blir teke opp i samband med drøftingane nedanfor.

3 Oversikt over føresegnene i parallellavtalen

Avtalen er inndelt i fire kapittel:

Kapittel 1 inneheld alminnelege prinsipp for avtalen, kapittel 2 gjeld prosedyrar for overlevering, kapittel 3 handlar om verknader av overlevering, og kapittel 4 har alminnelege føresegner og slutføresegner.

Forordet uttrykkjer blant anna eit ønske om å betre det rettslege samarbeidet i kriminalspørsmål og å effektivisere ordningane for overlevering av mistenkte og straffedømde. I forordet uttrykkjer også partane sin gjensidige tillit til kvarandre sine rettssystem og avtalepartane si evne til å garantere rettferdig rettargang. Det blir også understreka at avtalen respekterer grunnleggjande rettar, særleg Den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Artikkel 1 skildrar formålet med avtalen. Formålet er å betre systemet for overlevering med omsyn til rettsforfølging eller domsfullbyrding mellom på den eine sida medlemsstatane i EU og på den andre sida Noreg og Island. Artikkelen slår også fast at avtalen ikkje innskrenkar pliktene som følgjer av Den europeiske menneskerettskonvensjonen, og at partane skal kunne avslå ein arrestordre om det er grunn til å tru at han er utferda med sikte på forfølging eller straff på grunnlag av kjønn, rase, religion, etnisk opphav osv.

Artikkel 2 definerer enkelte sentrale omgrep som blir nytta i avtalen, mellom desse arrestordre.

Artikkel 3 gjer greie for det materielle bruksområdet for avtalen. Etter artikkel 3 nr. 1 kan ein arrestordre ferdast ut dersom lovbroet som ligg til grunn for at personen krevst overlevert kan føre til fridomsstraff på minst tolv månader. Dersom personen blir kravd overlevert for soning, skal den idømde straffa vere minst fire månader.

Artikkel 3 nr. 2 slår fast at overlevering ikkje skal skje dersom det forhold personen krevst overlevert for ikkje er straffbart i den iverksetjande staten (prinsippet om dobbel strafflegging). Føresegna skil seg frå den europeiske arrestordren der hovudregelen er at ein ikkje kan krevje dobbel strafflegging for ei rad opplista lovbroet dersom lovbroet som ligg til grunn for arrestordren har ei strafferamme på minst tre år i den utfer-

dande staten. I andre tilfelle kan overlevering også etter den europeiske arrestordren gjerast avhengig av dobbel strafflegging.

Kravet til dobbel strafflegging i nr. 2 blir likevel modifisert i nr. 3 som bestemmer at dette ikkje kan gjerast gjeldande dersom arrestordren er ferda ut på grunnlag av visse terrorhandlingar og enkelte andre handlingar som ledd i felles kriminell verksemd. Vidare opnar nr. 4 for erklæringar om at prinsippet om dobbel strafflegging ikkje skal gjerast gjeldande på visse vilkår og for nærmare oppgitte handlingar. Ei slik erklæring kan gjerast avhengig av resiprositet (tilsvarande regulering hos den andre parten).

Artikkel 4 fastset i kva tilfelle ein arrestordre skal avslåast. Ein arrestordre skal avslåast dersom det er gitt amnesti i den iverksetjande staten, dersom det ligg føre ein endeleg dom i ein stat for dei same forholda og straffa i tilfelle domfelling er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdast, eller dersom den ettersøkte var under den kriminelle lågaldren i den iverksetjande staten da lovbroet skjedde.

Artikkel 5 inneheld ei liste over dei fakultative avslagsgrunnane. Det er opp til den enkelte staten å avgjere om ein arrestordre skal avslåast fordi ein av dei fakultative avslagsgrunnane ligg føre, og om desse avslagsgrunnane skal lovfestast som obligatoriske avslagsgrunnar eller om det skal vurderast i det enkelte tilfellet om avslagsgrunnen skal nyttast eller ikkje.

Utgangspunktet i *artikkel 6* er at ein arrestordre ikkje kan avslåast med den grunngevinga at den straffbare handlinga er eit politisk lovbroet. Statane kan likevel erklære at dei held på retten til å avslå ein arrestordre med denne grunngevinga. Dersom ein stat har gitt ei slik erklæring, kan dei andre statane også avslå på dette grunnlaget. Ein arrestordre som grunnar seg på visse nærmare oppgitte terrorhandlingar, kan likevel aldri avslåast med den grunngevinga at det er snakk om eit politisk lovbroet.

Artikkel 7 slår fast at det som utgangspunkt ikkje gjeld noko unntak frå overleveringsplikta for så vidt gjeld eigne statsborgarar. Men også her er det gitt høve til å ta atterhald, eventuelt å erklære

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

at overlevering av eigne borgarar berre vil skje på bestemte vilkår. Dei andre statane kan da på tilsvarende måte avslå eit krav som gjeld eigne borgarar, eventuelt stille tilsvarende vilkår for overlevering (resiprositet).

Artikkel 8 gir høve til å setje visse vilkår for overlevering. Det kan krevjast at den utferdande staten sørgjer for at den ettersøkte får høve til å krevje saka handsama på nytt i tilfelle der den opphavlege dommen eller avgjerda vart avsagd in absentia og vedkomande ikkje var innkalla til det aktuelle rettsmøtet. Er det høve til å straffe den overleverte med fridomstap på livstid, kan overleveringa gjerast avhengig av at den utferdande staten går god for at den vil vurdere straffa eller tiltaket på oppmoding eller seinast etter 20 år. Den iverksetjande staten kan også setje som vilkår at ein person som krevst overlevert til strafforfølgning, og som er statsborgar av eller busett i staten, blir tilbakeført til den iverksetjande staten for soning.

Artikkel 9 omhandlar utpeiking av kompetent utferdande og iverksetjande rettsmyndigheit. Utgangspunktet er at den kompetente myndigheita skal vere ei rettsstyresmakt, og at ein arrestordre ikkje skal handsamast av justisdepartementa. Nr. 2 opnar likevel for at statane kan utpeike justisministeren som iverksetjande styresmakt.

Artikkel 10 handlar om utpeiking av sentralmyndigheit.

Artikkel 11 set krav til innhaldet i og forma på arrestordren. Som vedlegg til konvensjonen følgjer eit skjema for utfylling av opplysningane nemnde i artikkel 11. Skjemaet skal fyllast ut av kompetent styresmakt og utgjer da ein arrestordre.

Kapittel 2 skildrar overleveringsprosedyrane.

Artikkel 12 bestemmer korleis ein arrestordre skal setjast fram. Den utferdande myndigheita kan anten sende arrestordren til den kompetente myndigheita i den iverksetjande staten eller registrere den ettersøkte i Schengen informasjonssystem (SIS).

Artikkel 13 inneheld meir detaljerte reglar om oversending av arrestordren og pålegg den utferdande myndigheita ei viss plikt til å undersøkje kven som er kompetent myndigheit. Arrestordren kan formidlast via Interpol dersom SIS ikkje kan nyttast.

Artikkel 14 har føresegner om den ettersøkte sin rett til informasjon, juridisk bistand og tolk. EU har kome med eit direktiv (directive 2010/64/EU) om retten til tolk og oversetting som tek sikte på å standardisere visse minimumskrav.

Artikkel 15 har reglar om fengsling og forvaring i påvente av vedtak om overlevering. Varetektsfengsling og varetektssurrogat skal nyttast i samsvar med nasjonale reglar.

Artikkel 16 handlar om samtykke til overlevering og samtykke til rettsforfølging for andre straffbare forhold som har skjedd før overleveringa (avkall på spesialitetsprinsippet).

Artikkel 17 gir den pågripne rett til å uttale seg om ein arrestordre.

Artikkel 18 slår fast at avgjerda om overlevering skal treffast innan dei fristane og på dei vilkåra som går fram av konvensjonen. Den iverksetjande myndigheita kan innhente supplerande opplysningar frå den utferdande myndigheita ved behov.

Artikkel 19 stiller opp retningslinjer for korleis ei avgjerd skal treffast i tilfelle der fleire statar ønskjer den same personen overlevert eller utlevert. I desse tilfella er det opp til den iverksetjande rettsmyndigheita å avgjere kva for arrestordre eller utleveringskrav som skal etterkomast. Ved vurderinga skal ein leggje vekt på alle omstende, særleg åstaden for dei straffbare handlingane, kor alvorlege forholda er, datoar for arrestordrane og om arrestordren er utferda med sikte på rettsforfølging eller straffullbyrding.

Artikkel 20 inneheld fristar og prosedyrar for iverksetjinga av ein arrestordre.

EU er på vegner av ein eller fleire av sine medlemsstatar gitt høve til å erklære at fristane for overlevering ikkje skal gjelde i visse tilfelle kor det ikkje er gitt samtykke til overlevering. EU har likevel erklært at alle medlemsstatane vil nytte dei same fristane i samband med overlevering til Noreg og Island som ved overlevering til andre medlemsstatar.

Artikkelen stiller også opp eit grunngivingskrav for avslag på ein arrestordre.

Artikkel 21 har reglar om avhør og mellombels overføring i påvente av vedtak om fullbyrding av ein arrestordre. Etter nr. 1 pliktar den iverksetjande rettsmyndigheita anten å samtykkje til at den som arrestordren gjeld blir avhørt, eller å overføre vedkomande mellombels til den utferdande staten. Nr. 2 og 3 seier at vilkåra for og varigheita av overføring skal fastsetjast mellom dei aktuelle statane, og at vedkomande skal kunne returnere til den iverksetjande staten for å oververe rettsforhandlingar om arrestordren.

Artikkel 22 har reglar for avhør av den arrestordren gjeld og som blir gjennomført av den utferdande staten i samsvar med artikkel 21 nr. 1 (a).

Artikkel 23 gir særreglar for dei tilfella der den ettersøkte nyt privilegium eller immunitet.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Artikkel 24 fastslår at dersom den ettersøkte er overlevert eller utlevert til den iverksetjande staten frå ein tredjestat, må den iverksetjande myndigheita respektere eventuelle forbod mot vidare overlevering og eventuelt søkje å innhente samtykke til vidare overlevering.

Artikkel 25 pålegg den iverksetjande myndigheita straks å underrette den utferdande myndigheita om avgjerda.

Artikkel 26 inneheld fristreglar for overlevering av den ettersøkte etter at endelig avgjerd om fullbyrding av arrestordren er treft.

Artikkel 27 har reglar om utsett overlevering eller (mellombels) overlevering på vilkår i tilfelle der vedkomande er under rettsforfølging eller sonar ein dom i den iverksetjande staten.

Artikkel 28 fastset at det ikkje er nødvendig å søkje om løyve for transitt av ein person som skal overleverast frå ein stat til ein annan når transittstaten har motteke nærmare oppgitte opplysningar om den som blir overlevert. Ein stat som har erklært at han ikkje vil overlevere eigne statsborgarar, jf. artikkel 7 nr. 2, kan nekte transitt av eigne borgarar eller setje nærmare vilkår for transitten. Føresegna gir også nærmare prosessuelle reglar for fremje av transittkrav. Føresegna gjeld ikkje ved lufttransport utan planlagd mellomlanding. Ho skal gjelde så langt det passar for utlevering frå ein tredjestat.

Kapittel 3 har reglar om verknadene av overlevering.

Artikkel 29 har reglar om varetektsfrådrag.

Artikkel 30 regulerer rettsforfølging for andre lovbroten som har skjedd før overleveringa (spesialitetsprinsippet).

Artikkel 31 stiller opp reglar for overlevering vidare eller utlevering vidare for lovbroten som har skjedd forut for den handlinga som vedkomande opphavleg er overlevert for.

Artikkel 32 gjeld beslag og overlevering av gjenstandar.

Artikkel 33 har reglar om fordelinga av kostnader i samband med arrestordren.

Kapittel 4 inneheld alminnelege føresegner og slutføresegner.

Artikkel 34 gjeld forholdet til andre internasjonale plikter.

Artikkel 35 inneheld overgangsreglar. Hovudregelen er at krav om utlevering som er mottekne før avtalen trer i kraft skal handsamast etter dei noverande reglane for utlevering, mens arrestordrar mottekne etter iverksetjinga av avtalen skal handsamast etter avtalen. Statane kan likevel erklære at ein arrestordre utferda på grunnlag av handlingar som har skjedd før iverksetjinga av avtalen skal handsamast etter dei gamle reglane om utlevering.

Artikkel 36 fastslår at kvar stat kan vise ein tvist om bruken eller tolkinga av avtalen til eit møte mellom representantar for regjeringane i medlemsstatane i EU og Noreg og Island.

Artikkel 37 pålegg avtalepartane å følgje med på rettspraksis i EF-domstolen og i dei kompetente domstolane i Noreg og Island for å sikre ein mest mogleg einsarta bruk og tolking av avtalen. Det skal skipast ein mekanisme for å sikre jamleg utveksling av slik rettspraksis.

Artikkel 38 har føresegner om underretning, erklæringar og iverksetjing.

Av *artikkel 39* følgjer at statar som blir medlemmer av EU etter at avtalen er sett i kraft, automatisk blir bundne av avtalen.

Artikkel 40 fastset at avtalen skal gjennomgåast fem år etter at han har trådd i kraft.

Artikkel 41 regulerer oppseiing av avtalen.

Generalsekretæren i EU er depositar for avtalen, jf. *artikkel 42*.

4 Gjennomføringsmåte

Høyringsnotatet la opp til at avtalen vart gjennomført ved endringar i lov om nordisk arrestordre. Tittelen på loven vart foreslått endra til lov om pågriping og overlevering for straffbare forhold på grunnlag av arrestordre (lov om arrestordre), og den reviderte loven skulle etter forslaget gjelde både for arrestordrar etter avtalen mellom EU, Island og Noreg og for nordiske arrestordrar, for dei siste med visse særreglar.

Utanriksdepartementet seier i si *høyringsfråsegn* at ein der føretrekkjer ei lovteknisk gjennomføring som samlar norsk regelverk om overlevering av lovbrytarar slik dette er regulert i konvensjonen om nordisk arrestordre og i avtalen med EU. *Riksadvokaten* er også positiv til gjennomføring i ein felles lov, men embetet påpeiker samtidig utfordringa som ligg i å redigere føresegnene på ein tenleg og pedagogisk måte som gjer loven brukarvennleg for påtalemakta.

Departementet peiker på at ein i parallellavtalen finn att dei fleste av føresegnene i konvensjonen om nordisk arrestordre, og at reglane for dei to ulike typene arrestordrar i vesentleg

grad vil vere samanfallande. Med regulering i same lov unngår ein i stor grad oppattaking av likelydande eller tilnærma likelydande reglar. Sjølv om ei sams regulering gir ein lengre og meir kompleks lov, meiner departementet at regulering i to lover ikkje gir ei betre løysing. Lovforslaget som no leggjast fram er vesentleg endra samanlikna med høyringsforslaget og gir etter departementet sitt syn ei meir oversiktleg regulering. Ettersom tilføyningane til og dei lovtekniske endringane i lov om nordisk arrestordre ville ha vorte mange, blir det foreslått ein heilt ny arrestordrelov som erstattar lov om nordisk arrestordre.

I proposisjonen her og i lovforslaget nyttast omgrepet nordisk-europeisk arrestordre på dei arrestordrane som skal handsamast i samsvar med parallellavtalen med EU. Arrestordrar til eller frå ein nordisk stat, og som skal handsamast etter konvensjonen om nordisk arrestordre, omtalast som nordiske arrestordrar. Definisjonar av dei ulike typene arrestordrar er tekne inn i lovforslaget § 4.

5 Plikten til å sette i verk ein arrestordre. Krav til straffetrusselen eller ilagt straff. Aksessorisk overlevering

Som allereie nemnt ovanfor inneber parallellavtalen at det ikkje lenger skal vere opp til norske styresmakter sitt skjønn å avgjere om nokon skal overleverast: Dersom ikkje nokon av dei avtalefesta avslagrunnane ligg føre, så skal overlevering skje. Plikta til å overlevere er innarbeidd i lovforslaget § 1 om loven sitt verkeområde.

Etter utleveringsloven § 3 nr. 1 kan utlevering til strafforfølgning som utgangspunkt berre skje når handlinga etter norsk lov kan gi fengsel i meir enn eitt år. Ein arrestordre kan etter parallellavtalen artikkel 3 nr. 1 utferdast for handlingar som i utfendarlandet kan medføre fridomsstraff eller annan fridomsrøvande reaksjon i tolv månader eller meir. Mens utleveringsloven viser til norske strafferammer, er det altså etter parallellavtalen strafferammene i utfendarlandet som avgjer om kravet er oppfylt. For utlevering til straffullbyrding er kravet både etter utleveringsloven og parallellavtalen at det er ilagt fridomsstraff eller tilsvarende på minst fire månader (men etter utleveringsloven må i tillegg kravet til strafferamme på meir enn eitt år vere oppfylt også i desse tilfella). Kravet til straffetrusselen eller ilagt straff slik dette går fram av høvesvis parallellavtalen og den nordiske konvensjonen, er innteke i lovforslaget § 6 (nordisk-europeiske arrestordrar) og § 17 (nordiske arrestordrar).

Gjeld utleveringskravet fleire straffbare forhold, er det etter utleveringsloven § 3 nr. 3 nok at

kravet til strafferamme eller til ilagt straff er oppfylt for ei av handlingane, såframt dei andre handlingane kan straffast med tap av fridom både etter norsk rett og etter den framande staten sin lov. I tilfelle kor utleveringskravet omfattar fleire forhold, godtek ein altså utlevering til strafforfølgning eller fullbyrding også for forhold som ikkje oppfyller strafferammekravet eller kravet til ilagt straff så lenge kravet er oppfylt for eitt av forholda. Dette blir kalla aksessorisk utlevering. Tanken er at mens utlevering for mindre alvorlege forhold åleine kan vere for inngripande, vil ikkje strafforfølgning for eller fullbyrding av slike forhold vere problematisk som del av ei større sak som også omfattar meir alvorlege forhold.

Avtalen med EU inneheld ikkje noko føresegn om aksessorisk overlevering. I *høyringsnotatet* la departementet likevel opp til å opne for aksessorisk overlevering så framt kravet til straffetrusselen eller ilagt straff var oppfylt for eitt forhold.

Ingen av *høyringsinstansane* har uttalt seg om forslaget her.

Departementet foreslår at ein tillét aksessorisk overlevering så framt strafferammekravet eller kravet til lengda av idømd straff er oppfylt for eitt av forholda. Dette inneber ei viss lemping i forhold til utleveringsloven, som berre tillét aksessorisk utlevering dersom dei andre handlingane kan medføre fengselsstraff eller plassering i anstalt etter begge landa sin rett.

6 Avslagsgrunnar

6.1 Gjeldande rett. Systemet i avtalen

I tillegg til at eit utleveringskrav i prinsippet kan avslåast utan at det ligg føre bestemte avslagsgrunnar, inneheld utleveringsloven kapittel 1 ei rekkje ufråvikelige avslagsgrunnar.

Avtalen pålegg som nemnt partane å avskaffe det fakultative utleveringssystemet i og med at arrestordren som utgangspunkt skal etterkomast dersom visse vilkår er oppfylte. Ettersom avtalen byggjer på gjensidig godkjenning av rettslege avgjerder i andre land, skal det ikkje skje noka prøving av desse avgjerdene.

Som nemnt ovanfor opnar avtalen likevel for enkelte atterhald og særlege erklæringar, jf. punkt 6.2. til 6.4 nedanfor. I tillegg inneheld han både obligatoriske og valfrie avslagsgrunnar. Fordi ein arrestordre ikkje skal kunne avslåast etter skjønn, blir rekkjevidda av avslagsgrunnane avgjerande for om ein arrestordre kan avslåast. Dette må det takast omsyn til når ein skal vurdere om dei valfrie avslagsgrunnane i avtalen skal lovfestast som obligatoriske eller valfrie avslagsgrunnar i den norske gjennomføringsloven.

6.2 Overlevering av norske borgarar

Utleveringsloven § 2 forbyr utlevering av norske statsborgarar til ein framand stat. Men overfor statar som er tilslutta utleveringskonvensjonen og etter krav frå den staten som har bede om utlevering av ein norsk borgar, plikter norske styresmakter i staden å overlata saka til kompetent norsk styresmakt for strafforfølgjing her til lands.

Den europeiske arrestordren tillèt ikkje statane å nekte overlevering av eigne borgarar. Derfor kan verken Danmark, Sverige eller Finland nekte overlevering til andre EU-statar på dette grunnlaget. Heller ikkje etter lov om nordisk arrestordre kan ein arrestordre avslåast med den grunngevinga at den som blir kravd overlevert er norsk statsborgar. Det er derimot høve til å stille som vilkår for overlevering av norske borgarar til strafforfølgjing i eit anna nordisk land at personen bringast tilbake til Noreg for soning.

Også etter parallellavtalen er utgangspunktet at ein arrestordre ikkje skal avslåast med den grunngevinga at den ettersøkte er borgar av staten (artikkel 7 nr. 1). Men ein stat kan likevel erklære anten at eigne borgarar ikkje vil bli overleverte i det heile teke, eller at dei berre vil bli overleverte på bestemte vilkår. Det følgjer dessutan av artikkel 8 nr. 3 at det ved overlevering av eigne borgarar til strafforfølgjing kan stillast som vilkår at vedkomande blir bringa tilbake for soning.

I *høyringsnotatet* la departementet opp til at forbodet i utleveringsloven mot utlevering av norske borgarar ikkje vart ført vidare for overlevering etter avtalen. Departementet gav desse grunnane:

«Noreg si tilknytning til Schengen-samarbeidet inneber at norske borgarar kan bevege seg fritt innan Schengen-området utan å vere underlagde noka form for systematisk grensekontroll. EØS-avtalen inneber vidare at norske borgarar på nærmare vilkår kan reise til og opphalde seg i andre statar som er omfatta av EØS-avtalen. Ein verknad av at personar i aukande grad reiser til, oppheld seg og buset seg utanlands for kortare eller lengre tid, er auka grenseoverskridande kriminalitet, jamvel i form av saker med tiltalte frå fleire ulike land. Ein kan hevde at ein naturleg konsekvens av desse utviklingstrekkane er at norske borgarar bør ha plikt til å møte for domstolane i det landet der eventuelle straffbare lovbrøtt har skjedd. Å strafforfølgje i Noreg for handlingar som har skjedd i utlandet, kan vere vanskeleg og i praksis uaktuelt, sjølv om norske jurisdiksjonsreglar formelt gir vidt høve til å strafforfølgje nordmenn for handlingar gjorde i utlandet.

Men om norske borgarar skal kunne overleverast, bør det stillast visse krav til rettssystemet og dei straffeprosessuelle reglane i landet som krev overlevering. I tillegg bør ikkje skilnadane mellom straffelovgevinga elles i landa vere for store. Rettslikskapen mellom dei nordiske landa er ein av grunnane til at desse landa lenge har vore villige til å utlevere eigne borgarar til kvarandre.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Rettslikskapen mellom Noreg og medlemsstatane i EU, også dei nordisk-europeiske medlemsstatane, blir stadig større, blant anna som følgje av langvarig samarbeid innanfor Europarådet. Dette samarbeidet har leidd til ei rekkje strafferettslege konvensjonar som strafferettsleg konvensjon mot korrupsjon, datakrimkonvensjonen, konvensjon om førebygging av terrorisme, menneskehandelskonvensjonen, og konvensjon om kvitvasking, oppsporing, beslag og inndraging av utbytte av straffbare handlingar. Tiltreding til konvensjonar som utleveringskonvensjonen, rettshjelpskonvensjonen og konvensjonen om overføring av domfelte, gjenspeglar at partane har tillitt til rettsystema hos kvarandre.

Alle medlemsstatane i EU har dessutan ratifisert den europeiske menneskerettskonvensjonen. Dette inneber at dei har påtatt seg å rette seg etter krava til rettferdig rettgang som følgjer av EMK artikkel 6, medrekna retten til å bli underretta om innhaldet i siktinga mot ein på eit språk ein forstår, til å få tilstrekkeleg tid til å førebu forsvaret sitt, til rettsleg hjelp, til å avhøyre vitne, og til vederlagsfri hjelp av tolk. Også avtalen pålegg statane å respektere grunnleggjande menneskerettar, jf. artikkel 1 nr. 3.

Behovet for å kunne nekte overlevering av eigne borgarar må elles sjåast i samanheng med andre moglege nektingsgrunnar, både dei obligatoriske og dei valfrie. Desse er det gjort nærmare greie for under punkt [...]. Departementet si vurdering er at behovet for vern av norske borgarar i tilstrekkeleg grad blir teke vare på gjennom høva til å nekte overlevering etter desse avslagsgrunnane. Artikkel 8 bestemmer dessutan at den staten som mottok arrestordren (iverksetjande stat), kan stille enkelte vilkår for iverksetjing som bidrar til at omsynet til den som blir overlevert blir teke vare på, sjå punkt 7.5.

Dersom Noreg tek atterhald og legg opp til at overlevering av norske borgarar framleis skal kunne nektast, vil dette svekkje føremålet med avtalen, som er å forenkle og effektivisere utleveringsinstituttet. Dette set føre blant anna overleveringsreglar som er mest mogleg lik reglane som gjeld i EU. Dersom Noreg krev rett til å nekte å overlevere norske borgarar, er det sannsynleg at EU-statane på tilsvarande måte vil nekte overlevering av sine borgarar, med den følgje at norske myndigheiter får ringare høve til å strafforfølgje grenseoverskridande kriminalitet.

Forbodet mot utlevering av norske borgarar vart i si tid grunnlagt med generelle rettstryggjeiks- og humanitetsomsyn, at staten har ei særleg plikt til å beskytte personar som har ei slik tilknytning til landet som statsborgarskapet er uttrykk for, og at tilsvarande forbod fanst i dei andre nordiske landa. Desse argumenta er etter departementet sitt syn monaleg svekte i forhold til EU-statane, samtidig som tungtveigande omsyn taler for ikkje å ta atterhald på dette punktet.»

Departementet foreslo likevel å lovfeste at ein arrestordre som gjeld ein norsk statsborgar, og som er utferd av ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne statsborgarar, skal avslåast. Ein foreslo vidare å lovfeste at det kan stillast som vilkår for overlevering av norske borgarar og personar som har fast bustad her i landet til strafforfølgjing, at vedkomande sendast tilbake for å sone eventuell straff her. I tillegg la høyringsforslaget opp til at den fakultative avslagsgrunnen i lov om nordisk arrestordre § 6 bokstav d, som gjer det mogleg å avslå overlevering til straffullbyrding av ettersøkte busette i Noreg, skal gjelde også for arrestordrar etter parallellavtalen.

Under *høyringa* er det ikkje kome innvendingar mot forslaget om å opne for overlevering av norske borgarar. *Utenriksdepartementet* grunngir si støtte til forslaget slik:

«I lys av den økte mobiliteten i Europa er det rimelig at norske borgere plikter å møte for domstolen der en straffbar handling er begått. Det vil tilsvarende oppfattes som urimelig i vår del av verden dersom en antatt gjerningsperson unndrar seg strafforfølgjing for en straffbar handling begått i Norge ved å ta opphold i statsborgerlandet. Utenriksdepartementet er derfor enig i at Norge ikke skal ta forbehold etter artikkel 7 (2) og slutter seg til den begrunnelse som er gitt i høringsnotatet. I tillegg til de synspunkter som er gitt ovenfor, særlig om garantier for rettferdig rettergang, er det viktig i denne sammenheng at det alltid kan kreves at norske borgere får anledning til å avsone en eventuell straffedom i Norge. Utenriksdepartementet er videre enig i at det skal være grunn for å nekte overlevering av norske borgere til en annen stat som har tatt forbehold for overlevering av egne borgere, jf. lovutkastets § 8 tredje ledd annet punktum.»

Departementet meiner tida er moden for å opne for overlevering av norske borgarar til EU-

statane. Som Utanriksdepartementet har peika på så blir det nok i dag i vår del av verda oppfatta som lite rimelig dersom ein person som ei utanlandsk påtalemakt meiner har gjort seg skyldig i ei straffbar handling, unndrar seg strafforfølgje eller gjer det vanskeleg å strafforfølgje ved å ta opphald i statsborgarlandet. Forslaget har da heller ikkje møtt motstand under høyringa. Departementet legg også vekt på at det er viktig for å realisere formålet med avtalen at det ikkje i unødig grad vert teke atterhald som gir andre reglar for overlevering mellom EU-statane og Noreg enn det som gjeld innanfor EU. Det vises elles til grunngivinga i høyringsnotatet som er sitert ovanfor.

Overfor statar som sjølve ikkje opnar for overlevering av eigne statsborgarar til Noreg, foreslår departementet likevel å lovfeste ein rett til å nekte overlevering av norske borgarar. Men departementet er i etterkant av høyringa kome til at også i desse tilfella bør det vere mogleg å kunne overlevere norske borgarar. At den utferdande staten ikkje sjølv overleverer eigne borgarar, treng ikkje alltid å tilseie at arrestordren skal avslåast. Ein foreslår at departementet i desse tilfella treff den endelege avgjerda om kor vidt overlevering skal skje, etter at retten har treft avgjerd om vilkåra for overlevering. Påtalemakta skal i desse tilfella handsame sakene på vanleg måte, men slik at ho, i staden for sjølv å avgjere arrestordren på grunnlag av retten sin orskurd, sender saka til departementet med si tilråding. Med ein regel som opnar for at overlevering av norske borgarar også skal kunne skje til statar som sjølve ikkje overleverer eigne borgarar til Noreg, gjer ein ikkje heimelen for avslag meir vidtrekkande enn nødvendig.

Å leggje den endelege avgjerda til departementet i dei tilfella arrestordren gjeld norske statsborgarar og er utsteden av ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar til Noreg, samsvarer i og for seg ikkje heilt med tanken om at sentralstyresmaktene ikkje lenger skal ha noko å gjere med overleveringssakene. Men den typen avgjerd det her er snakk om, er av ein slik art at den bør treffast av departementet.

Forslaget i § 10 må elles sjåast i samanheng med forslaget til § 12 andre ledd, som gir enkelte særreglar for norske borgarar.

Departementet understrekar at i høve til andre land enn EU-statane og Island, vil forbodet i utleveringsloven mot utlevering av norske borgarar framleis gjelde.

6.3 Overlevering for politiske lovbrøt

Etter gjeldande rett kan utlevering som utgangspunkt ikkje skje for politiske lovbrøt, jf. utleveringsloven § 5. Kongen kan likevel inngå traktatar om at bestemte typar lovbrøt ikkje skal sjåast på som politiske. Utanriksdepartementet beskriv politiske lovbrøt slik i si høyringsfråsegn:

«[e]n politisk forbrytelse er en handling som i nasjonal rett defineres som sådan, og som gir grunnlag for å nekte utlevering til strafforfølgje i annen stat. Det finnes ingen omforent definisjon av hva en politisk forbrytelse er, men felles for slike handlinger er at de anses å være rettet mot en fremmed makts myndigheter eller samfunnsorden. En forbrytelse kan være av politisk karakter uavhengig av om samme handling ville vært straffbar som forbrytelse mot statens selvstendighet og sikkerhet dersom den var rettet mot norske myndigheter (for eksempel spionasje eller enkelte handlinger forøvet i væpnet konflikt), eller om en tilsvarende handling i Norge ville vært ansett straffri. I denne sammenheng refereres til de konstitusjonelle skranker for utlevering som fremgår av avtalens fortale, punkt 11. Henvisningen til «frihetskjemper» må forstås som en henvisning bl.a. til den greske konstitusjonen artikkel 5 (2) som gir et særlig vern mot utlevering.»

Den europeiske arrestordren tillét ikkje medlemsstatane å nekte overlevering for politiske lovbrøt. Derfor kan verken Finland, Danmark eller Sverige lenger nekte overlevering til andre EU-statar på dette grunnlaget. Heller ikkje etter lov om nordisk arrestordre kan ein arrestordre avslåast med den grunngivinga at lovbrøtet er eit politisk brotsverk.

Også i parallellavtalen er utgangspunktet at overlevering ikkje skal kunne nektast på grunn av at den staten som har motteke arrestordren ser på lovbrøtet som eit politisk brotsverk (artikkel 6 nr. 1). Ein statspart kan likevel ta atterhald om at ein skal kunne avslå på dette grunnlaget, bortsett frå i dei tilfella kor det er snakk om terror og terrorrelaterte straffbare forhold (nr. 2). Men sjølv om ein ikkje tek eit slikt atterhald vil overlevering likevel kunne nektast dersom det ut frå objektive kriterium er grunn til å tru at arrestordren er utferd med det formål å rettsforfølgje eller straffe politiske oppfatningar (artikkel 1 nr. 4).

I høyringsnotatet foreslo departementet å ikkje føre vidare utleveringsloven sitt generelle forbod

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

mot utlevering for politiske lovbrøt for overleveringar omfatta av parallellavtalen. Departementet peika på den aukande tendensen, også utanfor EU og Norden, til å innskrenke eller avskaffe høvet til å nekte utlevering for politiske lovbrøt. Det vart også vist til at ein vesentleg del av grunnen for den generelle unntaksføresegna i utleveringsloven § 5, nemleg at tilsvarande føresegner fanst i lovgivinga i dei andre nordiske landa, er fallen bort med den nordiske og den europeiske arrestordren. Departementet gav vidare uttrykk for at faren for rettsforfølging på grunn av politisk oppfatning er liten innanfor EU, og at tryggleiken som ligg i at overlevering kan nektast når det ligg føre konkrete haldepunkt for at formålet med arrestordren er å rettsforfølgje eller straffe for politisk oppfatning, er tilstrekkeleg som vern mot politisk forfølging.

Det vart likevel foreslått at ein arrestordre som gjeld politiske lovbrøt skal kunne avslåast dersom han er utferda av ein stat som ikkje sjølv overleverer for politiske brotsverk.

Under *høyringa* har ingen av dei som har uttalt seg gått imot forslaget om å avgrense høvet til å avslå overlevering for politiske lovbrøt. *Utanriksdepartementet* grunngir si støtte til forslaget slik:

«I høringsnotatet vises til at unntaket for politiske forbrytelser over tid har fått mindre praktisk betydning, særlig på grunn av utviklingen av den internasjonale strafferetten, hvor opphevelse av unntak for politiske forbrytelser står sentralt. Når internasjonale konvensjoner krever at statspartene etablerer jurisdiksjon over nærmere definerte straffbare handlinger, er det samtidig en forutsetning at statspartenes rettsorden skal verne de interessene som på denne måten er gitt en internasjonal straffereettslig beskyttelse. I mange tilfeller gir slike konvensjoner en forpliktelse til enten å utlevere eller selv strafforfølge lovbrøttere («aut dedere aut judicare»).

De europeiske stater har et felles verdigrunnlag i respekten for menneskerettighetene, demokrati og rettsstatsprinsipper. Et angrep rettet mot statens fundament kan ikke isolert ses som en politisk motivert handling rettet mot et fremmed lands myndigheter, men som et angrep på felles verdier.

Visse typer kriminelle handlinger er dessuten internasjonale etter sin art og anses som et angrep mot det internasjonale samfunn i sin helhet. Dette inkluderer handlinger som kvalifiseres som folkemord, forbrytelse mot menneskeheten, angrep på FN-personell og assosi-

ert personell og krigsforbrytelser. I henhold til prinsippene vedtatt av FNs folkerettskommisjon skal statene, ved utlevering for slike forbrytelser, anse handlingene som begått ikke bare på gjerningsstedet, men også på vedkommendes stats territorium (jf Draft Code of Crimes against the Peace and Security of Mankind, artikkel 10 (4)).

Norge har dessuten akseptert en rekke internasjonale forpliktelser til ikke å anse bestemte forbrytelser som politisk motiverte, og forpliktelse til å utlevere eller strafforfølge personer som har begått nærmere angitte straffbare handlinger, uavhengig av gjerningssted, inkludert i FNs konvensjon mot tvungen forsvinning, 1 artikkel 9 (2) og artikkel 11(1), FNs torturkonvensjon, artikkel 5 (2) og artikkel 8 (4) og en rekke av FNs konvensjoner om bekjempelse av terrorhandling, inkludert konvensjon om bekjempelse av terrorfinansiering, artikkel 6, artikkel 7 (4) og artikkel 14 og konvensjon mot kjernefysisk terrorisme, 2 artikkel 6, artikkel 9 (4) og artikkel 11. Det vises også til oppfordringen i Sikkerhetsrådets resolusjon 1373 (2001), punkt 3 (g) og understrekingen om at «terrorism in all its forms and manifestations constitutes one of the most serious threats to peace and security and that any acts of terrorism are criminal and unjustifiable regardless of their motivations, whenever and by whomsoever committed», (bl.a. i Sikkerhetsrådets resolusjon 1822 (2008)).

Norge har på denne bakgrunn allerede langt på vei forpliktet seg til ikke å anse en terrorhandling som en politisk forbrytelse, og dette omfatter i det alt vesentlige de handlinger som er omfattet av avtalens artikkel 6 (2) bokstav (a) til (c).

Det er viktig å skille spørsmålet om politiske forbrytelser fra spørsmålet om vern mot urettmessig forfølgelse på grunn av politisk oppfatning, seksuell legning, kjønn, rase, religion, etnisk opprinnelse, nasjonalitet eller språk, som er et motstykke til vernet mot forfølgelse gjennom kriteriene for internasjonal status i henhold til flyktningretten. Avtalens artikkel 1 (4) gir et absolutt vern mot slik urettmessig strafforfølging, uavhengig av regelen om politisk forbrytelse. En slik avslagsgrunn må likevel anses å være lite praktisk mellom de europeiske stater.

[...]

Departementet opprettheld forslaget om at ein arrestordre som hovudregel ikkje skal kunne

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

avslåast sjølv om det straffbare forholdet den gjeld blir vurdert som politisk, sjå lovforslaget § 9 første ledd. Ein viser til grunngivinga i høyringsnotatet og til høyringsfråsegna frå Utanriksdepartementet. I tilfelle kor arrestordren er utsteden av ein stat som ikkje sjølv overleverer til Noreg for politiske lovbrodd, foreslår ein at departementet likevel skal ha høve til å avslå arrestordren så langt den gjeld politiske lovbrodd, sjå § 9 andre ledd. Men departementet kan heller ikkje her sjå at det er grunn til å ha ein absolutt regel om såkalla resiprositet, sjå om overlevering av norske borgarar til statar som ikkje sjølve overleverer eigne borgarar under punkt 6.2 ovanfor.

I tilfelle som nemnd i parallellavtalen artikkel 6 nr. 2, vil departementet sjå til at høvet til å avslå ikkje nyttast. Som nemnt av Utanriksdepartementet har Noreg gjennom andre folkerettslege avtalar allereie forplikta seg til ikkje å nekte overlevering for dei terrorhandlingane som her er opprekna med den grunngivinga at dei vert sett på som politiske lovbrodd.

Ved utleveringskrav frå statar utanfor EU vil forbodet i utleveringsloven § 5 framleis gjelde.

6.4 Dobbel strafflegging

Utleveringsloven § 3 nr. 1, jf. også den europeiske utleveringskonvensjonen, set føre at handlinga som ligg til grunn for utleveringskravet, må vere straffbar både i landet som krev utlevering, og etter norsk lov (dobbel strafflegging).

I den nordiske konvensjonen, jf. lov om nordisk arrestordre, er kravet til dobbel strafflegging stort sett avskaffa.

I den europeiske arrestordren er vilkåret om dobbel strafflegging modifisert ved at kravet ikkje skal gjelde for visse opplista handlingar (positivlista) dersom dei i staten som utferdar arrestordren har ei strafferamme på fengsel i minst tre år. Overlevering for andre handlingar enn dei opplista kan gjerast avhengig av dobbel strafflegging.

Parallellavtalen opprettheld som utgangspunkt dobbel strafflegging som vilkår for overlevering (artikkel 3 nr. 2). Dobbel strafflegging kan likevel ikkje krevjast når arrestordren er utferda for medverknad til visse terrorhandlingar, narkotikahandel, drap, grov lekamsskade, kidnapping, ulovleg fridomskenking, gisseltaking og valdtekt som kan straffast med fridomsstraff eller anna fridomskenking i 12 månader eller meir, og som er gjort av fleire i fellesskap (nr. 3).

I tillegg kan avtalepartane velje å erklære at prinsippet om dobbel strafflegging heller ikkje

skal gjelde for visse opplista handlingar, under føresetnaden om at dei i den utferdande staten kan straffast med fengsel eller tilsvarande i minst tre år (nr. 4). Ei slik erklæring vil såleis gjelde handlingar som i den utferdande staten har ei viss strafferamme og dermed blir sedde på som relativt alvorlege. Erklæringa skal gjelde på gjensidig grunnlag. Lista inneheld dei same handlingane som kravet til dobbel strafflegging er avskaffa for innanfor EU (positivlista). Ho kan utvidast ved ny bilateral eller multilateral avtale (artikkel 34 nr. 3).

Handlingane skal gi grunnlag for overlevering «slik de er definert i den utstedende stats lovgivning», utan prøving av dobbel strafflegging. Dette inneber i praksis at det er den utferdande staten sin strafferettslege definisjon av lovbroddet som skal leggjast til grunn. Forenklinga av saksbehandlinga ligg i at den iverksetjande staten ikkje skal gjere noka tilsvarande vurdering av om handlinga blir råka av eit internrettsleg straffebod.

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* å avskaffe kravet om dobbel strafflegging for dei handlingane som er lista opp i artikkel 3 nr. 4, men berre ved overlevering til statar som heller ikkje sjølve krev dobbel strafflegging for overlevering til Noreg for tilsvarande forhold. I høyringsnotatet er spørsmålet drøfta slik:

«Kravet i utleveringsloven om dobbel strafflegging gjer at det på førehand er klart kva for handlingar ein kan vente seg å bli utlevert for. I tillegg kan det hevdast at det er ikkje er rimeleg om Noreg skal setje i verk eit så vidt inngripande tiltak som utlevering eller overlevering, dersom handlinga ikkje er alvorleg nok til at vi i norsk rett har funne grunn til å gjere ho straffbar.

Gjensidig godkjenning av rettslege avgjerder i andre land er på den andre sida eit av kjernepunkta i EUs rammevedtak som avtalen byggjer på: Krav om overlevering skal som utgangspunkt setjast i verk i ein annan statspart. Tanken er at den staten som forfølgjer ei straffbar handling, skal ha både høve og myndigheit til dette. I eit slikt system er det naturleg at kravet om dobbel strafflegging blir avskaffa. Lemping av kravet i utleveringsloven om dobbel strafflegging vil innebere ei tilnærming til den europeiske arrestordren og vil vere med på å forenkle overleveringsprosedyren mellom Noreg og EU ytterlegare, noko som nettopp er føremålet med avtalen. Motsett vil noko av føremålet med arrestordren bli uthola dersom Noreg ikkje lempar på kravet.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Handlingane som er lista opp i artikkel 3 nr. 4, er slike som typisk har eit internasjonalt tilsnitt (terrorisme, menneskehandel, datakriminalitet, flykapring), annan alvorleg kriminalitet som kan vere internasjonal eller ha internasjonale forgreiningar (seksuelt misbruk av barn, drap, valdtekt, ran, sabotasje), og handlingar som i norsk rett har ei relativt låg, alminneleg strafferamme (penge- og dokumentfalsk, overtredding av utlendingsloven og dopingparagrafen), men som typisk er grenseoverskridande i seg sjølv eller er eit ledd i meir omfattande og alvorleg grenseoverskridande kriminalitet. Tanken bak utvalet i lista synest å vere at ho skal omfatte grov, grenseoverskridande kriminalitet. Lovbrota som er førte opp, er i ein viss monn harmoniserte innan EU som følgje av medlemsstatane si tilslutning til ulike europarådskonvensjonar (blant anna terrorisme, menneskehandel, datakriminalitet).

Dei opplista handlingane som ei erklæring eventuelt vil gjelde, er handlingar som uansett stort sett er gjort straffbare i norsk lovgiving. I Noreg har ein tradisjonelt teke i bruk straff i vid utstrekning som verkemiddel mot uønskt åtferd. Av den grunn vil avskaffing av vilkåret om dobbel strafflegging for desse handlingane få avgrensa tyding. Men skildringa av gjerdinga og den nærmare grensedraginga mellom straffbar og lovleg handling kan gjerast på ulikt vis i dei ulike statane, noko som kan føre til at ei handling som er straffri i ein stat, kan straffast i ein annan. Unntaksvis kan det også tenkjast at ein arrestordre vil kunne gjelde ein type handling som ikkje er straffbar etter norsk rett. Enkelte av handlingane på lista gir grunnlag for enkelte særlege merknader:

Deltaking i ein kriminell organisasjon refererer seg truleg til EU sin fellesaksjon mot organisert kriminalitet (98/733/RIA), som blant anna inneheld ein definisjon av kriminell organisasjon og ei plikt for medlemslanda til å kriminalisere ulike former for deltaking i ein slik organisasjon. Kriminaliseringsplikta her kan gjennomførast på to ulike måtar, anten ved strafflegging av deltaking i ein organisasjon («more than two persons») som utfører handlingar med ei strafferamme på meir enn fire år, og/eller strafflegging av det å inngå avtaler om å utføre slike handlingar. Her svarer fellesaksjonen til FN sin konvensjon mot grenseoverskridande, organisert kriminalitet som også krev at statane kriminaliserer anten deltaking i ein organisasjon som utfører visse straffbare handlingar og/eller avtaleinngåing (forbund) om å utføre slike handlingar.

Noreg valde i samband med gjennomføringa av FN-konvensjonen å kriminalisere inngåing av forbund om å gjere visse straffbare handlingar som ledd i verksemda til ei organisert kriminell gruppe, jf. straffeloven 1902 § 162 c. Deltaking i ein kriminell organisasjon som har som føremål å gjere brottsverk, vil likevel kunne råkast av misferdføresegna i straffeloven 1902 § 330, særleg andre straffalternativ som råkar deltaking i foreining som har til føremål å gjere eller oppmuntre til straffbare handlingar. I tillegg kan deltaking i organisasjonar av militær karakter straffast etter straffeloven 1902 § 104 a. Har deltakinga ikkje berre vore passiv, men har ho jamvel innehalde vald, trugsmål etc., er dette handlingar som blir straffa etter eigne straffereglar. Deltaking vil i enkelte andre tilfelle kunne straffast som medverknad til straffbare handlingar som er utførte av andre. Straffeloven 1902 § 162 c er vidareført i straffeloven 2005 § 198. Straffeloven 1902 § 330, som har hatt lita praktisk tyding, og som har ei lite målretta avgrensing, er ikkje vidareført i straffeloven 2005. Straffeloven 1902 § 104 a er, med visse innskrenkingar, vidareført i straffeloven 2005 §§ 128 og 129.

Rasisme og framandfrykt er heller ikkje utan vidare straffbart etter norsk rett. Visse former for diskriminering, blant anna det å nekte ein person varer og tenester på vilkår som gjeld for andre, blir straffa. Enkelte kvalifisert krenkande, diskriminerande og hatefulle ytringar, for eksempel utsegner som oppmodar til eller gir tilslutning til integritetskrenkingar, er også straffbare. Noreg har likevel tatt fleire atterhald til tilleggsprotokollen til Europarådets sin datakrimkonvensjon som gjeld kriminalisering av rasistiske og framandfiendtlege handlingar utførte i eit datasystem.

Tilrettelegging for ulovleg innvandring og opphald blir straffa dersom tilrettelegginga blir råka som brott på utlendingsloven. Utlendingsloven straffar blant anna den som overlèt pass til ein annan når vedkomande veit eller bør forstå at det kan bli brukt av utlending til å reise inn i landet, den som i vinnings hensikt hjelper utlending til ulovleg opphald i riket (kravet om vinnings hensikt fell bort når ny utlendingslov trer i kraft), og den som hjelper utlending til ulovleg innreise i riket.

I tillegg vil føresegnene om dokumentfalsk i straffeloven 1902 §§ 179 – 190 kunne råke det å ha eller produsere dokument for å gjere ulovleg innvandring og opphald mogleg. Noreg har slutta seg til protokollen mot smugling av men-

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

neske over land, sjøvegen og luftvegen til FN-konvensjonen mot grenseoverskridande kriminalitet, noko som inneber at norsk rett skal vere i samsvar med kriminaliseringspliktene i protokollen.

[...]

Ved vurderinga av om det skal lempast på kravet til dobbel strafflegging må ein ta omsyn til at det kan vere ulike grunnar til at ein i norsk rett har unnlåte å kriminalisere ei handling eller har avgrensa skildringa av gjerninga, utan at dette nødvendigvis gjer det urimeleg å overlevere til land som har ei anna tilnærming. Kva for handlingar som er straffbare i ulike land, kjem i ein viss grad av tradisjon, ulike behov, ulik grad av tru på straff som verkemiddel for å regulere åtferd mv. Eksempelvis har ein i norsk rett tradisjonelt vore atterhaldne med å kriminalisere førebuingshandlingar, mens ein ikkje treng å gå lenger enn til Danmark for å finne ein straffelov som har eit generelt straffebod mot slike handlingar (i form av ein vid definisjon av kva som skal reknast som straffbare forsøk).

I forordet i avtalen (punkt 11) er det uttrykksleg sagt at avtalen ikkje er til hinder for at ein stat kan nytte eigne konstitusjonelle reglar om blant anna rettstryggleik (jf. Grunnloven § 96 om lov og dom og § 97 om forbod mot tilbakeverknad), pressefridom, og ytringsfridom i andre medium (Grunnloven § 100). Dette inneber at norske styresmakter ikkje vil ha noka plikt til å overlevere dersom overlevering vil vere i strid med Grunnloven § 96 om lov og dom, § 97 om forbod mot tilbakeverknad, eller § 100 om vern av ytringsfridomen.»

Ingen av dei *høyringsinstansane* som har uttalt seg er imot forslaget om å avskaffe kravet om dobbel strafflegging for dei handlingane som er lista opp i artikkel 3 nr. 4. *Utanriksdepartementet* uttaler at dei er samd i forslaget og at dei sluttar seg til grunngevinga i høyringsnotatet. *Utanriksdepartementet* peikar elles på at det har funne stad ei monaleg harmonisering av nasjonale straffereglar gjennom utviklinga av den internasjonale strafferetten. Dette gjeld fleire av dei lovbrotskategoriane som er rekna opp i artikkel 3 nr. 4, sjølv om dei nærmare konkrete vilkåra for å kunne idømme straff og fastsetting av strafferammer skjer gjennom nasjonal lovgiving. *Utanriksdepartementet* nemner også at nokre av dei handlingane som er lista opp er nærmare definert i EU-retten, og viser til ulovlig innvandring og opphald som eit døme.

Departementet meiner framleis at ein bør avskaffe kravet om dobbel strafflegging for dei

handlingane som er lista opp i artikkel 3 nr. 4. Forslaget har ikkje møtt motstand under høyringa. Ein legg stor vekt på at ei erklæring om at kravet om dobbel strafflegging ikkje skal gjelde for desse handlingane, er viktig for å oppfylle formålet med avtalen. I praksis vil det nok stort sett vere slik at handlinga det gjeld uansett er straffbar i Noreg.

Nokre av høyringsinstansane har etterlyst ei tydeleggjering av lista over handlingar som kravet om dobbel strafflegging ikkje skal gjelde for. Departementet ser behovet for dette og foreslår at lista vert teke inn i forskrift til loven, sjå lovforslaget § 7 tredje ledd som gir heimel for å gi slik forskrift.

Forslaget i høyringsnotatet la elles opp til at norske styresmakter skal avslå ein arrestordre som gjeld ei handling som ikkje er straffbar etter norsk rett dersom handlinga er utført på norsk territorium. Dette er omhandla i punkt 6.6.2.3 nedanfor.

Departementet understrekar at for overlevering for andre straffbare handlingar enn dei som er lista opp, vil hovudregelen framleis vere at det gjeld eit krav om dobbel strafflegging, jf. lovforslaget § 7 første ledd.

6.5 Obligatoriske avslagsgrunnar

Etter artikkel 4 skal ein arrestordre avslåast dersom lovbrottet er omfatta av amnesti i den staten som mottek arrestordren (nr. 1) eller dersom den ettersøkte er under den kriminelle lågaldere (nr. 3). Ein arrestordre skal også avslåast dersom den ettersøkte er endeleg dømd eller frifunnen for den same handlinga i ein stat som er part i avtalen, under føresetnad om at straffa er sona eller er i ferd med å bli sona eller ikkje lenger kan fullbyrdast i den dømande staten (nr. 2).

Føreseigna erstattar Schengen-konvensjonen sin artikkel 54 som av EF-domstolen er tolka slik at han ikkje berre gjeld der det ligg føre rettskraftig dom, men også der det ligg føre ei anna endeleg avgjerd frå ei rettshandhevende myndigheit som hindrar vidare forfølging.

Dei obligatoriske avslagsgrunnane i parallellavtalen er dei same som dei obligatoriske avslagsgrunnane i konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 4, lovfesta i lov om nordisk arrestordre § 5. I denne paragrafen er også EF-domstolen si tolking av Schengen-konvensjonen artikkel 54 innarbeidd ved at både rettskraftige dommar, andre endelege avgjerdar og konfliktrådsavtalar som avskjer vidare strafforfølging i Noreg er gjorde til obligatoriske avslagsgrunnar (bokstav c til h), og ved at anna endeleg avgjerd i ein Schengen-stat er likestilt med dommar.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

I *høyringsnotatet* la departementet opp til at avslagsgrunnane i lov om nordisk arrestordre § 5 vart vidareførte, men med tilføyning av dei valfrie avslagsgrunnane i parallellavtalen som etter departementet si vurdering burde lovfestast som obligatoriske avslagsgrunnar.

Under *høyringa* har *Riksadvokaten* etterlyst ei regulering av tydinga av at det her i Noreg er treft avgjerd om administrativ sanksjon som stengjer for ytterlegare strafforfølgjing her.

Departementet er kome til at også strafforfølgjing, dom og andre endelege avgjerder frå internasjonale straffedomstolar bør nemnast som eit hinder for overlevering. Dei norske gjennomføringslovene om den internasjonale straffedomstolen og Rwanda- og Jugoslaviadomstolane seier at det ikkje kan reisast straffesak eller avseiast dom her i riket for straffbare forhold som er avgjort av desse domstolane. Dette gjeld i høve til Rwanda- og Jugoslaviadomstolane også for forhold som er under handsaming her. Denne nektingsgrunnen er føyd til i lovforslaget § 8 bokstav j.

Lovforslaget § 8 bokstav a til i om obligatoriske avslagsgrunnar vidareførar elles lov om nordisk arrestordre § 5. I bokstav g er det føyd til ei presisering om at innstilling av strafforfølgjinga i Noreg, berre er til hinder for overlevering dersom den ettersøkte før saka vart innstilt hadde vore sikta for forholdet. Det er berre kor ein person har vore sikta at avgrensinga i høvet til å ta opp att forfølgjinga som følgjer av straffeprosessloven § 74 første, femte og sjette ledd, gjeld. Har personen ikkje vore sikta, er det ikkje noko til hinder for å ta opp att forfølgjinga, og innstillinga er derfor i desse tilfella ikkje endeleg.

Bokstav k, som berre gjeld for nordisk-europeiske arrestordrar, er ny, sjå nedanfor.

6.6 Valfrie avslagsgrunnar

Artikkel 5 listar opp ei rekkje valfrie (fakultative) avslagsgrunnar som partane sjølve avgjer om dei vil ta inn i lovgivinga si. Partane avgjer også om dette skal vere ufråvikelege avslagsgrunnar, eller om det skal overlatast til den kompetente myndigheita å avgjere om ein avslagsgrunn skal nyttast. Nokre av desse avslagsgrunnane finn ein att i den nordiske konvensjonen.

6.6.1 Valfrie avslagsgrunnar felles med nordiske arrestordrar

Avtalen opnar for at ein arrestordre kan nektast sett i verk dersom den ettersøkte allereie er under

strafforfølgjing for same forholdet i den staten som vedkomande krevst overlevert frå. Overlevering kan også nektast når staten som tek imot arrestordren, har vedteke anten ikkje å strafforfølgje eller å avslutte strafforfølgjinga. Det same gjeld når vedkomande er rettskraftig dømd i ein tredje-stat, og straffa er sona eller i ferd med å bli sona eller ikkje lenger kan fullbyrdest i høve til lovgivinga i domslandet. Dersom den ettersøkte er statsborgar av staten som tek imot arrestordren og ordren gjeld overlevering til straffullbyrding, kan staten ta på seg å sjølv fullbyrde straffa i staten for å overlevere personen.

Desse valfrie avslagsgrunnane svarer til dei valfrie avslagsgrunnane i konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 5 nr. 1, 3, 4 og 5. Dom i tredjestat, igangsett strafforfølgjing her til lands, og særregelen om mogleg strafforfølgjing her for norske borgarar, er lovfesta som fakultative avslagsgrunnar i lov om nordisk arrestordre § 6 bokstav a, c og d. Dette inneber at det vil vere opp til påtalemakta i det enkelte tilfellet å avgjere om ein av dei skal nyttast. Men avgjerder i Noreg om ikkje å strafforfølgje i form av påtaleunnlatning og innstilling av strafforfølgjing som det ikkje er grunnlag for å omgjere, jf. avtalen artikkel 5 nr. 1 bokstav c og den nordiske konvensjonen artikkel 5 nr. 4, er gjorde til obligatoriske avslagsgrunnar i lov om nordisk arrestordre § 5 bokstav g og h.

Høyringsforslaget la opp til å føre vidare den vedtekne reguleringa for nordiske arrestordrar, men slik at ho i framtida også skulle gjelde nordisk-europeiske arrestordrar. Den fakultative avslagsgrunnen i lov om nordisk arrestordre § 6 bokstav b, som opnar for avslag ut frå eit territorialprinsipp i tilfelle kor forholdet ikkje er straffbart i både den utferdande og den iverksetjande staten, vart foreslått ført vidare som ein særregel for nordiske arrestordrar.

Departementet foreslo også at ein arrestordre for fullbyrding av dom mot ein ettersøkt som berre oppheld seg i Noreg utan å vere busett her, ikkje lenger skulle kunne avslåast mot at norske styresmakter tek på seg å fullbyrde dommen. Slikt avslag er heimla i lov om nordisk arrestordre § 6 første ledd bokstav d. Departementet fann at det ikkje var god nok grunn til å sidestille dei som berre oppheld seg i landet med norske borgarar på dette punktet. Det vart også vist til at opphaldsstatus ikkje er tilstrekkeleg til å kunne stille vilkår om tilbakeføring for soning ved overlevering til strafforfølgjing, sjå lov om nordisk arrestordre § 7 første ledd, jf. lovforslaget §§ 12 andre ledd og 22 andre ledd.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Under *høyringa* har ingen kommentert desse avslagsgrunnane.

Departementet foreslår i lovforslaget § 12, jf. § 19, å føre vidare dei valfrie avslagsgrunnane i lov om nordisk arrestordre § 5, med ei endring for arrestordrar for straffullbyrding som gjeld personar som berre oppheld seg her, sjå lovforslaget § 12 andre ledd, jf. § 19 første ledd bokstav a.

Forholdet til administrative sanksjonar er kommentert i Ot.prp. nr. 39 (2008-2008) om lov om nordisk arrestordre (side 30, andre spalte):

«Departementet legger til grunn at Schengenkonvensjonen artikkel 54 bare gjelder når det foreligger en strafferettslig avgjørelse som avskjærer videre rettsforfølgning. Dersom en ettersøkt har fått en administrativ sanksjon i Norge, og bes utlevert til en annen nordisk stat for det samme forholdet, kan utlevering skje, selv om den administrative sanksjonen i Norge ville vært ansett som straff etter praksis fra den Europeiske menneskerettsdomstol. Dersom den ettersøkte er ilagt en administrativ sanksjon i den samme staten som krever utlevering, vil dette kunne stenge for videre strafforfølgning. Hvorvidt en administrativ sanksjon skal anses som straff i EMKs forstand, kan imidlertid være vanskelig å vurdere. En slik vurdering bør foretas av myndighetene i den stat som krever utlevering, og ikke overprøves av myndighetene i den iverksettende stat.»

Departementet opprettheld vurderinga her.

6.6.2 Valfrie avslagsgrunnar særeigne for nordisk-europeiske arrestordrar

6.6.2.1 Dobbel strafflegging

Avtalen opprettheld som utgangspunkt kravet til dobbel strafflegging ved å opne for at ein arrestordre kan avslåast dersom ikkje kravet er oppfylt (artikkel 5 nr. 1 bokstav b). Når det gjeld skattar og avgifter, toll og valuta, er det presisert at vilkåret om dobbel strafflegging ikkje gir grunnlag for å avslå arrestordren berre fordi lovgivinga i den iverksetjande staten ikkje skriv ut same typen skatt eller avgift. Presiseringa svarer i det vesentlege til artikkel 2 i andre tilleggsprotokoll til utleveringskonvensjonen, som Noreg har ratifisert utan atterhald for denne artikkelen.

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* at kravet til dobbel strafflegging berre skulle avskaffast for dei handlingane som er lista opp i artikkel 3 nr.

4, jf. ovanfor under punkt 6.4. I andre tilfelle vart det lagt opp til at manglande oppfylting av kravet til dobbel strafflegging skulle vere ein obligatorisk avslagsgrunn. Det vart vist til at også Danmark, Sverige og Finland har halde på kravet om dobbel strafflegging for andre handlingar enn dei som er lista opp.

Departementet la vidare til grunn at det ikkje var behov for noko presisering om fiskale lovbrøt. Det var vart vist til at eit krav om dobbel strafflegging i den norske gjennomføringsloven, må skjønast slik at det ikkje hindrar overlevering for fiskale lovbrøt som nemnde i avtalen artikkel 1 b).

Det har under *høyringa* ikkje kome innvendingar til desse forslaga.

Departementet viser til vurderingane i høyringsnotatet og foreslår lovfesta ein hovudregel om krav til dobbel strafflegging ved overlevering til ikkje-nordiske EU-statar, sjå lovforslaget § 7 første ledd.

6.6.2.2 Forelding

Artikkel 5 nr. 1 bokstav d opnar for at ein arrestordre kan avslåast dersom saka er forelda etter loven i den iverksetjande staten og handlingane etter reglane i dette landet fell innanfor eigen jurisdiksjon.

Av utleveringsloven § 9 følgjer at forelding etter norsk lov som hovudregel er til hinder for utlevering, med mindre det er snakk om dei mest alvorlege tilfella av folkemord, brot mot menneskeheita eller krigslovbrøt.

Forelding er etter den svenske loven om overlevering i høve til ein arrestordre (2 kap. 5 § nr. 6) ein obligatorisk avslagsgrunn dersom handlinga heilt eller delvis er gjort i Sverige eller er gjort av svensk borgar. I Finland er forelding ein obligatorisk avslagsgrunn, men avgrensa til dei tilfella kor handlinga reknast for gjort heilt eller delvis i Finland eller om bord på finsk fartøy eller luftfartøy (territorialprinsippet). I Danmark er forelding ein valfri avslagsgrunn, jf. dansk utleveringslov § 10 e.

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* at forelding etter norsk lov berre skulle vere ein obligatorisk avslagsgrunn dersom handlinga heilt eller delvis har skjedd i Noreg eller dersom den ettersøkte er norsk statsborgar. Det vart vist til at avtalen byggjer på prinsippet om gjensidig godkjenning og på tanken om at den staten som forfølgjer ei straffbar handling, skal ha både høve og myndigheit til dette. Da burde ikkje foreldingsreglar vere til hinder for strafforfølgning eller straffullbyrding dersom handlinga i sin heilskap var utført i utlandet. Samtidig gav departementet uttrykk for

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

at det kunne vere grunn til å gi norske borgarar eit ekstra vern i foreldingstilfella.

Riksadvokaten har ikkje alvorlege innvendingar mot eit ekstra vern for norske borgarar ved forelding, men er usikker på om eit slikt unntak er tilstrekkeleg viktig til at ein bør bryte med prinsippet om gjensidig godkjenning av dei andre landa sine rettssystem.

Departementet er kome til at det kan reisast prinsipielle innvendingar mot forslaget om at ein arrestordre som gjeld ein norsk statsborgar alltid skal verte avslått dersom handlinga er foreldad etter norsk rett, uavhengig av kor handlinga er gjort. Ein følgjer derfor ikkje opp høyringsforslaget på dette punktet. Men departementet går framleis inn for å behalde forelding som ein obligatorisk avslagsgrunn dersom den aktuelle handlinga er gjort på norsk territorium eller territorium som ligg under norsk jurisdiksjon, sjå lovforlaget § 8 bokstav k.

6.6.2.3 Handling gjort på eige territorium

Etter artikkel 5 nr. 1 bokstav g alternativ i kan ein arrestordre avslåast dersom handlinga heilt eller delvis er gjort på territoriet til staten som tek imot ordren eller på ein stad som kan likestillast med det (territorialprinsippet). Dette inneber at ein stat ikkje pliktar å overlevere dersom handlinga er gjort heilt eller delvis på eige territorium, anten staten sjølv vel å strafforfølgje eller ikkje.

Utleveringsloven har ikkje nokon særskilt regel for slike tilfelle.

Verken dansk, svensk eller finsk rett tillét overlevering i tilfelle kor handlinga heilt eller delvis er utført innanlands og ikkje er straffbar etter intern rett, jf. den danske utleveringsloven § 10 f, den svenske loven om overlevering i høve til ein arrestordre 2. kap. 5 § nr. 7, og den finske loven om utlevering mellom Finland og dei andre EU-medlemsstatane 5 § 5 mom. bokstav a (som også gjeld når handlinga er gjort på finske fartøy).

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* å lovfeste som ein obligatorisk avslagsgrunn at handlinga heilt eller delvis er utført i Noreg eller på norske jurisdiksjonsområde mv. og ikkje er straffbar etter norsk rett. Departementet viste til at avslag på ein arrestordre berre er mogleg dersom det ligg føre ein avslagsgrunn, og at ein derfor ikkje i denne omgang burde opne for overlevering til strafforfølgjing eller straffullbyrding i ein EU-stat utanfor Norden i desse tilfella. Forslaget er ikkje kommentert under *høyringa*.

Departementet opprettheld forslaget om at ein arrestordre skal verte avslått dersom handlinga heilt eller delvis er utført i Noreg eller på norske jurisdiksjonsområde mv., jf. straffeloven 1902 § 12 og straffeloven 2005 § 4, og ikkje er straffbar etter norsk rett, sjå lovforlaget § 8 bokstav k. Departementet ser det som eit poeng i seg sjølv at ein ved gjennomføringa av avtalen i norsk rett legg seg på same linje som dei andre nordiske landa der ikkje særleg gode grunnar taler mot det. Det har heller ikkje kome innvendingar mot dette forslaget under høyringa.

6.6.2.4 Manglande jurisdiksjon utanfor eige territorium

Ein arrestordre skal etter artikkel 5 bokstav g alternativ ii kunne avslåast dersom handlinga er gjort utanfor territoriet til staten som ber om overlevering, og den stat som tek imot arrestordren ikkje har jurisdiksjon til å forfølgje same handling dersom ho er gjort utanfor eige territorium. Dette inneber at mangel på ekstraterritoriell jurisdiksjon i den iverksetjande staten får avgjerande tyding for overleveringsplikta i tilfelle der den utferdande staten forfølgjer ei handling utført utanfor eige territorium. Føresegna svarer til utleveringskonvensjonen artikkel 7 nr. 2.

Utleveringsloven har ikkje noko særskilt regulering av desse tilfella.

I Danmark og Finland har ein valt å lovfeste høvet til avslag som følgjer av avtalen artikkel 5 bokstav g alternativ ii) som ein fakultativ avslagsgrunn, jf. den danske utleveringsloven § 10 f nr. 2 og den finske loven om utlevering mellom Finland og dei andre EU-medlemsstatane 6 § nr. 8. I Sverige har ein ikkje lovfesta denne moglege avslagsgrunnen.

I *høyringsnotatet* la departementet til grunn at situasjonen som er skildra i artikkel 5 nr. 1 bokstav g alternativ ii) truleg er lite praktisk, blant anna fordi jurisdiksjonsføresegna i straffeloven 1902 § 12, jf. også straffeloven 2005 § 5, femnar vidt. Departementet gav derfor uttrykk for tvil om det var behov for å lovfeste dette som ein obligatorisk eller valfri avslagsgrunn og bad om høyringsinstansane sine synspunkt på dette.

Under *høyringa* har *Østfold politidistrikt* foreslått, med tilvising til lovreguleringa i dei finske og danske lovene, at denne avslagsgrunnen lovfestast som ein valfri avslagsgrunn.

Departementet kan ikkje sjå at det er påvist noko eigentleg behov for å lovfeste denne avslagsgrunnen og foreslår derfor at ein lar vere.

7 Spesialitetsprinsippet. Vidare overlevering/utlevering

Spesialitetsprinsippet inneber at ein person som er utlevert, som hovudregel ikkje kan strafforfølgjast eller få fullbyrda straff mot seg for andre straffbare forhold som er utførte før utleveringsoppmodinga vart send enn dei forholda som ligg til grunn for utleveringa. Utleveringa gjeld berre for dei forholda som utleveringsvedtaket gjeld, og berre til fordel for den staten som har fått personen utlevert. Prinsippet er eit utslag av at det i utgangspunktet er opp til den enkelte staten å bestemme både om og for kva for handlingar utlevering av personar som oppheld seg på staten sitt territorium skal skje. Den staten som har sett fram krav, og som eventuelt får personen utlevert, må respektere det utanlandske vedtaket.

Spesialitetsprinsippet er med på å sikre at vilkåra som gjeld for utlevering blir reelle. Ein unngår at ein person blir utlevert for eit forhold, men strafforfølgd for noko heilt anna eller meir. Kontrollen av om vilkåra er oppfylte i høve til den enkelte straffbare handlinga, inneber eit vern for den som blir kravd utlevert.

Vernet som ligg i spesialitetsprinsippet gjeld berre for forhold gjort før utleveringa. Den staten som har fått personen utlevert står fritt til å strafforfølgje eller fullbyrde straff for forhold gjort etter utleveringa.

Dei omsyna som ligg bak spesialitetsprinsippet ligg også til grunn for hovudregelen i utleveringsretten om at ein person ikkje utan vidare kan utleverast vidare.

I utleveringsloven § 12 nr. 1 bokstav a er spesialitetsprinsippet lovfesta i form av eit krav om at det for utlevering blir sett som vilkår at den utleverte ikkje skal strafforfølgjast eller sone straff for andre forhold som har skjedd før utleveringa enn dei han er utlevert for. Men dette gjeld ikkje dersom departementet samtykkjer, dersom personen har late vere å forlate det landet han er utlevert til sjølv om han i 45 dagar uhindra har kunna gjere det, eller dersom vedkomande frivillig har vendt tilbake etter først å ha forlate landet. Dette er klassiske unntak frå spesialitetsprinsippet som ein også finn i utleveringskonvensjonen artikkel 14. Han må heller ikkje utleverast vidare til ein tredje stat i andre enn dei nemnde tilfella (bokstav b).

I lov om nordisk arrestordre er hovudregelen at strafforfølging og straffullbyrding også kan skje for forhold som er gjort før overleveringa. Spesialitetsprinsippet er såleis i monaleg grad modifisert. Personen som blir overlevert kan som hovudregel også overleverast vidare til ein annan nordisk stat. For overlevering eller utlevering vidare til ein stat utanfor Norden er spesialitetsprinsippet oppretthaldt.

Parallellavtalen, som her er likelydande med den europeiske arrestordren, opprettheld som utgangspunkt spesialitetsprinsippet (artikkel 30 nr. 2), men gjer samtidig ei rekkje unntak (nr. 3). For det første er det gjort unntak for dei klassiske situasjonane nemnde ovanfor (artikkel 30 nr. 3 bokstav a og g). I tillegg så skal spesialitetsprinsippet heller ikkje gjelde dersom den handlinga det er snakk om å strafforfølgje for, ikkje kan straffast med fridomstap eller tiltak som innskrenkar personen sin personlege fridom, eller dersom «personen kan bli gjenstand for straff eller tiltak som ikkje omfatter frihetsberøvelse, særleg økonomisk straff eller tiltak i stedet for dette, selv om straffen eller tiltaket kan medføre en begrensning i hans eller hennes personlige frihet» (bokstav b, c og d). Også samtykke frå den overleverte gir grunnlag for strafforfølging for handlingar gjort før overleveringa (bokstav e og f). Stort sett gjeld dei same reglane for overlevering vidare. Utlevering vidare (til statar utanfor Norden og EU), skal derimot ikkje skal skje utan samtykke frå staten som overleverte personen.

Avtalen opnar for at statane kan erklære at andre statar som har gitt ei tilsvarende erklæring, kan leggje til grunn at samtykke til strafforfølging mv. for andre straffbare forhold som er gjort før overleveringa, og til overlevering vidare, er gitt om ikkje iverksetjande myndigheita seier noko anna i den enkelte avgjerda om overlevering (artikkel 30 nr. 1). Ei slik erklæring skal gjelde overfor statar som har gitt same erklæring (gjensidigheit).

I Sverige har ein valt å gjere strafforfølging og fullbyrding av straff for forhold som ikkje er omfatta av overleveringa, avhengig av løyve. Det same gjeld for overlevering og utlevering vidare.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Løyve set føre at dei alminnelege vilkåra for overlevering eller utlevering er til stades. Også i dansk og finsk rett er utgangspunktet at spesialitetsprinsippet gjeld.

I *høyringsnotatet* la departementet opp til at spesialitetsprinsippet framleis skulle gjelde, men med dei unntaka som krevst etter avtalen, jf. artikkel 30 nr. 2 og 3.

Dette er ikkje kommentert av *høyringsinstansane*.

Som nemnt er kontrollen med om vilkåra for overlevering er oppfylte for den enkelte handlinga, med på å sikre at vernet som ligg i dette for den ettersøkte ikkje blir uthola. D e p a r t e m e n t e t foreslår derfor ikkje at Noreg gir noko erklæring om at samtykke til strafforfølgjing for andre forhold gjort før overleveringa skal leggjast til grunn som gitt om ikkje noko anna går fram av det norske vedtaket om overlevering. Departementet foreslår lovføresegner som inneber at spesialitetsprinsippet vil gjelde så langt parallellavtalen ikkje gjer unntak.

Spesialitetsprinsippet og avgrensingane i høvet til overlevering eller utlevering vidare gjer det nødvendig med reglar om i kva tilfelle norsk påtalemyndighet kan gi samtykke til strafforfølgjing eller til over- eller utlevering for forhold gjort før overleveringa frå Noreg og kva sakshandsamingsreglar som skal gjelde i slike tilfelle. I tillegg må ein regulere i kva mon norske styresmakter kan

strafforfølgje eller over- eller utlevere vidare personar som er blitt overleverte hit for andre forhold gjort før overleveringa.

I kva grad styresmaktene i den staten som har fått ein person overlevert frå Noreg kan strafforfølgje for andre forhold eller over- eller utlevere vidare, følgjer av parallellavtalen og konvensjonen om nordisk arrestordre. Den staten som tek imot personen er folkerettslig bunden til å overhalde desse reglene. Om norske styresmakter uttrykkelig set vilkår i samband med avgjerda om å etterkome arrestordren, har dermed ikkje noko å seie for i kva mon den staten personen skal overleverast til faktisk kan strafforfølgje for andre forhold eller over- eller utlevere vidare. I motsetnad til i høyringsnotatet har ein valt ikkje å ta med føresegner om at det skal settjast vilkår med same innhald som avtalen sine føresegner om spesialitetsprinsippet i artikkel 30 og 31, og dei tilsvarande føresegnene i den nordiske konvensjonen artikkel 23 og 24. Dette gir ei enklare regulering av spesialitetsprinsippet samanlikna med høyringsnotatet. I samband med overlevering av norske borgarar er det likevel behov for å stille enkelte vilkår.

Føresegner som regulerer spesialitetsprinsippet er tekne inn i lovforslaget §§ 15 første ledd, 16, 22 første ledd, 23, 24, 28, 36 og 37. Ein viser til merknadene til desse føresegnene.

8 Forholdet til menneskerettane og folkeretten elles

Dei grunnleggjande menneskerettane er omtalt i forordet til avtalen. Her blir det slått fast at avtalen respekterer grunnleggjande rettar, særleg Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK), og at avtalen ikkje er til hinder for at ein stat kan nytte eigne konstitusjonelle reglar om blant anna rettstryggleik, foreiningsfridom og ytringsfri-dom. Det er også stadfesta at ingen må utleverast til ein stat der det er alvorleg fare for at vedkommande vil bli utsett for dødsstraff, tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling eller straff, jf. høvesvis tilleggsprotokoll nr. 6 artikkel 1 til EMK og andre tilleggsprotokoll til den internasjonale konvensjon om sivile og politiske rettar (SP), og EMK artikkel 3 og SP artikkel 7.

EMK er ratifisert av alle EU sine medlemsstatar og Island og Noreg og alle desse landa har akseptert den individuelle åtgangen til å klage til Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD). EMK artikkel 3 om forbod mot tortur inneber ikkje berre at dei nasjonale myndighetene sjølve skal avstå frå tortur, men også at dei same myndighetene har eit ansvar for å sørge for at personen ikkje blir utsett for tortur av andre. Det er slått fast i rettspraksis frå EMD at det vil vere brot på artikkel 3 å utlevere ein person til ein stat dersom det kan forventast at han eller ho vil bli utsett for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling. Det er i teorien teke opp at det same forbodet mot utlevering/overlevering gjeld i tilfelle der det kan ventast grove brot på artikkel 5 (retten til fridom og tryggleik) eller artikkel 6 (retten til ei rettferdig domstolsbehandling).

EMK er inkorporert i norsk rett gjennom lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av stillinga til menneskerettane i norsk rett (menneskerettsloven), sjå føresegna om forrang ved motstrid i § 3. Dersom utlevering/overlevering vil vere i strid med EMK, kan såleis utlevering/overlevering ikkje skje. Utleveringsloven inneheld ikkje noko eiga føresegn om loven sitt forhold til menneskerettane, men føresegnene i §§ 6 og 7 kjem inn på enkelte sider av desse rettane. Lov om nordisk arrestordre inneheld ikkje noko føresegn om for-

holdet til menneskerettane, og fare for brot på desse rettane er ikkje lovfesta som avslagsgrunn.

Den danske utleveringsloven § 10 h inneheld eit uttrykkeleg forbod mot utlevering til EU-statar ved fare for etnisk, religiøs eller politisk forfølgning og ved fare for tortur eller anna umenneskeleg eller nedverdiggande behandling. Den svenske loven om overlevering frå Sverige i høve til ein europeisk arrestordre 2 kap. 4 § nr. 2, nemner strid med EMK med tilleggsprotokollar som eit hinder mot overlevering. I den finske loven er både fare for forfølgning og brot på menneskeretter eller grunnlovsfesta rettar nemnd i føresegna om ufråvikelege avslagsgrunnar, sjå den finske loven 2 kap 5 §.

I *høyringsnotatet* peika departementet på at ein ikkje hadde funne at det var behov for ei føresegn i lov om nordisk arrestordre om at ein nordisk arrestordre skal avslåast ved fare for brot på fundamentale rettar, sjå drøftinga i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008) punkt 4.1.5. Departementet bad om høyringsinstansane sitt syn på om den endra loven burde innehalde ei eiga føresegn om at overlevering ikkje kan skje ved fare for brot på fundamentale rettar.

Utanriksdepartementet uttaler i si *høyringsfråsegn* at dei er samd i at det ikkje er påkravd med noko eiga føresegn om at overlevering ikkje kan skje om det vil vere i strid med menneskerettsloven. Utanriksdepartementet meiner likevel det er grunn til å ta inn ein meir generell folkerettsreservasjon som samtidig vil ivareta forholdet til menneskerettsloven, og viser her særleg til avtalen si føresegn om privilegium og immunitet.

Østfold politidistrikt og *riksadvokaten* er for ei lovfesting av menneskerettane som avslagsgrunn. Riksadvokaten meiner samtidig at ein i så fall også bør lovfeste andre liknande avslagsgrunner, slik som fare for forfølgning for politisk oppfatning, religion mv. og motstrid med Grunnloven sine føresegner.

Som nemnt i høyringsnotatet vil ei eiga føresegn om at overlevering ikkje kan skje ved fare for brot på fundamentale rettar, ikkje ha noko tyding for rettstilstanden. Det vil dessutan følgje av ei generell tilvising til straffeprosessloven at loven

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

gjeld med dei avgrensingane som følgjer av folkeretten, som menneskerettane utgjer ein del av, sjå lovforslaget § 3 jf. straffeprosessloven § 4. Departementet har likevel tatt inn ein generell folkerettsreservasjon i lovforslaget § 2. I tillegg har ein valt å foreslå at strid med EMK blir

lovfesta som ein obligatorisk avslagsgrunn, sjå forslaget til § 8 andre ledd. Ein finn det ikkje nødvendig med ei uttrykkeleg føresegn om forbod mot forfølging som omhandla i avtalen artikkel 1 nr. 4.

9 Særlege vilkår for overlevering

Utleveringsloven § 12 nr. 2 gir ein generell heimel for å stille dei vilkåra for utlevering «som det finnes grunn til.» I tillegg følgjer det av nr. 1 at utlevering berre kan skje på bestemte vilkår.

Artikkel 8 i avtalen gir høve til å stille tre typar vilkår for overlevering: Den iverksetjande staten kan krevje at den utferdande staten sørgjer for at den som blir overlevert får høve til å krevje saka handsama på ny dersom den opphavlege dommen/vedtaket er avsaagd i den dømde sitt fråvær og utan at vedkomande har vore innkalla til rettsmøtet (nr. 1). Er det er høve til å straffe den overlevte med fridomstap på livstid, kan overlevering gjerast avhengig av at den utferdande staten forsi-krar at han vil vurdere straffa eller tiltaket på opp- moding eller seinast etter 20 år (nr. 2). Den iverk- setjande staten kan også setje som vilkår for over- levering av ein borgar av eller ein busett i staten at vedkomande blir tilbakeført for soning (nr. 3).

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* å lov- feste høve til å stille som vilkår for overlevering av norske borgarar og personar busette her at dei blir sende tilbake for soning i Noreg etter eventu- ell domfelling. Ein foreslo også at eit krav om at det vert stilt vilkår som nemnt i artikkel 8 nr. 1 ved overlevering på grunnlag av fråværsdom. For- slaga er ikkje kommentert av *høyringsinstansane*.

Departementet gjer merksam på at vil- kåra som er omtalt i artikkel 8 nr. 1 og 2 gjeld enkelte spesielle rettar som uansett følgjer av EMK. EMD har uttalt at gjennomføring av doms- forhandling utan at den tiltalte er til stades, ikkje i seg sjølv er i strid med konvensjonen (artikkel 6 om rettferdig domstolsbehandling), men dette

gjeld under føresetnad om at vedkomande i etter- kant kan få saka handsama på ny for ein domstol som han møter for og som prøver både dei fak- tiske og dei rettslege spørsmåla i saka, sjå Poitrimol mot Frankrike (dom 23. november 1993, para. 31). Konvensjonen er heller ikkje til hinder for at vaksne personar vert idømd livsvarig feng- sel. Men det kan vere problematisk opp mot for- bodet mot tortur i artikkel 3 dersom ein livstids- dømd ikkje har noko som helst høve, sjølv i spesi- elle tilfelle, til å bli lauslaten, sjå mellom anna Léger mot Frankrike (dom 11. april 2006, para. 90).

Sjølv om ei føresegn om at det kan stillast sær- lege vilkår i tilknytning til fråværsdommar og livs- tidsstraff ikkje vil gi uttrykk for stort meir enn det som uansett følgjer av menneskerettslova, finn departementet at det kan vere grunn til å krevje uttrykkelege stadfestingar frå den utferdande sta- ten i begge desse tilfella, sjå lovforslaget § 11. Dette legg også arrestordreskjemaet opp til, sjå vedlegget til avtalen. Nøyaktig kva som skal måtte stadfestast, må tolkast i lys av praksis frå EMD.

Departementet opprettheld forslaget om at det ved overlevering av norske borgarar og personar busett her, skal kunne stillast vilkår om at perso- nen, etter eventuell domfelling, blir send tilbake for soning i Noreg, sjå lovforslaget § 15 andre ledd. Ein viser til liknande føresegner i svensk, dansk og finsk lovgiving og til at dette er eit vilkår for overlevering av personar som nemnt innanfor Norden, sjå lovforslaget § 22 andre ledd som fører vidare lov om nordisk arrestordre § 7.

10 Prosedyrane for overlevering

10.1 Krav til innhaldet i ein arrestordre

Ifølgje utleveringsloven § 13 nr. 2 skal eit utleveringskrav innehalde opplysningar om statsborgarskapen til vedkomande person, opphaldsstaden hans her i riket, om han er kjend, og arten av, tida og staden for handlinga. Signalement skal om mogleg givast, og det skal følgje med avskrift av dei aktuelle straffeføresegnene. Dei relevante rettsavgjerdene skal også vere vedlagt.

Parallellavtalen sine krav til innhaldet i og forma på ein arrestordre går fram av artikkel 11. Krava er dei same som etter konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 7. Det skal blant anna bli gitt opplysningar om dokumentasjon på rettskraftig dom, arrestordre eller anna rettskraftig vedtak med same verknad. Innhaldskrava går fram av lovforslaget § 5 første ledd.

Verken etter den europeiske arrestordren eller parallellavtalen er det nødvendig å leggje ved dommen eller avgjerda som ligg til grunn for arrestordren. Dette er ein konsekvens av prinsippet om gjensidig godkjenning. Iverksetjande myndigheit skal heller ikkje prøve om dommen eller pågripingsavgjerda som er avsagd eller treft i den utferdande staten er korrekt, eller om det ligg føre skilleg grunn til mistanke om straffbart forhold.

I praksis vil dei fleste etterlysingar med tanke på overlevering bli sette fram via Schengen informasjonssystem (SIS). SIS er eit databasert register til bruk for alle statar som deltar i Schengen-samarbeidet, og registeret utgjer eit vesentleg element i dette samarbeidet. På nærmare bestemte vilkår kan medlemsstatane utveksle visse typar informasjon via registeret, mellom anna opplysningar om personar som er ettersøkte med sikte på pågriping og utlevering for straffbare handlingar.

Per i dag kan ikkje alle dei opplysningane som ein arrestordre skal innehalde bli registrerte i SIS. Men arbeidet med å skipe SIS II, andre generasjon av SIS, er i gang. Når SIS II er på plass, vil det vere mogleg å registrere ein kopi av ein europeisk arrestordre i systemet. Arbeidet med SIS II er dessverre forseinka, og ein veit ikkje når det nye systemet vil vere operativt.

For å lette samarbeidet fram til dei tekniske føresetnadene for å ta i bruk SIS II er på plass, inneheld både den europeiske arrestordren, parallellavtalen og konvensjonen om nordisk arrestordre ei føresegn om at ei registrering i SIS skal vere jamgod med ein arrestordre inntil iverksetjande myndigheit får sendt over arrestordren i føreskriven form, jf. parallellavtalen artikkel 12 nr. 3. Departementet foreslår at denne blir gjennomført i form av ei føresegn om at ei SIS-etterlysing, eller ei tilsvarande etterlysing, for eksempel gjennom Interpol, som gjeld overlevering innanfor loven sitt verkeområde, skal jamstilast med ein arrestordre inntil denne blir motteken, jf. lovforslaget § 25 tredje ledd.

10.2 Oversending og mottak av arrestordrar

Etter utleveringsloven skal krav om utlevering som utgangspunkt fremjast via diplomatiske kanalar. Men innanfor Schengen-samarbeidet, som parallellavtalen vil erstatte når det gjeld overlevering til og frå EU sine medlemsstatar, blir utleveringskrav utveksla mellom utpeikte departement i dei enkelte landa. I Noreg er det Justisdepartementet som tek imot og fremjar slike krav.

Etter lov om nordisk arrestordre § 9 skal arrestordren sendast politimeisteren på den staden den ettersøkte oppheld seg. Er opphaldsstaden ukjend, sendast arrestordren til Kripos.

Etter parallellavtalen artikkel 9 skal ein arrestordre, i tilfelle der det er kjend kvar den som blir kravd overlevert oppheld seg, kunne oversendast direkte til den iverksetjande rettsmyndigheita. Kven som skal vere iverksetjande myndigheit, avgjer statane sjølv.

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* at både nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar skulle sendast politimeisteren på den staden den ettersøkte oppheld seg, eventuelt til Kripos ved ukjend opphaldsstad. Det vart vist til at det er politiet som eventuelt skal pågripe og at det venteleg er slik at dersom arrestordren går direkte til politimeisteren, unngår ein kan hende tap av tid. Det

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

vart samtidig bedt om høyringsinstansane sitt syn på om nordisk-europeiske arrestordrar heller burde takast imot av statsadvokaten.

Det nasjonale statsadvokatembetet meiner det ikkje er praktisk at statsadvokatane skal vere førstehands mottakarar av arrestordrar. I fråsegna er det vist særleg til at utanlandske hastetilfelle gjer det nødvendig og ønskeleg at arrestordrane vert sende direkte til politiet som, i motsetnad til statsadvokatane, har 24-timers beredskap. Embetet meiner samtidig at politiet bør verte pålagt ei plikt til å varsle statsadvokaten i dei meir alvorlege tilfella. *Oslo politidistrikt* gir uttrykk for dei same synspunkta. *Riksadvokaten* støtter også forslaget om at begge typar arrestordrar bør sendast politiet og skriv i fråsegna at embetet i samband med ikraftsetjinga vil vurdere om det skal givast retningslinjer for politiets plikt til å varsle statsadvokaten.

Både *Gudbrandsdal politidistrikt* og *Østfold politidistrikt* meiner påtalemakta i politiet bør vere mottakar av begge typar arrestordrar. Begge instansane viser til at både omsynet til like reglar for nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar og omsynet til effektivitet tilseier det.

Departementet legg til grunn at den praktiske hovudregelen vil vere at personar som ein Schengenstat ønskjer å få pågripen og overlevert på grunnlag av ein arrestordre, vert etterlyste i SIS. Dette fordi den utferdande staten anten ikkje veit kor den ettersøkte oppheld seg eller fordi ein ikkje kan vere sikker på kor vedkomande er eller om han eller ho flytter seg over landegrensene. Departementet viser elles til høyringsfråsegnene og opprettheld forslaget om å lovfeste at politimeisteren på den staden den ettersøkte oppheld seg, eventuelt Kripos, skal vere kompetente myndigheiter for mottak også av nordisk-europeiske arrestordrar. Ein viser også til grunngevinga i høyringsnotatet.

10.3 Undersøking, bruk av tvangsmiddel og rettane til den ettersøkte

10.3.1 Gjeldande rett. Avtalen sine føresegner

Etter gjeldande rett gjennomfører påtalemakta dei undersøkingane som er nødvendige for å avgjere om vilkåra for utlevering er oppfylte, jf. utleveringsloven § 14 nr. 2. Samtidig skal det oppnast forsvarar for den ettersøkte, jf. § 16 nr. 1. Ved behandlinga av kravet har ettersøkte dei rettane som følgjer av straffeprosessloven, jf. § 14 nr. 3. Dette inneber blant anna at når den ettersøkte blir

pågripen, skal han informerast om innhaldet i kravet og grunnlaget for det, og bli gitt høve til å forklare seg for politiet, jf. straffeprosessloven §§ 177 og 180.

Bruken av tvangsmiddel til fremje av påtalemakta si undersøking og for å sikre utlevering er regulert i utleveringsloven § 15. Tvangsmiddel kan nyttast i same utstrekning som ved strafforfølgging her i landet. Når retten skal avgjere om vilkåra for å nytte eit tvangsmiddel er oppfylte, kan han leggje til grunn rettsavgjerda som følgjer med utleveringskravet utan ytterlegare prøving.

Etter parallellavtalen artikkel 14 skal den ettersøkte ved pågripinga bli informert om arrestordren og innhaldet i han og om høvet til å samtykke til overlevering. Den ettersøkte har rett til tolk og advokathjelp i samsvar med nasjonal rett. Etter artikkel 15 skal varetektsfengsling nyttast i samsvar med nasjonal lovgiving. Men andre punktum må ein forstå slik at den staten som mottak arrestordren, plikter å fengsle dersom dette er nødvendig for å hindre at den ettersøkte unndrar seg rettsforfølgging.

Desse føresegnene er likelydande med dei tilsvarende føresegnene i konvensjonen om nordisk arrestordre, gjennomførte i lov om nordisk arrestordre § 10. Etter lov om nordisk arrestordre skal pågriping skje om det ikkje er openbart at det ligg føre ein obligatorisk avslagsgrunn eller at ein fakultativ avslagsgrunn vil bli nytta. Fengsling kan skje dersom dei vanlege vilkåra i straffeprosessloven §§ 171 eller 172, jf. § 170 a, er til stades. Men i tråd med prinsippet om gjensidig godkjenning er det bestemt at tingretten, når han avgjer fengslingsspørsmålet, skal leggje til grunn opplysningane i arrestordren, med mindre desse openbert er feil. Dette inneber at tingretten ikkje skal prøve det faktiske eller rettslege grunnlaget for pågripingsavgjerda eller anna avgjerd som arrestordren byggjer på. I praksis tyder dette blant anna at retten ikkje skal prøve om det ligg føre slik skilleg grunn til mistanke som krevst etter straffeprosessloven § 171. Men tilvisinga til straffeprosessloven §§ 171 og 172 må innebere at mellom anna strafferammekravet i § 171 første ledd, også gjeld ved fengsling på grunnlag av ein nordisk arrestordre. Fengslingsfristen må ikkje overstige to veker, men han kan lengjast med to veker av gongen.

10.3.2 Andre nordiske lands rett

I *Sverige* har ein lovfesta ein presumsjon for at den ettersøkte skal misse fridomen i påvente av overlevering. Etter den svenske loven om overlevering i høve til ein europeisk arrestordre 4 kap., 6 §, jf. 5

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

§, skal retten skal treffe avgjerd om fengsling med mindre vilkåra for overlevering ikkje er til stades eller det «inte finns risk för att den eftersökte avviker eller på annat sätt undandrar sig ett överlämnande». Føreseigna inneber at ein berre skal la vere å fengsle dersom det finst faktiske omstende som taler mot ein fluktrisiko. Og sjølv om det ikkje ligg føre fluktfare, skal tap av fridom skje dersom det er ein risiko for at den ettersøkte på annan måte kan vanskeleggjere strafforfølginga av ei handling som er omfatta av arrestordren (Prop. 2005/06: 137 punkt 8.3). Svenske domstolar skal ikkje prøve den ettersøkte si skuld. Det er heller ikkje noko vilkår for pågriping og fengsling at strafferammekravet som elles gjeld for fengsling er oppfylt.

Også *finsk rett* har ei eiga føresegn i loven om utlevering for lovbrøt mellom Finland og dei andre medlemsstatane i Den europeiske unionen om at domstolen skal treffe avgjerd om vidare fengsling dersom det finst grunn til å frykte for at iverksetjinga av ei overlevering elles kan stå i fare, jf. 2 kap, 18 §. I *Danmark* kan fengsling for å sikre utlevering skje etter dei alminnelege reglane om varetektsfengsling.

10.3.3 Forslaget i høyringsnotatet. Høyringsfråsegnene

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* i hovudsak å føre vidare føreseigna i lov om nordisk arrestordre § 10 om pågriping, varetektsfengsling og annan bruk av tvangsmiddel, men slik at denne føreseigna heretter også skulle gjelde i samband med nordisk-europeiske arrestordrar.

I tillegg foreslo departementet ein særregel om at varetektsfengsling i samband med ein arrestordre skal skje med mindre det ikkje er grunn til å frykte for at den pågripne vil unndra seg eller gjere overlevering vanskeleg. Regelen om to vekers fengslingsfrist vart foreslått vidareført.

Forslaget om ein særregel med ein presumsjon for fengsling blir støtta av *Østfold politidistrikt*, som uttaler at ein slik regel venteleg vil lette både påtalemakta og domstolane si handtering av krav om fengsling i overleveringssaker. Både *Østfold* og *Oslo politidistrikter* meiner at fengslingsfristen bør vere den same i overleveringssakene som elles, det vil seie maksimum fire veker.

Oslo politidistrikt nemner også at i fleire utleveringssaker har faren for at den ettersøkte skal unndra seg strafforfølgning eller -fullbyrding vore til stades, men samtidig har dei straffbare forholda som ligg til grunn for kravet om utlevering vore av ein slik art at fengsling er vorte vurdert

som for inngripande. Som eksempel er nemnd tilfelle kor den ettersøkte har budd i Noreg i fleire år men krevst utlevert på grunn av ubetalte, offentlege krav i heimlandet. Dette er saker kor kravet om utlevering ofte blir avslått, og politidistriktet meiner derfor det er ønskeleg om føreseigna om fengsling m.m. blir supplert med retningslinjer for når fengsling ikkje kan eller skal nyttast.

Riksadvokaten understrekar kor viktig det er at føreseigna om pågriping og fengsling er heilt klar, og ber om at det vert klargjort kva tilvisinga til dei alminnelege fengslingsføresegnene i straffeprosesslova inneber. Riksadvokaten spør også uttrykkeleg om kravet til skilleg mistanke gjeld dersom dette kravet ikkje gjeld i det landet som har ferda ut arrestordren, og om strafferammekravet i straffeprosesslova § 171 gjeld.

10.3.4 Departementet si vurdering no

Departementet er kome til at vilkåra for pågriping og fengsling i samband med ein arrestordre ikkje bør knytast opp mot dei alminnelege vilkåra i straffeprosessloven §§ 171 og 172. Dette inneber ei endring både i forhold til den vedtekne loven om nordisk arrestordre og forslaget i høyringsnotatet.

Formålet med pågriping og fengsling i arrestordresakene er å sikre at overlevering kan bli gjennomført, noko som gjer at dei alminnelege vilkåra ikkje utan vidare passer. Det er vidare slik at det er strafferammene i den utferdande staten som avgjer om denne staten kan gi ein slik ordre om pågriping og overlevering som arrestordren som hovudregel er, sjå artikkel 3 nr. 1. Dette samsvarer dårleg med å la strafferammekravet på meir enn seks månaders fengsel i straffeprosessloven § 171 gjelde for pågriping og fengsling på grunnlag av ein arrestordre. Ein kan unntaksvis også tenkje seg at overlevering er aktuelt sjølv om handlinga ikkje er straffbar etter norsk lov.

Avtalen legg heller ikkje opp til at påtalemakt og domstolar i den staten som tek imot arrestordren skal prøve om det ligg føre skilleg grunn til mistanke og om det til dømes er fare for øydelegging av bevis: For overlevering skal det vere tilstrekkeleg at det ligg føre ein arrestordre som inneheld visse opplysningar, mellom anna om avgjerd som ligg til grunn for arrestordren, men utan at denne avgjerda, eller grunnlaget for den igjen, skal måtte sendast den staten som blir beden om å overlevere.

Departementet foreslår etter dette ein særleg regel, både for nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar, om at pågriping og fengsling skal

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

skje så fram det ikkje er openbert at arrestordren skal avslåast eller vil bli avslått eller dersom det ikkje er grunn til å frykte for at den pågripne vil unndra seg eller gjere overlevering vanskeleg. Det skal med andre ord vere ein presumsjon for fengsling i arrestordresakene.

Departementet foreslår også ei endring i kravet til framstilling for fengsling i samband med nordiske arrestordrar for dei tilfella kor ein ettersøkt som er over 18 år samtykkjer i fengsling. I desse tilfella skal avgjerda om overlevering trefast innan tre dagar etter at samtykket er gitt. Dersom påtalemakta meiner at sjølve overleveringa da kan skje innan ei veke frå pågripinga, er det ikkje nødvendig å framstille for fengsling. Departementet legg til grunn at i desse tilfella vil ei framstilling for fengsling og påfølgande orskurd frå retten vere lite formålstenleg. Det er samtidig sjølvsaugt at dersom den ettersøkte ønskjer å bli framstilt for retten for vurdering av fengslingsspørsmålet, skal framstilling skje. I så fall gjeld den alminnelege framstillingsfristen frå kravet om framstilling blir sett fram eller frå samtykket til overlevering er trekt tilbake. Høvet til å unnlate framstilling gjeld berre dersom den ettersøkte er over 18 år. I ein svensk lagrådsremiss om godkjenning av konvensjonen om nordisk arrestordre er det foreslått ein tilsvarende regel.

Den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 5 nr. 1 bokstav f tillèt fengsling av personar med tanke på utlevering, og kravet om framstilling straks for ein dommar gjeld ikkje i desse tilfella.

Fengslingsfristen på to veker i lov om nordisk arrestordre § 10 andre ledd, fjerde og femte punktum, er grunngitt med at den skal sikre at arrestordren blir teken til følge innanfor dei fastsette fristane, sjå merknaden til paragrafen i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008). Departementet er etter høyringa kome til at fengslingsfristen i samband med arrestordrar, både nordiske og nordisk-europeiske, bør vere den same som elles, det vil seie maksimalt fire veker, jf. straffeprosessloven § 185 og utlendingsloven § 106 andre ledd tredje punktum. Den skal kunne lengjast med fire veker kvar gong. Ein foreslår samtidig ei føresegn som svarer til utlendingsloven § 106 tredje ledd om at samla fengslingstid ikkje må overstige tolv veker i samband med nordisk-europeiske og seks veker i samband med nordiske arrestordrar, med mindre det ligg føre særlege grunnar. Desse maksimumsfristane er sett ut frå den tida ein normalt må rekne med går med før overleveringa kan skje.

Kva reglar som skal gjelde for fengsling av barn, det vil seie personar under 18 år, må vurde-

rast særskilt. Etter barnekonvensjonen artikkel 37 b, som gjeld som norsk lov, skal fengsling av barn berre nyttast som ein siste utveg og for eit kortast mogleg tidsrom, jf. også straffeprosessloven § 174 jf. § 184 andre ledd som seier at barn berre kan pågripast og fengslast dersom det er særleg påkravd. Høgsterett har presisert dette dit hen at fengsling av barn krev ei skjerpa grunngiving. I dei tilfella ein kjem til at fengsling er påkravd, må retten vurdere å setje ein kortare fengslingsfrist enn fire veker, sjå Rt. 2009 s. 1025 og Rt. 2004 s. 1655. I Rt. 2009 s. 1025 uttaler Høgsterett (avsnitt 14) at «domstolene har et særlig ansvar for å føre kontroll med at barn ikke utsettes for unødig eller unødig lang fengsling, og for at belastningen ved fengslingen kontinuerlig vurderes, eventuelt i forhold til alternative og mindre inngripende tiltak.»

Departementet foreslår derfor at det ikkje skal vere nokon presumsjon verken for pågriping eller fengsling dersom den ettersøkte er under 18 år, men at kravet om at slik tvangsmiddelbruk skal vere særleg påkravd skal gjelde her som elles. I tillegg er det lagt opp til at fengslingsspørsmålet skal prøvast kvar andre veke dersom den det gjeld er under 18 år.

Kravet til at fengsling skal vere høveleg, skal gjelde tilsvarende her som ved fengsling etter straffeprosessloven, sjå merknaden til føresegna.

10.4 Avgjerd om overlevering

10.4.1 Gjeldande rett. Føresegnene i avtalen. Ordninga i dei andre nordiske landa

Etter utleveringsloven er det departementet som avgjer utleveringskrav frå land utanfor Norden. Når kravet blir motteke, gjer departementet først ei førebels prøving før kravet blir sendt til påtalemakta. Etter at påtalemakta har gjennomført dei nødvendige undersøkingar, avgjer retten ved orskurd om vilkåra for utlevering er til stades. Saka blir deretter send tilbake til departementet som fattar vedtak om utleveringskravet skal etterkomast.

Er kravet om utlevering sett fram av ein stat som deltek i Schengen-samarbeidet, og den som blir kravd utlevert samtykkjer i utlevering i rettsmøte, blir kravet derimot avgjort av statsadvokaten på staden, etter at saka er førebudd av politiet. I desse tilfella blir ikkje kravet prøvd av departementet.

Etter lov om nordisk arrestordre § 13 er det påtalemakta som skal avgjere krav om overlevering. Det er også påtalemakta som avgjer om det skal setjast vilkår for overleveringa. Dette gjeld anten den ettersøkte samtykkjer til overlevering

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

eller ikkje. Det er likevel berre der det ligg føre samtykke at påtalemakta prøver om dei ufråvikelege vilkåra for overlevering ligg føre. Dersom den ettersøkte motset seg overlevering, skal retten prøve om dei grunnleggjande vilkåra for overlevering er oppfylte og om det ligg føre obligatoriske avslagsgrunnar. Går retten sin orskurd ut på at vilkåra for overlevering ikkje er oppfylte, skal påtalemakta avslå arrestordren utan å vurdere han nærmare. Dersom retten kjem til at vilkåra for overlevering er oppfylte, vurderer påtalemakta om nokon av dei fakultative avslagsgrunnane skal nyttast. Påtalemakta kan i desse tilfella berre avslå arrestordren dersom det ligg føre ein fakultativ avslagsgrunn.

Parallellavtalen legg få føringar for kva for myndigheit som skal avgjere ein arrestordre og korleis prosedyren skal vere. Den einaste formelle avgrensinga er at avgjerda, anten den ettersøkte samtykkjer til overlevering eller ikkje, som utgangspunkt skal treffast av ei rettsmyndigheit, jf. artikkel 18 jf. artikkel 9 nr. 1. I Noreg blir ikkje Justisdepartementet rekna som ei rettsmyndigheit. Det blir derimot påtalemakta. Avtalen artikkel 9 nr. 2 opnar også for at statane kan utpeike justisministeren som iverksetjande myndigheit. EU har erklært at dette høvet (berre) vil bli nytta av Tyskland, Danmark, Slovakia og Nederland.

Avtalen pålegg dessutan statane å sikre at eit eventuelt samtykke til overlevering givast frivillig og med kjennskap til konsekvensane. Den som blir kravd overlevert skal derfor ha rett til advokat hjelp. Avtalen lét det vere opp til statane sjølve å avgjere om samtykket skal måtte givast i rettsmøte. Det følgjer av artikkel 17 at der den ettersøkte ikkje samtykkjer i å bli overlevert, skal vedkomande ha rett til å bli høyrd av iverksetjande rettsmyndigheit. Desse føresegnene i avtalen er samanfallande med dei tilsvarende føresegnene i konvensjonen om nordisk arrestordre, men slik at den nordiske konvensjonen ikkje opnar for at justisministeren kan utpeikast som avgjerdsmyndigheit for overleveringss spørsmålet.

I Danmark har ein, slik EU har erklært, valt å la justisministeren avgjere spørsmålet om overlevering i høve til ein europeisk arrestordre (etter at politiet har undersøkt om vilkåra for overlevering er til stades og med høve til rettsleg prøving). Ein nordisk arrestordre vert avgjort av politidirektøren. I Finland er det retten som avgjer både nordiske og europeiske arrestordrar, anten den ettersøkte samtykkjer eller ikkje. Også i Sverige er det retten som avgjer ein europeisk arrestordre. Sverige har enno ikkje gjennomført konvensjonen om nordisk arrestordre, men i ein lagrådsremiss om

godkjenning av konvensjonen er det foreslått at retten som utgangspunkt skal avgjere overleveringskrav, men slik at påtalemakta kan treffe avgjerda i tilfelle kor den ettersøkte samtykkjer til overlevering.

10.4.2 Forslaget i høyringsnotatet. Høyringsinstansane sitt syn

I *høyringsnotatet* vart det foreslått å behalde ordninga som allereie er vedteken for nordiske arrestordrar, sjå ovanfor. Men for overlevering til EU-statar utanfor Norden vart det foreslått at retten alltid skal prøve om vilkåra for overlevering er oppfylte, det vil seie om det ligg føre ein arrestordre som oppfyller krava i loven og om det ligg føre obligatoriske avslagsgrunner, anten den ettersøkte samtykkjer til overlevering eller ikkje. Også i desse tilfella vart det foreslått at den endelige avgjerda skulle takast av påtalemakta. Ein la til grunn at påtalemakta også i desse tilfella er best eigna til å vurdere om dei frivillige avslagsgrunnane bør gjerast gjeldande.

Departementet bad om høyringsinstansane sine synspunkt på om kompetansen til å avgjere arrestordrar burde leggjast til påtalemakta i politiet eller til statsadvokaten. I dag er det som nemnt statsadvokaten som fattar vedtak om utlevering innanfor Schengen-samarbeidet i samtykketilfella.

Riksadvokaten har ikkje avgjerande innvendingar mot at retten avgjer om vilkåra for overlevering er til stades i samband med nordisk-europeiske arrestordrar dersom ein opprettheld forslaget om at samtykke til overlevering skal givast til retten. Men embetet spør om ikkje samtykke også her kan givast til påtalemakta.

10.4.3 Departementet si vurdering no

Sentralt i parallellavtalen er målet om rask og enkel handsaming og ønsket om å avgrense dei sentrale styresmaktene si rolle ved iverksetjinga av ein arrestordre. Dette tilseier at også nordisk-europeiske arrestordrar blir avgjorte av rettsmyndigheitene, og ikkje av departementet. Departementet fører vidare forslaget om at påtalemakta skal avgjere også nordisk-europeiske arrestordrar, men slik at retten treff ordsurd om dei ufråvikelige vilkåra er til stades, sjå lovforslaget § 14 første ledd andre punktum og tredje ledd siste punktum. I samband med nordiske arrestordrar skal retten berre prøve vilkåra dersom den ettersøkte ikkje samtykkjer til overlevering, sjå lovforslaget § 21 andre ledd.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Forslaget om at retten alltid skal prøve om vilkåra for overlevering på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre er oppfylte og om det ligg føre obligatoriske avslagsgrunnar, inneber domstolsprøving i tilfelle der prøvingskompetansen i dag er lagd til påtalemakta, jf. utleveringsloven § 17 a om utlevering innanfor Schengen. Dette kan verke noko inkonsekvent når formålet med avtalen er å forenkle og effektivisere utleveringsordninga. Fordi arrestordren inneber ei meir omfattande overleveringsplikt der blant anna prøvinga av om det ligg føre obligatoriske avslagsgrunnar oftare vil vere avgjerande for om overlevering skjer, synest det likevel fornuftig å leggje opp til ei noko meir omfattande domstolsprøving. Departementet har også sett hen til at domstolsprøving er eit sentralt element både i Finland og i Sverige. Når ein legg avgjerdsmyndigheita til retten, gjer dette også at det ikkje er behov for å gi høve til tilbakekalling av samtykke, sjå nedanfor.

10.4.4 Samtykke. Tilbaketrekking av samtykke

Etter gjeldande rett har samtykke frå den ettersøkte tyding for saksbehandlinga i tilfelle der utleveringskravet er fremja av ein Schengen-stat, jf. utleveringsloven § 17 a. Dersom vedkomande samtykkjer til utlevering til ein Schengen-stat, kan utleveringskravet som nemnt handsamast og avgjerast av statsadvokaten på staden. Samtykket skal bli gitt skriftleg i rettsmøte. Samtykket kan trekkjast tilbake, og saka skal da sendast tingretten for handsaming etter dei ordinære sakshandsamingsreglane.

Utgangspunktet i parallellavtalen er at samtykke til overlevering, og også avkall på vernet som følgjer av spesialitetsprinsippet, ikkje skal kunne trekkjast tilbake, jf. artikkel 16. Men den enkelte staten kan erklære at ein ønskjer å gi høve til å dra samtykket tilbake. Til samanlikning set konvensjonen om nordisk arrestordre føre at eit samtykke skal kunne tilbaketrekkjast (artikkel 11).

Etter det departementet kjenner til er samtykke til overlevering ugjenkalleleg i dei fleste EU-statane. Både den svenske og den finske gjennomføringslovgivinga opnar derimot for at eit samtykke kan kallast tilbake, høvesvis inntil retten har gitt melding om si avgjerd og inntil avgjerda om utlevering er sett i verk. I Sverige kan eit samtykke givast overfor påtalemakta, eventuelt også overfor ein politimann som assisterer i samband med arrestordren. Etter den finske loven skal samtykke bli gitt i retten.

Departementet foreslo i *høyringsnotatet* at samtykke til overlevering til land utanfor Norden, skulle givast i retten, og at retten samtidig skulle prøve om det ligg føre obligatoriske avslagsgrunnar. Departementet gav uttrykk for at det da ikkje var grunn til å opne for tilbaketrekking av samtykket.

For nordiske arrestordrar vart det ikkje foreslått større endringar i det som allereie er vedteke i lov om nordisk arrestordre. Her skal samtykke givast til påtalemakta, og det kan trekkjast tilbake. Føreseigna om at den ettersøkte ved pågripinga også skal informerast om høvet til å samtykkje til ei eventuell strafforfølgjing for andre forhold, vart foreslått fjerna. Endringa vart grunnlagt slik:

«Hovudregelen ved overlevering etter nordisk arrestordre er at den ettersøkte kan strafforfølgjast og straff kan fullbyrdast også for forhold som har skjedd før arrestordren, anten vedkomande samtykkjer eller ikkje, jf. lov om nordisk arrestordre § 8 andre ledd som er foreslått vidareført i lovendringsforslaget § 11 tredje ledd. Det er berre dersom det ligg føre ein obligatorisk avslagsgrunn eller dersom forholdet har skjedd her i riket eller andre område underlagt norsk jurisdiksjon, og påtalemakta ikkje samtykkjer, at vedkomande er verna mot strafforfølgjing eller -fullbyrding for andre forhold.

Eit samtykke frå personen sjølv til strafforfølgjing eller strafffullbyrding for forhold som allereie er rettskraftig avgjorte, jf. lovendringsforslaget § 8 første ledd bokstav c til i, vil truleg ikkje ha tyding fordi dei andre nordiske statane heller ikkje vil strafforfølgje eller fullbyrde straff i desse tilfella, jf. Schengen-konvensjonen artikkel 54. Eit samtykke frå personen sjølv til strafforfølgjing for forhold som har skjedd før han har nådd kriminell lågalder, vil heller ikkje ha noka tyding per i dag, ettersom alle dei nordiske landa har 15 år som kriminell lågalder.

Er det i Noreg gitt amnesti for ei handling, kan det teoretisk tenkjast at eit anna nordisk land likevel ønskjer å strafforfølgje. Men det er svært sjeldan at amnesti blir gitt i Noreg, og det er heller ikkje sannsynleg at den som blir overlevert faktisk vil samtykkje til strafforfølgjing eller fullbyrding i slike tilfelle. Det er derfor vanskeleg å sjå noko praktisk behov for høve til å samtykkje til strafforfølgjing i eit anna nordisk land for forhold det er gitt amnesti for i Noreg.

Det er etter departementet sitt syn lite tenleg at vedkomande skal informerast om eit i realiteten teoretisk høve til å samtykkje til straf-

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

forfølging eller -fullbyrding for andre forhold. Ein legg blant anna vekt på dei pedagogiske utfordringane dette vil innebere for påtalemakta. Lovendringsforslaget § 15 første ledd legg derfor opp til at ved overlevering innan Norden, skal vedkomande berre informerast om høvet til å samtykke til overlevering og kva for rettsfølgjer eit slikt samtykke har.»

Riksadvokaten spør i si *høyringsfråsegn* om det er nødvendig at samtykke til overlevering til land utanfor Norden skal måtte givast i retten:

«En er [...] ikke overbevist om at det er så stor forskjell på nordiske og øvrige europeiske land at et samtykke gitt til påtalemyndigheten i Norge ikke bør kunne være tilstrekkelig også for overlevering til ikke-nordiske europeiske land. En har forståelse for argumentet om at det bør være visse formaliteter rundt avgivelsen dersom samtykket ikke senere skal kunne trekkes tilbake. En er også klar over at den nordiske konvensjonen og parallellavtalen har løst spørsmålet om samtykke og tilbakekall av dette på noe ulike måter. Men en ber departementet vurdere muligheten for samme ordning for alle arrestordrer, og slik at den ordningen som er foreslått for de nordiske gjøres generell. (Samtykke til påtalemyndigheten er tilstrekkelig, men kan trekkes.)»

Departementet opprettheld forslaget i høyringsnotatet som inneber noko ulike reglar for samtykke til overlevering til land i og utanfor Norden. Ein meiner det er fornuftig med noko ulike løysingar for høvesvis nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar med omsyn til kva for myndigheit eit samtykke skal givast til og om det skal kunne trekkjast tilbake, sjå lovforslaget §§ 14 tredje ledd og 21 første ledd, andre og tredje punktum.

Når samtykket skal givast til retten i samband med nordisk-europeiske arrestordrar, ser ein ikkje behov for at det også skal kunne trekkjast tilbake. Tilbaketrekking av samtykke vil forlengje overleveringsprosessen. Derfor bør det, i tråd med formålet med avtalen, ikkje opnast for høve til dette utan at det er eit reelt behov for det.

Føreseigna om samtykke til overlevering til nordiske land i lovforslaget § 20 andre ledd, seier ikkje noko om høvet til å samtykke til rettsforfølging for andre lovbrøt gjort før overleveringa. Dette inneber ei endring samanlikna med lov om nordisk arrestordre. Ein viser til grunngivinga i høyringsnotatet, som er sitert ovanfor.

10.5 Konkurrerende krav

Fordi utleveringskrav blir avgjorte av departementet, er det etter gjeldande rett også departementet som avgjer kva for eit krav som skal etterkomast når det ligg føre konkurrerende krav om utlevering. Dette gjeld også når ein nordisk arrestordre konkurrerer med eit utleveringskrav frå ein stat utanfor Norden, jf. lov om nordisk arrestordre § 14 andre ledd. Avgjerda skal derimot treffast av påtalemakta der det ligg føre fleire nordiske arrestordrar som gjeld same person, jf. første ledd.

Også parallellavtalen skil mellom dei tilfella der det ligg føre konkurrerende europeiske arrestordrar eller arrestordrar frå Island eller Noreg, og tilfella der ein arrestordre kjem i konflikt med eit utleveringskrav frå ein tredje stat, jf. artikkel 19. I dei første tilfella gjeld hovudregelen om at avgjerda skal treffast av den iverksettjande rettsmyndigheita. Men dersom ein arrestordre konkurrerer med eit utleveringskrav frå ein tredje stat, er det opp til kvar enkelt stat å avgjere kva for ei myndigheit som skal treffe valet mellom arrestordren og utleveringskravet. Avgjerda vil i slike tilfelle kunne treffast av departementet.

Under *høyringa* av forslaget til lov om nordisk arrestordre påpeikte riksadvokaten at avgjerd av kva for utanlandsk arrestordre eller utleveringskrav som skal etterkomast eller takast til følgje, er ei avgjerd som byggjer på skjønn særleg knytt til kva som gir best resultat i kampen mot kriminalitet. Denne vurderinga høyrer naturleg heime hos den utøvande makta. Riksadvokaten foreslo derfor at avgjerda vart lagd til departementet. Departementet sa seg samd i riksadvokaten sin tankegang, men la avgjerda av valet mellom konkurrerende nordiske arrestordrar til påtalemakta.

Departementet har i lovforslaget § 29 følgd opp dette. Dersom det ligg føre fleire arrestordrar som gjeld same person, anten frå fleire EU-statar utanfor Norden eller frå ein EU-stat og ein nordisk stat, skal valet mellom dei takast av påtalemakta. Ligg det derimot føre ein arrestordre og eit utleveringskrav frå ein stat utanfor Norden og EU, skal avgjerda av kva for ein av arrestordren og utleveringskravet som skal etterkomast, treffast av departementet. Føreseigna fører vidare lov om nordisk arrestordre § 14 med dei endringane som er nødvendige for at den etter dette også skal gjelde for arrestordrar frå EU-statar utanfor Norden.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

10.6 Fristar for handsaming og iverksetjing av ein arrestordre

Utleveringsloven har ikkje fristreglar for handsaminga av utleveringssaker. Som nemnd tidlegare kan utlevering til eller frå Noreg i enkelte tilfelle ta meir enn eitt år.

Eit av formåla med arrestordren er at overlevering skal skje raskt. Artikkel 20 og 26 inneheld derfor tidsfristar for høvesvis vedtaket om iverksetjing og for sjølve overleveringa etter at endeleg iverksetjingsvedtak ligg føre. Etter artikkel 20 nr. 1 skal ein arrestordre handsamast og fullbyrdast straks. Samtykkjer den ettersøkte i overlevering, bør vedtaket om å fullbyrde arrestordren treffast innan ti dagar etter at samtykke er gitt. Dersom den ettersøkte motset seg overlevering er fristen 60 dagar rekna frå pågripinga. Overleveringa skal skje snarast råd og seinast ti dagar etter endeleg vedtak, jf. artikkel 26 nr. 1 og 2.

For nordiske arrestordrar er fristen for avgjerd tre dagar i samtykketilfella og 30 dagar elles. Fristen for sjølve overleveringa er fem dagar etter at det er treft endeleg avgjerd.

Overlevering kan, både etter den nordiske konvensjonen og etter parallellavtalen, verte utsett dersom alvorlege, humanitære grunnar ligg føre. Dette er meint som snevre unntaksreglar.

Oversitjing av fristane får ingen rettsverknader, men utløyser ei informasjonsplikt overfor utferdande rettsmyndigheit. Formålet med arrestordreavtalane og den folkerettslege plikta til lojal oppfølging, tilseier uansett at både regelverk og praksis blir innretta slik at fristane kan overhaldast.

I *høyringsnotatet* vart parallellavtalen sine fristreglar foreslått gjennomført i form av fristar for retten sin orskurd om vilkåra for overlevering på 10 dagar i samtykketilfella og 60 dagar elles, i tillegg til ein tredagarsfrist for påtalemakta si avgjerd på grunnlag av retten sin orskurd. For sjølve overleveringa vart det foreslått ein frist på ti dagar rekna frå dagen den endelege avgjerda vart teke. Det var ikkje foreslått endringar i dei vedtekne fristane i lov om nordisk arrestordre.

Riksadvokaten skriv i si høyringsfråsegn:

«Klage (formentlig over manglende anvendelse av fakultative avslagsgrunner) skal etter utkastet avgjøres innen tre dager. Dette er neppe realistisk, i alle fall ikke i saker der det påberopes forhold som må vurderes nærmere. Det bør i alle fall presiseres at det er snakk om arbeidsdager, slik at f. eks. helger ikke medregnes.»

Departementet har valt å supplere føresegna om utsett overlevering på humanitært grunnlag med enkelte reglar for den vidare saks handsaminga i slike tilfelle, sjå lovforslaget § 30 andre ledd. Ein har også valt å ta med ei ny føsegn om at ein ettersøkt som sit varetektsfengsla på grunnlag av arrestordren, skal verte satt fri når fristane for overlevering er utlaupt, sjå tredje ledd. Dette følgjer av både den nordiske arrestordrekonvensjonen og parallellavtalen. Ein har også teke omsyn til riksadvokaten sin merknad.

Ein kan innvende mot forslaget til fristreglar i høyringsnotatet, både kva gjeld nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar, at dersom domstolane nyttar sin frist for å treffe avgjerd om vilkåra for overlevering fullt ut så vil ein ikkje kunne overhalde fristane som er sette i arrestordreavtalane. Vanlegvis vil den som er ettersøkt bli pågripen, og normalt vil det gå minst ein dag frå pågripinga til framstilling for retten for fengsling og behandling av vilkåra for overlevering. Utnyttar retten da heile fristen før den avseier orskurden, vil fristen for endeleg avgjerd allereie ha laupt ut når påtalemakta får saka tilbake for å treffe avgjerda. Ein har derfor valt å korte ned fristen for retten si avgjerd frå høvesvis 60 (nordisk-europeiske arrestordrar) og 30 dagar (nordiske arrestordrar) til høvesvis 45 og 21 dagar. I samtykketilfella er domstolen sin frist for å treffe avgjerd om nordisk-europeiske arrestordrar satt ned frå 10 dagar i høyringsforslaget og til ei veke. Ein legg til grunn at domstolane framleis har tilstrekkeleg tid på seg til å treffe si avgjerd og at endringa derfor ikkje er til noko stor ulempe for domstolane.

10.7 Immunitet og privilegium

I straffeprosessuell samanheng inneber immunitet eller privilegium eit vern for visse persongrupper mot strafforfølgjing og tvangsmiddelbruk frå ein framand stat sine myndigheiter. Reglar om immunitet er gitt for visse persongrupper for at desse skal kunne utføre sine oppgåver utan innblanding eller press frå utanlandske styresmakter. Vernet tilkjem blant anna statssjefar, diplomatar og konsular. Representantar for enkelte internasjonale organisasjonar, til dømes FN-personell, nyter også immunitet etter særlege internasjonale avtalar. Det same gjeld for militærpersonell.

Det følgjer indirekte av parallellavtalen artikkel 23 nr. 1 at overlevering kan nektast dersom den som arrestordren gjeld nyt godt av immunitet eller privilegium for strafforfølgjing eller –fullbyrjing i den staten som mottek arrestordren. Nr. 3

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreløven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

har reglar om kven som eventuelt skal oppmode om oppheving av immuniteten eller privilegiet, noko som avheng av kven som kan oppheve vernet. Artikkel 23 svarer til konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 16, gjennomført i lov om nordisk arrestordre § 11 i form av ei plikt for påtalemakta til å be om oppheving av vernet. Immunitet og privilegium er ikkje uttrykkeleg lovfesta som avslagsgrunnar.

I *høyringsforslaget* foreslo departementet at føresegna i lov om nordisk arrestordre § 11 om immunitet og privilegium vart ført vidare med berre ei mindre språkleg endring, og slik at den i framtida også skulle gjelde for arrestordrar etter parallellavtalen.

I si *høyringsfråsegn* påpeiker *Utanriksdepartementet* at i dei tilfella kor det er opp til ein annan enn den iverksetjande staten eller opp til ein internasjonal organisasjon å oppheve immuniteten eller privilegiet, så er det den staten som har utstedt arrestordren som må avgjere om ein skal be om at vernet vert oppheva. *Utanriksdepartementet* ber derfor om at ein presiserer kva som skal vere norsk påtalemakt si oppgåve i desse sakene.

Forsvarsdepartementet saknar ei nærmare utgreiing for dei spørsmåla som kan oppstå for særskilde persongrupper som nyter immunitet mot rettsforfølging i framande land:

«Militært personell som omfattes av folkerettslig bindende statusavtaler slik som Avtale mellom partene i traktaten for det Nordatlantiske område om status for deres styrker av 19. juni 1951 (forkortet NATO Sofa) eller tilsvarende, vil være immune mot rettsforfølgelse i det landet de er utstasjonert for handlinger de begår i tjenesten. Immuniteten har til hensikt å verne om senderstatens interesser og skal blant annet sikre at statens representanter ikke blir utsatt for et uberettiget press i form av søksmål eller tvangsmidler. Samtidig er immunitet for statens representanter et privilegium senderstaten kan gi avkall på. En beslutning om avkall på immunitet er imidlertid en sammensatt øvelse som vil få juridisk, og i noen tilfeller også politisk, betydning. Det er dessuten et sentralt poeng å sikre forutberegnelighet for det militære personell som omfattes av statusavtalene. Dersom immunitetsbestemmelsen i statusavtalen i realiteten kun er et hult skall vil dette gi uheldige signaler til det militære personell som stasjoneres i utlandet på vegne av den norske stat. Forsvarsdepartementet etterlyser på denne bakgrunn en nærmere drøftelse i

høringsnotatet av hvilke beslutningsprosedyrer og saksbehandlingsregler som bør og skal gjelde dersom en arrestordre gjelder en norsk statsborger som er vernet av immunitetsregler.

Spørsmål om immunitet for militært personell vil først og fremst komme på spissen der vedkommende person arrestordren gjelder blir beskyldt for å ha begått en lovovertrødelse mens han eller hun var stasjonert i utlandet, og det etter hjemkomsten til Norge blir utferdiget en arrestordre på vedkommende fra mottakerlandet til norske myndigheter. Etter hovedregelen i lovforslaget skal denne arrestanmodningen etterkommes såfremt vilkårene anses å være oppfylt, og ingen av de obligatoriske eller fakultative unntakene kommer til anvendelse. Immunitet vil imidlertid være til hinder for slik overlevering.

[...]

Av tilvisinga til folkeretten i lovforslaget § 2 følger at ein arrestordre skal avslåast dersom overlevering vil kome i strid med føresegner om immunitet og privilegium. *Departementet* finn det ikkje nødvendig å lovfeste dette som ein obligatorisk avslagsgrunn. Det er elles presisert i merknaden til lov om nordisk arrestordre § 11 om immunitet og privilegium at det er opp til den utferdande staten å be om oppheving av immunitet og privilegium som er fastsett av andre enn styresmakter i den iverksetjande staten. I lovforslaget § 27 er det likevel presisert at påtalemakta si oppgåve i dei tilfella kor det ikkje er opp til norske styresmakter å oppheve immuniteten eller privilegiet, er å melde frå til den utferdande staten om at arrestordren ikkje kan etterkomast med mindre immuniteten eller privilegiet vert oppheva.

I andre ledd er det teke inn ein heimel for å gi forskriftsføresegner om saksbehandlinga i dei tilfella kor immuniteten eller privilegiet kan opphevast av norske styresmakter. Departementet ser behovet for slike reglar særleg i samband med arrestordrar som gjeld norsk militært personell, jf. Forsvarsdepartementet sin merknad, men finn det ikkje naturleg å gå inn på ei nærmare drøfting av kva for reglar som skal gjelde i proposisjonen her.

10.8 Beslag og overlevering av ting

Utleveringsloven § 18 nr. 3 heimlar avgjerd om at gjenstandar som er beslaglagde under saka i Noreg, skal utleverast til den myndigheita som har kravd utlevering.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Parallellavtalen artikkel 32 pålegg den staten som skal overlevere ein ettersøkt, på eige initiativ eller etter oppmoding frå den som ferda ut arrestordren, å leggje beslag på og overlevere gjenstandar som kan vere nødvendige som bevismateriale eller som den ettersøkte har tileigna seg som følge av den straffbare handlinga. Føreseigna svarer til den nordiske konvensjonen artikkel 25, gjennomført i lov om nordisk arrestordre § 21. Beslagsplikta i loven er elles noko utvida samanlikna med kravet i konvensjonen og parallellavtalen ved at ho jamvel omfattar utvida inndraging etter straffeloven §§ 34 til 37 b.

I *høyringsforslaget* vart det lagt opp til vidareføring av lov om nordisk arrestordre § 21 utan endringar, men slik at paragrafen i framtida også skulle gjelde ved overlevering til EU-statar utanfor Norden. Det vart vist til at også avtalen med EU byggjer på prinsippet om gjensidig godkjenning og at dette tilsa at den utvida beslagsplikta i nemnde § 21 også burde gjelde for overleveringar på grunnlag av parallellavtalen.

Forslaget er ikkje kommentert av *høyringsinstansane*. Departementet fører vidare forslaget i høyringsnotatet, sjå lovforslaget § 39.

10.9 Transitt

Etter utleveringsloven § 22 har norske styresmakter eit fakultativt høve til å samtykkje i at ein person som skal utleverast frå ein framand stat til ein

annan framand stat, blir ført over norsk statsområde (transitt). Samtykke til transitt kan likevel ikkje givast dersom § 2 om forbod mot utlevering av norske borgarar, § 4 om militære lovbrøt, § 5 om politiske lovbrøt eller § 6 om utlevering ved fare for forfølgning, ville vere til hinder for utlevering frå Noreg til den staten som utleveringa skal skje til.

Etter avtalen artikkel 28 nr. 1 skal det bli gitt løyve til transitt via norsk territorium dersom norske styresmakter har motteke bestemte opplysningar. Men det er gitt høve til å nekte transitt av eigne borgarar så langt ein også nekter overlevering av desse. Føreseigna i nr. 1 om transitt mellom avtalepartane skal gjelde tilsvarande ved transitt av ein person frå ein tredjestat til ein EU-stat, jf. nr. 5.

I *høyringsforslaget* vart det foreslått å føre vidare føreseigna om transitt i lov om nordisk arrestordre § 22, med enkelte supplerande føresegnar for gjennomføring av parallellavtalen artikkel 28. Forslaget er ikkje kommentert av *høyringsinstansane*.

Departementet fører vidare lov om nordisk arrestordre § 22 om transitt ved overleveringar innanfor Norden i lovendringsforslaget § 41 første ledd. Andre og tredje ledd er nye føresegnar som gjennomfører parallellavtalen artikkel 28 nr. 1 og 5, herunder om transitt til Island frå ein EU-stat utanfor Norden. Det er også teke inn ein rett til å nekte transitt av norske borgarar til statar som sjølv nektar å overlevere eigne borgarar, i samsvar med lovforslaget § 10 andre ledd.

11 Overlevering til Noreg

11.1 Kompetansen til å ferde ut arrestordrar

I dag er det slik at dersom påtalemakta finn at det bør setjast fram krav om utlevering, oppmodar ho departementet om å sørgje for dette, jf. utleveringsloven § 23. Kravet må gjelde ein person som er sikta, tiltalt eller domfelt i ei norsk straffesak. Departementet vurderer om oppmodinga skal etterkomast. Normalt vil departementet fremje kravet i samsvar med påtalemakta sitt ønske. Annan framgangsmåte kan avtalast med den enkelte framande staten.

I praksis startar ein utleveringsprosedyre vanlegvis med at det blir sendt ut ei internasjonal etterlysing via Interpol eller SIS med oppmoding om pågriping med tanke på utlevering. I utgangspunktet er det påtalemakta som tek avgjerder om pågriping, sjå straffeprosessloven § 175 første ledd. Men avgjerder om pågriping kan også trefast av retten, blant anna dersom den mistenkte oppheld seg i utlandet, sjå andre ledd. I praksis er det i dag slik at norske styresmakter ikkje sender ut ei internasjonal etterlysing utan at det ligg føre ei pågripingsavgjerd frå retten.

Det følgjer av parallellavtalen artikkel 3 at norske styresmakter kan ferde ut ein arrestordre til ein EU-stat på same vilkår som ein EU-stat kan ferde ut ein arrestordre til Noreg. I lov om nordisk arrestordre § 17 er kompetansen til å ferde ut arrestordrar med tanke på overlevering til Noreg lagd til påtalemakta.

Verken konvensjonen om nordisk arrestordre eller parallellavtalen seier noko uttrykkeleg om kva for straffeprosessuell status den ettersøkte må ha for at ein arrestordre skal kunne ferdast ut. Men det følgjer av den europeiske menneskerettskonvensjonen artikkel 5 nr. 1 bokstav c at ingen skal pågripast utan at det ligg føre rimelig mistanke om at vedkomande har gjort ei straffbar handling. I lov om nordisk arrestordre § 21 er det presisert at utferding av ein arrestordre set føre at det er skilleg grunn til mistanke. Dette er mistankekravet som gjeld for pågriping, jf. straffeprosessloven § 171.

I *høyringsbrevet* foreslo departementet at kompetansen til å ferde ut også nordisk-europeiske

arrestordrar skal liggje hos påtalemakta. Ein bad samtidig om høyringsinstansane sitt syn på kva for nivå innanfor påtalemakta kompetansen burde leggjast til. Departementet foreslo dessutan å lovfeste som eit vilkår for å ferde ut ein arrestordre at det ligg føre ei avgjerd om pågriping teken av retten.

Det nasjonale statsadvokatembetet foreslår at arrestordrar som utgangspunkt vert ferda ut av politiet, men slik at politiet må innhente skriftleg samtykke frå statsadvokaten i alle «seksårssakene». Som eit minimum må politiet verte pålagt å innhente skriftleg samtykke i saker som gjeld straffeloven § 60 a, kapittel 8 og 9 i gjeldande straffelov, i terror og terrorrelaterte saker og i saker om folkemord. Embetet viser til at det å ferde ut ein arrestordre ofte vil føre til etterforskning i utlandet og vil kunne vere avgjerande for den retninga saka tek under etterforskinga. Dette gjeld særleg i omfattande og komplekse saker om til dømes organisert kriminalitet eller terror. I fråsegna vert det også vist til at det er uheldig om politiet ferdar ut ein arrestordre og det seinare viser seg at statsadvokaten ikkje er samd i politiet sine vurderingar. Slik usemje kan føre til unødig overlevering og varetektsfengsling. Det nasjonale statsadvokatembetet foreslår dessutan at det ikkje vert stilt krav om ei domstolsavgjerd om pågriping i dei tilfella kor statsadvokaten har gitt samtykke. Dersom det vert stilt krav om domstolsavgjerd, meiner embetet at det er nødvendig å opne for unntak i hastetilfelle.

Riksadvokaten har ikkje innvendingar mot at kompetansen til å ferde ut arrestordrar blir lagt til påtalemakta. Riksadvokaten legg elles til grunn at kompetansefordelinga innanfor påtalemakta bør vere lik for nordiske og andre arrestordrar, og vil kome tilbake til dette i samband med endring av påtaleinstruksen. Når det gjeld forslaget om å lovfeste at avgjerda om pågriping skal vere teken av retten, kan ikkje riksadvokaten sjå at det er gode grunnar til dette. Embetet heller derfor til at arrestordrar, om ikkje anna dei nordiske, bør kunne ferdast ut på grunnlag av avgjerd frå påtalejurist. Det er nemnt at ifølge Kripos er det siste ikkje sjeldan grunnlaget for ei nordisk etterlysing

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

i dag. Riksadvokaten støttar elles Det nasjonale statsadvokatembetet i at det om ikkje anna er nødvendig å opne for unntak i hastetilfelle.

Departementet opprettheld forslaget om å leggje kompetansen til å ferde ut også nordisk-europeiske arrestordrar til påtalemakta. Det er ikkje nokon grunn til at det skal vere forskjell på nordiske og andre arrestordrar her. Spørsmålet om kva nivå innanfor påtalemakta kompetansen bør leggjast til, er det ikkje nødvendig å lovfeste og ein kjem tilbake til dette i samband med endringar i påtaleinstruksen.

Forslaget om at ein føresetnad for å ferde ut ein arrestordre skal vere at det ligg føre ei avgjerd om pågriping teken av retten, har møtt noko motstand under høyringa. Departementet nemner at både i Sverige og Finland skal det ligge til grunn et «håktningsbeslut» frå ein domstol, jf. svensk förordning (2003:1178) om överlämnande till Sverige enligt en europeisk arresteringsorder 3 §, jf. rättegångsbalken 24. kap. 5 §, og dei finske lovene om høvesvis utlevering for lovbrøt mellom Finland og dei andre medlemsstatane i Den europeiske unionen 3 kap 53 § 1 mom. og utlevering for lovbrøt mellom Finland og dei andre nordiske landa 3 kap., 50 §, jf. tvångsmedelslagen 1 kap, 9 §.

Ein arrestordre vil vere ei etterlysing og eit utleveringskrav i eitt, og formålet er at personen

skal pågripast og fengslast i utlandet med tanke på overlevering. Sjølv om overlevering skal skje raskt, vil det fort kunne bli snakk om fengsling i fleire veker for den som vert pågripen. Arrestordresystemet legg vidare ikkje opp til at det i den staten som grip personen skal prøvast om det ligg føre skilleg grunn til mistanke. Departementet finn derfor at det er god grunn til å krevje at dette er prøvd av ein norsk domstol på førehand, i alle fall når det er snakk om ein nordisk-europeisk arrestordre. Dette vidarefører dagens ordning og er i samsvar med ordningane i Finland og Sverige. Ein legg samtidig til grunn, slik nokre av høyringsinstansane har peika på, at det er behov for hastekompetanse for påtalemakta. Lovforslaget § 32 er utforma i samsvar med dette.

For å kunne ferde ut nordiske arrestordrar bør det derimot ikkje stillast noko krav om at retten har treft avgjerd om pågriping, sjå lovforslaget § 33. Ein legg til grunn, slik riksadvokaten nemner, at nordiske etterlysingar allereie i dag ofte baserer seg på påtalemakta sine pågripingsavgjerdar, og arrestordresystemet bør ikkje gjere prosessen meir krevjande enn den er. Det er dessutan eit moment her at nordiske overleveringar skal skje raskare enn dei nordisk-europeiske overleveringane.

12 Gjennomføringa av andre avtaleføresegner

Artikkel 21 pålegg den iverksetjande staten ei plikt til anten å samtykkje til avhør eller til mellombels overføring av den ettersøkte i påvente av vedtak om iverksetjing av arrestordren. Artikkel 22 gir reglar om korleis eit eventuelt avhør skal gå føre seg.

Utleveringsloven § 25 heimlar mellombels overføring av ein person for at vedkomande skal kunne avhørast som vitne eller bli framstilt for konfrontasjon. Dette passar ikkje heilt for den situasjonen som artikkel 21 handlar om. Departementet foreslår derfor at artikkel 21 blir gjennom-

ført i ei eiga føresegn om mellombels overføring, jf. lovendringsforslaget § 40. Ein legg opp til at påtalemakta får kompetanse til å treffe avgjerd om mellombels overføring.

Artikkel 22 krev inga særskilt gjennomføring.

Artikkel 27 om utsett overlevering eller overlevering på vilkår svarer til artikkel 20 i den nordiske konvensjonen. Sistnemnde er gjennomført i lov om nordisk arrestordre § 16. Lovendringsforslaget § 31 fører vidare lov om nordisk arrestordre § 16, men skal heretter også gjelde ved arrestordrar frå EU-statar.

13 Inngåing av avtale mellom Den europeiske unionen og Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Avtalen vart underskriven 28. juni 2006 med atterhald om samtykke frå Stortinget. Samtykke er nødvendig ettersom gjennomføring av avtalen krev lovendringar, jf. Grunnloven § 26 andre ledd. Departementet meiner også at avtalen er ei særleg viktig sak.

Departementet rår Stortinget til å samtykke til at Noreg blir bunden av avtalen. Ein viser til vurderingane ovanfor, særleg i punkt 2.

14 Gjennomføring av trepartsavtalar med Sveits og Liechtenstein

EU og Sveits skreiv 26. oktober 2004 under to bilaterale avtalar som knyter Sveits til Schengen- og Dublin-samarbeidet. Dermed vart Sveits innlemma i samarbeidet om blant anna grensekontroll og kampen mot kriminalitet. Sveits sin avtale med EU svarer med nokre avgrensa unntak til Noreg og Island sine tilsvarende avtalar med EU.

For at Schengen og Dublin-regelverket skal kunne nyttast også mellom Noreg, Island og Sveits, underskreiv desse landa ein trepartsavtale 17. desember 2004. Trepartsavtalen består av eit forord og fire artiklar og viser til innhaldet i dei parallelle avtalane som dei tre landa har med EU. Referanseteknikken som er nytta for gjennomføring av Schengen-regelverket, blant anna i utleveringsloven § 17a, gjer at Sveits si tilslutning til regelverket ikkje i seg sjølv gjer det nødvendig å gjere endringar i føresegnene som gjennomfører Schengen-regelverket. Samtidig inneber trepartsavtalen med Sveits (og den tilsvarende avtalen med Liechtenstein, sjå nedanfor) at dei Schengen-relaterte føresegnene i utleveringsloven heller ikkje kan opphevast, sjølv om lovforslaga her vil erstatte desse reglane når det gjeld utlevering til og frå EU-statane.

Dei nødvendige lovendingane for bruk av Dublin-regelverket i forhold til Sveits vart gjennomførte ved lov 30. juni 2006 nr. 37, sjå Ot.prp. nr. 73 (2005-2006).

EU sine to utleveringskonvensjonar frå høvesvis 1995 og 1996 er ikkje gjennomført i norsk rett sjølv om dei er ei vidareutvikling av Schengenkonvensjonen. På det tidspunktet Noreg og Island inngjekk trepartsavtalen med Sveits, var gjennomføringa av desse konvensjonane i Noreg og Island i samråd med Kommisjonen utsett i påvente av forhandlingane mellom Noreg og EU om parallellavtalen til EU sin arrestordre. Parallellavtalen om arrestordren erstattar som nemnt dei to utleveringskonvensjonane når det gjeld utlevering mellom Noreg og EU sine medlemsstatar. Proposisjonen her om gjennomføring av parallellavtalen og samtykke til inngåing av den, gjer at det ikkje lenger er aktuelt å gjennomføre dei to EU-konvensjo-

nane for regulering av utlevering mellom Noreg og EU-statane.

Etter artikkel 1 i trepartsavtalen skal rettar og plikter som avtalepartane har som følgje av Schengen-regelverket, medrekna vidare utvikling av dette regelverket, gjelde tilsvarende mellom Island, Noreg og Sveits «i den grad disse stater er bundet av de samme rettigheter og forpliktelser i sine forbindelser med Den europeiske union og Det europeiske fellesskap.» Sidan EU sine to utleveringskonvensjonar, som vidareutviklar Schengen-regelverket, enno ikkje er sette i kraft, er dei heller ikkje bindande verken for EU-statane sjølve, Island, Noreg eller Sveits. Og sidan den europeiske arrestordren erstattar desse konvensjonane er det høgst usikkert om dei nokon gong vil tre i kraft.

I samband med innhenting av samtykke frå Stortinget til inngåing av trepartsavtalen med Sveits (St.prp. nr. 60 (2005-2006)), vart det uttalt at det var ønskeleg å sjå endringar i utleveringsreglane i samanheng, slik at nødvendige lovforslag om gjennomføring av overleveringsavtalen med EU kunne nyttast jamvel overfor Sveits i den grad reglane er samanfallande. I *høyringsnotatet* vart det derfor varsla at det i lovproposisjonen ville bli vurdert om det er nødvendig med ytterlegare lovendingar for å oppfylle krava i 1995- og 1996-konvensjonane.

Ettersom det er såpass usikkert om dei to EU-konvensjonane nokon gong vil tre i kraft, og ettersom ein i forslaget her legg opp til at overlevering til og frå EU-statar skal regulast i ein eigen lov, finn ikkje departementet det naturleg å kome med forslag til gjennomføring av reglane i det to konvensjonane no. Departementet vil kome tilbake til dette dersom situasjonen endrar seg.

Norge har også inngått ein trepartsavtale med Island og Liechtenstein som svarer til den som er inngått med Sveits. Avtalen vart skriven under 25. mars 2010, men er enno ikkje trått i kraft. Liechtenstein er knytt til EU sitt Schengen- og Dublin-regelverk gjennom to protokollar frå 2008. Vurderingane ovanfor gjeld derfor også i forhold til Liechtenstein.

15 Endring i straffeprosessloven

Straffeprosessloven kapittel 32 om fullbyrding har ingen uttrykkeleg regel om kor stor del av straffa som kan fullbyrdast og korleis dette skal fastsettast i dei tilfella kor ein person er blitt utlevert til Noreg, men kor den utleverande staten berre godtek utlevering til Noreg for nokre av dei handlingane som den norske dommen omfattar.

I *høyringsnotatet* foreslo departementet ei ny føresegn i § 463 b i straffeprosessloven om at retten, etter oppmoding frå påtalemakta, i slike tilfelle ved vedtak skal fastsette straffa for dei handlingane som overlevering eller utlevering kan skje for.

Politidirektoratet sluttar seg i *høyringa* til departementet si vurdering av behovet for å supplere straffeprosessloven kapittel 32 på dette

punktet, og viser elles til høyringsfråsegna frå Østfold politidistrikt. *Østfold politidistrikt* støtter departementet si grunngiving for forslaget men har merknader til språkforma og omgrepbruken. Også *riksadvokaten* har merknader til språkforma, men skriv elles at forslaget til ny føresegn synes dekkande for formålet.

Høyringsfråsegnene stadfester at det er behov for den foreslåtte nye føresegna om fastsetting av straff i tilfelle kor den utleverande eller overleverande staten berre godtek utlevering eller overlevering til Noreg for nokre av dei handlingane som den norske dommen omfattar. *D e p a r t e m e n t e t* foreslår derfor ei slik tilføyning, sjå forslaget til ny § 463 b i straffeprosesslova. Det vises elles til spesialmerknaden til fråsegna.

16 Økonomiske og administrative konsekvensar

Politijuristene har i si høyringsfråsegn understreka som eit meir generelt synspunkt behovet for kompetanseutvikling hos påtalejuristane. Brukarane av nye lover må få høve til å oppdatere seg, og dei etatane som lova vedkjem må få høve til å gjere seg kjende med og innarbeide det nye regelverket gjennom blant anna endring av rutinar og praksis. Dei økonomiske og administrative konsekvensane er ikkje kommentert av andre høyringsinstansar.

Departementet vil understreke at den forenkla prosedyren for overlevering av lovbrytarar som forslaget legg opp til, vil føre til mindre arbeid for både påtalemakta og domstolane. For departementet vil forslaget innebere at det i framtida vil ha svært lite å gjere med overleveringskrav til og frå EU, da med unntak for nokre saker som gjeld overlevering av norske borgarar og for politiske lovbrøt.

Forslaget om å tillate overlevering av norske borgarar vil kunne føre til nokre fleire krav om overlevering og noko meirarbeid, da først og fremst for påtalemakta og domstolane. I dei tilfella kor ein arrestordre gjeld overlevering av norsk borgar til eit land som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar hit, vil departementet måtte ta avgjerda etter at saka er førebudd av påtalemakt og domstolar. I den grad også EU-statane tillèt overlevering av eigne borgarar til Noreg, vil dette kunne føre til nokre fleire straffesaker her i landet og noko meirarbeid for politi, påtalemakt og domstolar.

I dei tilfella kor det lempa kravet til dobbel strafflegging gjer seg gjeldande, vil dette innebere noko mindre arbeid for dei norske styresmaktene som skal handsame overleveringskrava – domstolar og påtalemakt.

Føresegna om politiske lovbrøt, som opnar for at overlevering i framtida også skal kunne skje for slike lovbrøt, inneber at domstolane sjeldnare vil måtte vurdere om handlinga som ligg til grunn for arrestorden er eit politisk lovbrøt. I dei tilfella kor domstolane fortsatt vil måtte vurdere dette, er det departementet som skal avgjere arrestorden. Forslaget vil neppe få nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

Samla sett legg departementet til grunn at innsparingar og meirarbeid vil utlikne kvarandre, slik at forslaget totalt sett ikkje vil ha nemneverdige økonomiske og administrative konsekvensar. For departementet inneber overføring av størsteparten av handsamingsansvaret for overleveringar til og frå EU-statar at andre oppgåver kan prioriterast høgare og gjennomførast raskare.

Endringane i andre lover, mellom anna straffeprosessloven, utleveringsloven og panteloven (sjå merknaden til § 43), har ikkje nemneverdige økonomiske eller administrative konsekvensar.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor legg ein til grunn at alle eventuelle meirutgifter som følgjer av forslaga i proposisjonen her, vil bli dekt innanfor gjeldande bevillingar.

17 Merknader til dei enkelte paragrafane

Til § 1

Føresegna er ny, sjå likevel merknaden til første ledd andre punktum.

Første ledd første punktum angir loven sitt verkeområde som overlevering for straffbare forhold av personar mellom Noreg, Island og medlemsstatar i Den europeiske unionen (nordisk-europeisk arrestordre) og mellom Noreg og andre nordiske statar (nordisk arrestordre). Slik overlevering skjer på grunnlag av ein arrestordre, sjå definisjonane av arrestordre, nordisk-europeisk arrestordre og nordisk arrestordre i § 4. Slike overleveringar har eit folkerettslig grunnlag i høvesvis avtale 28. juni 2006 mellom Den europeiske unionen og Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane, og konvensjon 15. desember 2005 om overlevering for straffbare forhold mellom dei nordiske landa (Nordisk arrestordre). I § 4 bokstav b og c er det vist til dei nemnde instrumenta.

Arrestordreloven inneber at utlevering til EU-statar, som hittil har vore regulert i utleveringsloven, blir erstatta av eit forenkla overleveringsinstitutt. Loven inneheld i tillegg reglar som ikkje direkte gjeld overlevering av personar for straffbare forhold, men som regulerer spørsmål som kjem opp i tilknytning til ein arrestordre, sjå for eksempel § 29 om avgjerda når det ligg føre konkurrerende krav, § 37 om utlevering vidare til tredjestatar, og § 41 om transitt frå ein tredjestat til ein EU-stat.

I *andre punktum* er plikta til å etterkome og setje i verk ein arrestordre fastset. *Føresegna* førar i så måte vidare lov om nordisk arrestordre § 4 første ledd. I *føresegna* ligg at det ikkje lenger er opp til norske styresmakter sitt skjønn om ein person skal bli overlevert eller ikkje – overlevering skal skje viss det ikkje ligg føre nokon obligatorisk avslagsgrunn eller ein fakultativ avslagsgrunn som kompetent norsk styresmakt ønskjer å nytte.

Andre ledd fastset at loven også regulerer pågriping og overlevering av personar til Noreg for strafforfølging eller straffullbyrding her. Loven erstattar såleis utleveringsloven § 23 når den personen som ein ønskjer å få overlevert opp-

held seg i ein EU-stat eller Island, sjå §§ 32 og 33 om utfferding av høvesvis nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar.

Til § 2

Føresegna, som har same ordlyd som straffeprosessloven § 4, inneheld eit generelt atterhald om at loven gjeld med dei avgrensingane som følgjer av folkerettsleg sedvanerett og av traktatar og konvensjonar som er bindande for Noreg. I første rekkje er dette dei to instrumenta som ligg til grunn for loven, sjå merknaden til § 1. I tillegg kjem annan folkerett, ikkje minst Den europeiske menneskerettskonvensjonen, uttrykkeleg nemnd i fortalane både til den nordiske konvensjonen og til parallellavtalen med EU og Island, og FN sin konvensjon om sivile og politiske rettar. Begge desse har status som norsk lov, sjå menneskerettsloven § 2. Loven må også nyttast i samsvar med folkerettslege avgrensingar som følgjer av *føresegner* om privilegium og immunitet, sjå § 27.

Til § 3

Paragrafen seier at straffeprosessloven sine *føresegner* gjeld så langt dei passer om ikkje noko anna går fram av loven her. *Føresegna* er ei vida-reføring av den nordiske utleveringsloven § 10, og, innanfor loven sitt verkeområde, utleveringsloven § 14 nr. 3. Loven inneheld sjølv enkelte straffeprosessuelle *føresegner*, sjå særleg §§ 13 og 20 med blant anna vilkår for pågriping og fengsling. Også desse må supplerast av andre reglar i straffeprosessloven kapittel 14.

Til § 4

Paragrafen inneheld definisjonar av sentrale omgrep og tener også til å avgrense loven sitt verkeområde nærmare.

Bokstav a skildrar kva ein arrestordre er: ei avgjerd av kompetent myndigheit i ein EU-stat, Island eller Noreg om at ein annan av dei nemnde statane skal pågripe og overlevere ein person anten for strafforfølging eller fullbyrding av visse

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

former for straff. Det er opp til den enkelte staten å definere kven som er kompetent til å utstede ein arrestordre; statane skal erklære kven dette er ved inngåing av avtalane. Føresegna speglar den nordiske konvensjonen artikkel 1 nr. 1 og parallellavtalen med EU og Island artikkel 2 nr. 5.

Ein arrestordre vil svare til eit utleveringskrav i den forstand at den innleiar prosessen. Men mens eit utleveringskrav formelt berre er ei oppmoding til ein annan stat, er arrestordren ein ordre om pågriping med tanke på påfølgande overlevering som skal settjast i verk om ikkje det ligg føre ein avslagsgrunn. Av *andre punktum* følger at i dei av loven sine kapittel som inneheld felles føresegner for både nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar, famnar arrestordre-omgrepet både nordiske og ikkje-nordiske arrestordrar.

Bokstav b definerer ein nordisk-europeisk arrestordre som ein arrestordre ferda ut etter parallellavtalen med EU. I tillegg skal ein europeisk arrestordre ferda ut i samsvar med EU si rammeavgjerd, reknast som ein nordisk-europeisk arrestordre av norske styresmakter og handsamast etter reglane som gjeld for desse.

Av *bokstav c* følgjer at ein nordisk arrestordre er ein arrestordre utferda i samsvar med den nordiske konvensjonen om overlevering (Nordisk arrestordre). Men i tillegg skal også ein kvar annan arrestordre utferda av ein nordisk stat reknast som ein nordisk arrestordre. I praksis vil dette omfatte europeiske arrestordrar utferda av Sverige, Finland eller Danmark i samsvar med rammeavgjerda nemnd over, og arrestordrar utferda av Island på grunnlag av parallellavtalen.

Bokstav d definerer omgrepet utlevering som utlevering av personar for straffbare forhold etter utleveringsloven eller tilsvarende reglar i framand stat.

Både utlevering og overlevering er nemningar på overføring av mistenkte eller domfelte frå den staten vedkomande oppheld seg i og til eit anna land ved bruk av tvang, og begge ordningar har til formål å mogleggjere grenseoverskridande rettsforfølging. Skilnaden ligg i kva materielle og prosessuelle reglar som gjeld for handsaminga og avgjerda av krav om høvesvis utlevering og overlevering. Definisjonen i bokstav d er gitt for å synleggjere skilnaden mellom overlevering og utlevering, og for å tydeleggjere kva som ligg i omgrepet utlevering der dette er nytta, sjå §§ 13 fjerde ledd siste punktum, 15 første ledd siste punktum, 16, 20 femte ledd siste punktum, 22, 24, 28 femte ledd, 29 andre og tredje ledd, 37 og 41 tredje ledd.

Til § 5

Paragrafen listar opp kva for opplysningar ein arrestordre skal innehalde, jf. den nordiske konvensjonen artikkel 7 nr. 1 og parallellavtalen med EU artikkel 11 nr. 1, og fører vidare lov om nordisk arrestordre § 2 første ledd med nokre redaksjonelle endringar. Opplysningane som er lista opp inngår i dei skjema som er vedlegg til høvesvis den nordiske konvensjonen og parallellavtalen med EU. Krava gjeld både for arrestordrar som skal handsamast av norske styresmakter, og arrestordrar som blir utferda av norsk påtalemynd. Dersom norsk politi eller påtalemynd mottar ein mangelfull arrestordre, er dette ikkje utan vidare ein avslagsgrunn, sjå andre ledd.

Det er vist til paragrafen her i § 32 om utferding av nordisk-europeiske arrestordrar, sjå fjerde ledd første punktum, og § 33 om utferding av nordiske arrestordrar, sjå andre ledd. Kva for språk ein arrestordre skal vere skriven på, følgjer av § 26 for arrestordrar som skal handsamast av norske styresmakter og §§ 32 femte ledd og 33 andre ledd for arrestordrar som skal ferdast ut av norske styresmakter. Korleis arrestordrar skal sendast, går fram av §§ 25 og 34.

Andre ledd gir påtalemakta heimel for å avslå ein arrestordre utan nærmare sakshandsaming i tilfelle kor arrestordren har vesentlege manglar, typisk at den ikkje inneheld dei opplysningane som krevst etter første ledd. Det vil til dømes normalt utgjere ein vesentleg mangel dersom det ikkje er gitt opplysning om grunnlaget for arrestordren, jf. første ledd bokstav c, eller dersom straffa eller strafferamma ikkje er oppgitt, jf. første ledd bokstav f. Før påtalemakta avslår med heimel i denne føresegna, skal den utferdande staten ha fått ein frist til å rette opp manglane. Avgjerda bør vere skriftleg.

Til § 6

Første ledd lovfestar dei grunnleggjande vilkåra for overlevering på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre, sjå § 4 bokstav b, jf. parallellavtalen artikkel 3 nr. 1. Den parallelle føresegna for nordiske arrestordrar er § 17. *Bokstav a* gjeld arrestordrar ferda ut for strafforfølging. Etter dette alternativet krevst det at forholdet som overleveringskravet gjeld kan føre til fridomsstraff eller annan reaksjon som inneber tap av fridommen i 1 år eller meir i den utferdande staten. Etter *bokstav b* kan det ferdast ut arrestordrar til fullbyrding av reaksjon som nemnd på minst fire månader. Ettersom kravet til straffetrusselen eller

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

idømd straff følgjer av den underliggande folkerettslige avtalen og kjem an på strafferammer eller avgjerder i den staten som sett fram arrestordren, vil den utanlandske styresmakta sjølv måtte sjå til at krava her er oppfylt. I praksis vil derfor ein norsk domstol neppe kome til å måtte avslå ein arrestordre på grunn av at vilkåra i første ledd ikkje er oppfylt.

Andre ledd lempar på krava i første ledd når arrestordren omfattar fleire forhold. Det er da tilstrekkeleg at anten kravet til strafferamme eller til idømd straff i første ledd er oppfylt for eit av forholda (aksessorisk overlevering). I praksis inneber kravet om at dei aksessoriske forholda må vere straffbare etter norsk lov eit krav om dobbel strafflegging, jf. føresegna om dobbel strafflegging i § 7 første ledd. Men formelt er kravet i føresegna her til strafflegging i norsk rett eit unntak frå strafferammekravet/kravet til idømd straff.

Til § 7

Paragrafen gjeld krav om dobbel strafflegging, altså at handlinga som arrestordren gjeld skal vere straffbar både etter norsk lov og etter den utførande staten sin rett.

Hovudregelen i *første ledd* fører vidare det tilsvarende kravet i utleveringsloven § 3 nr. 1. Mangel på dobbel strafflegging er ein obligatorisk avslagsgrunn som skal prøvast av retten på linje på dei som er nemnde i § 8, men den er av lovtekniske grunnar regulert i ei eiga føresegn.

Andre og tredje ledd inneheld visse unntak frå kravet til dobbel strafflegging. Er handlinga som arrestordren gjeld omfatta av eit av unntaka, inneber dette at norske domstolar ikkje skal prøve om handlinga også er straffbar etter norsk rett.

Andre ledd gjeld enkelte former for medverknad til felles kriminell verksemd. Ordlyden her lik teksten i parallellavtalen artikkel 3 nr. 3. Med felles kriminell verksemd meinast tilfelle der ei gruppe personar er saman om å gjere straffbare handlingar. Årsaka til at føresegna ikkje er tilpassa norsk juridisk terminologi er at det avgjerande for om unntaket er aktuelt, er at den staten som har utstedt arrestordren meiner at handlinga fell inn under denne kategorien. Denne vurderinga skal ikkje norske styresmakter overprøve.

Formuleringa av kravet til bidragshandlingane og deira tilknytning til den felles kriminelle verksemda («behaviour of any person who contributes to the commission by a group of persons acting with a common purpose») svarer til den som er nytta i EU sin konvensjon om utlevering mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen 27.

september 1996, artikkel 3 nr. 4, sjå også vedtektene for Den internasjonale straffedomstolen (Roma-vedtektene) artikkel 25 nr. 3 bokstav d. Skuldkravet («intentional and made with the further knowledge that his or her participation will contribute to the achievement of the organisation's criminal activities») har likskapsdrag både med den føresegna som nettopp vart nemnd, men også med EU sitt rammevedtak om kamp mot terrorisme artikkel 2 nr. 2 bokstav b. Sjå også Roma-vedtektene artikkel 25 nr. 3 bokstav d.

Kva for handlingar bidraget eller medverknaden må bestå i, er ikkje presisert. Det kan dermed dreie seg om bidrags- eller medverknadshandlingar av ein kvar art; ein må vurdere konkret om åtferda har bidrege til eit eller fleire straffbare lovbrøt. Som det går fram av ordlyden treng åtferda ikkje å innebære deltaking i sjølve utføringa av lovbrøta – bidraget/medverknaden kan såleis bestå i ein rein hjelpefunksjon. Det er heller ikkje noko krav om at personen som har medverka sjølv er «medlem» av gruppa så framti dei andre vilkåra er oppfylte. Men det er ein føresetnad at handlingane kan straffast med fengsel eller ein anna reaksjon som inneber tap av fridomen i minst 12 månader. I tillegg så må bidragshandlingane knytte seg til dei handlingane, gjort i fellesskap, som er lista opp. Skuldkravet er forsett. I tillegg må den som har medverka ha hatt kunnskap om at deltakinga ville bidra til å realisere organisasjonen si kriminelle verksemd.

Tredje ledd første punktum gjer unntak frå kravet til dobbel strafflegging for bestemte handlingar som går fram av forskrift til loven, sjå heimele i *andre punktum*. Det er eit vilkår at handlinga kan straffast med fengsel eller annan fridomsrøvande reaksjon i minst 3 år etter reglane i den staten som har ferda ut arrestordren. Unntaket gjeld likevel berre i høve til land som heller ikkje sjølve stiller krav om dobbel strafflegging for overlevering til Noreg for det same handlingane. Lista, som vil bli teke inn i forskrift, vil svare til den i parallellavtalen artikkel 3 nr. 4. Føresegna er nærare omtalt i punkt 6.4 ovanfor.

Til § 8

Føresegna reknar opp dei avslagsgrunnane som er ufråvikelege. Er ein av desse avslagsgrunnane til stades for eit eller fleire av dei forholda som arrestordren gjeld, skal den avslåast for desse. Direkte så gjeld paragrafen her for overlevering på grunnlag av nordisk-europeiske arrestordrar, men det følgjer av § 18 at den i det vesentlege gjeld tilsvarende for overlevering til dei nordiske landa på grunnlag av ein nordisk arrestordre.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Paragrafen er i det vesentlege ei vidareføring av lov om nordisk arrestordre 5, men formuleringa i innleiinga er noko endra ved at den no seier at arrestordren skal avslåast for dei enkelte forholda som det føreligg ein avslagsgrunn for. Om heile arrestordren skal verte avslått i tilfelle kor det ligg føre ein avslagsgrunn for eit av forholda, kjem an på om arrestordren også omfattar forhold som gir grunnlag for overlevering.

Bokstavane a til i fører vidare lov om nordisk arrestordre § 5 og ein viser til merknadene til denne i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008).

Bokstav g om tilfelle kor rettsforfølging er innstilt i Noreg er også ei vidareføring men med enkelte endringar: For det første er det presisert at innstilt rettsforfølging berre er avslagsgrunn i dei tilfella kor den ettersøkte først har vore sikta for forholdet. Det er berre kor den ettersøkte har vore sikta, jf. straffeprosessloven § 82, at omsyna som ligg til grunn for Schengen-konvensjonen artikkel 54, sjå Ot.prp. nr. 39 (2007-2008) side 14-15, tilseier at innstillinga givast verknad som endeleg avgjerd som hindrar overlevering. Straffeprosessloven § 74 om vilkåra for å ta opp att forfølging av saker som tidlegare er blitt innstilte, gjeld berre kor nokon har vore sikta i saka. Har det ikkje vore nokon sikta, er det ikkje noko til hinder for at forfølginga vert teke opp att. Presiseringa inneber at dersom til dømes saka er innstilt fordi det ikkje vart sett fram noko krav om påtale, og utan at forfølging har vore sett i verk, er innstillinga ikkje til hinder for overlevering. Men i tilfelle kor det har vore teke skritt som har gitt ein person status som sikta, men kor krav om påtale ikkje har vore sett fram eller er trekt tilbake, er innstilling til hinder for overlevering.

Bokstavane j og k er nye. *Bokstav j* seier at ein arrestordre som gjeld strafforfølging skal avslåast i tilfelle kor det ligg føre ein rettskraftig dom eller anna endeleg avgjerd i ein internasjonal eller overnasjonal domstol som er til hinder for vidare strafforfølging. Bokstaven gjeld både for nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar, sjå § 18. Gjeld arrestordren straffullbyrding, skal den avslåast om den ilagde reaksjon er fullbyrda, under fullbyrding eller dersom den ikkje lenger kan fullbyrdast. Føresegna er ei uttrykkeleg lovfesting av avgrensingar i plikta til å overlevere som følgje av andre folkerettslige plikter, jf. lovforslaget § 2 og lov 24. juni 1994 om Jugoslavia- og Rwandadomstolane, § 5, og lov 15. juni 2001 nr. 65 om gjennomføring av Roma-vedtektene, § 9.

Bokstav k gjeld berre for nordisk-europeiske arrestordrar og i tilfelle kor handlinga er gjort heilt eller delvis på norsk territorium. For det før-

ste skal arrestordren da avslåast for forhold som ikkje er straffbare etter norsk rett. Ettersom det fortsatt som hovudregel gjeld eit krav om dobbel strafflegging for å kunne overlevere, sjå § 7 første ledd, har føresegna i praksis berre tyding i tilfelle kor det er gjort unntak frå kravet, sjå nemnde paragraf sitt andre og tredje ledd. Er handlinga gjort på norsk territorium, må vilkåret om dobbel strafflegging alltid vere oppfylt for å kunne overlevere til statar utanfor Norden. For det andre er forelding etter norsk rett ein ufråvikeleg avslagsgrunn i tilfelle kor handlinga er gjort heilt eller delvis på norsk territorium. Føresegna gjeld både forelding av straffansvaret og forelding av idømd straff.

Andre ledd seier at ein arrestordre også skal avslåast dersom overlevering vil vere i strid med EMK eller ein av tilleggsprotokollane som gjeld som norsk lov. Dette vil kunne vere tilfellet om det er grunn til å tru at overlevering er kravd i den hensikt å strafforfølge eller fullbyrde straff mot den ettersøkte på grunn av til dømes vedkomande si religiøse tru, politiske oppfatning eller seksuelle legning m.v., dersom slik forfølging eller fullbyrding ville stride mot EMK sitt diskrimineringsforbod, jf. EMK artikkel 14. Det same vil gjelde om det er grunn til å tru at den ettersøkte vil bli utsett for tortur eller anna umenneskeleg eller fornedrande behandling eller straff, jf. EMK artikkel 3. Det kan også tenkast at andre av konvensjonen sine føresegner kan vere aktuelle, til dømes artikkel 6 om retten til rettviss rettargang. For å kunne avslå ein arrestordre på grunn av strid med EMK, må det krevjast at det ligg føre konkrete haldepunkt for at overlevering vil kome i strid med konvensjonen.

Avslagsgrunnene i paragrafen her gjeld også i dei tilfelle kor kravet om dobbel strafflegging ikkje gjeld, sjå § 7 andre og tredje ledd. Til dømes kan ein arrestordre som gjeld ei terrorhandling omfatta av § 7 andre ledd bokstav a, avslåast dersom ein av avslagsgrunnane i § 8 er til stades.

Til § 9

Paragrafen omhandlar overlevering på grunnlag av nordisk-europeiske arrestordrar for politiske lovbrøt og gjennomfører parallellavtalen artikkel 6. Den er nærmare omtalt ovanfor under punkt 6.3.

Første ledd slår fast hovudregelen: Sjølv om ei handling skulle bli vurdert som politisk eller politisk motivert av norske styresmakter, gir dette ikkje grunnlag for å avslå arrestordren. Hovudregelen er følgjeleg den motsette av det som følgjer

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

av utleveringsloven § 5 nr. 1. Fordi parallellavtalen opnar for at ein kan avslå for politiske lovbrøt overfor statar som sjølve har teke atterhald om at dette er avslagsgrunn, er det i *andre ledd første punktum* teke inn ein heimel for å nekte overlevering i slike tilfelle.

Sakshandsaminga i tilfelle kor det kan vere snakk om politiske lovbrøt går fram av *tredje ledd*. Sjølv om det ikkje er snakk om nokon obligatorisk avslagsgrunn skal retten, som i dag, avgjere om handlinga det er snakk er eit politisk lovbrøt, jf. *første punktum*. Kjem retten til at det ikkje er tilfelle, og dei ufråvikelige vilkåra for overlevering er til stades, skal påtalemakta avgjere overleveringskravet på vanleg måte. Men dersom retten kjem til at det er snakk om eit politisk lovbrøt, skal departementet avgjere kravet, jf. *andre punktum*. Dette gjeld også dersom arrestordren omfattar fleire lovbrøt og eit av dei vert rekna som politisk. I tilfelle kor departementet skal avgjere arrestordren, bør påtalemakta gi ei tilråding om kor vidt ein av dei fakultative avslagsgrunnane bør nyttast.

Det er opp til departementet sitt skjønn om ein arrestordren skal avslåast for politiske lovbrøt. Men parallellavtalen artikkel 6 nr. 2 inneber folkerettslege skrankar for departementet si avgjerd i terrorrelaterte saker. Gjeld arrestordren ei terror- eller terrorrelatert handling som er nemnd her, vil ikkje departementet kunne avslå arrestordren sjølv om handlingane skulle verte sett på som politisk.

Til § 10

Paragrafen regulerer overlevering av norske borgarar. *Første ledd første punktum* slår fast at loven sine reglar om overlevering også gjeld for norske borgarar. Norske borgarar skal dermed overleverast om ikkje ein av avslagsgrunnane er til stades. Forbodet mot overlevering av norske borgarar i utleveringsloven § 2, gjeld ikkje i samband med overlevering. Men ved overlevering av norske borgarar til strafforfølgning, kan det stillast vilkår om at vedkomande sendast tilbake hit for soning, sjå § 22 andre ledd.

Andre ledd første punktum er ein særregel for dei tilfella kor ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar til Noreg, krev overlevering av ein norsk borgar. I desse tilfella kan arrestordren avslåast. Avgjerda av om høvet til å avslå skal nyttast er det departementet som skal ta, jf. *andre punktum*. Ordlyden legg ikkje nokre føringar for departementet si avgjerd i desse tilfella, men eit moment i vurderinga vil vere kva handling det er snakk om. Departementet legg til grunn at ein

også må ta omsyn til plikta som følgjer av utleveringskonvensjonen artikkel 6 nr. 2 til sjølv å vurdere strafforfølgning, og om strafforfølgning her til lands vil by på særlege vanskar, særleg i samband med bevisføringa. Ein må også vurdere om det vil vere tilstrekkeleg å sette vilkår som nemnd i § 15 andre ledd.

Til § 11

Føresegna er ny og gjennomfører parallellavtalen artikkel 8 nr. 1 og 2. Den gjeld berre ved overlevering på grunnlag av nordisk-europeiske arrestordrar. Reglane skal sikre at overlevering ikkje kjem i strid med EMK.

Første ledd gjeld overlevering til straffullbyrding av dom avsagt utan at den ettersøkte var til stades. Dersom han eller ho heller ikkje var blitt innkalla eller på annan måte var kjent med tid og sted for rettsforhandlingane, skal overlevering ikkje skje utan at den staten som ber om overlevering forsikrar at den ettersøkte kan krevje saka handsama på ny og da vil få høve til å vere til stades.

Andre ledd gjeld livstidsstraff. EMD har i Kafkaris mot Kypros (dom 12. februar 2008) uttalt at ein dom på livstidsstraff ikkje i seg sjølv strir mot forbodet mot tortur i EMK artikkel 3. Men dersom det ikkje finnes noko moglegheit, rettsleg eller faktisk, for lauslating, kan slik straff likevel tenkast å vere i strid med torturforbodet. Sjø premiss 97 og 98 i dommen.

Av *tredje ledd* går det fram at den nødvendige forsikringa skal vere framlagt før retten avgjer om vilkåra for overlevering er oppfylte. Fråvær av slik forsikring får dermed karakter av ein obligatorisk avslagsgrunn. Det er opp til retten å vurdere om det ligg føre ei tilstrekkeleg forsikring.

Til § 12

Paragrafen regulerer i kva tilfelle ein arrestordre kan avslåast. Den gjeld tilsvarande for nordiske arrestordrar, sjå § 19 første ledd bokstav a. Det er likevel inga plikt til å avslå på dei grunnlaga som her er nemnd. Vurderinga er lagt til påtalemakta.

Første ledd gjeld krav om overlevering til strafforfølgning og fører vidare lov om nordisk arrestordre § 6 første ledd bokstav a og c (bokstav b er ført vidare i § 8 bokstav k, sjå merknaden til denne).

Andre ledd gjeld overlevering til straffullbyrding og fører i hovudsak vidare lov om nordisk arrestordre § 6 første ledd bokstav d, men slik at høvet til å avslå ein arrestordre som gjeld fullbyr-

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

ding for personar som berre oppheld seg her, er fjerna. Det er ikkje meininga at verken norsk statsborgarskap eller busetnad her i landet i seg sjølv skal vere tilstrekkeleg grunn til at ein arrestordre til straffullbyrding vert avslått. Tvert imot bør avslag berre skje om personen har sterk og aktuell tilknytning til landet, noko som ikkje utan vidare er tilfellet verken for norske borgarar eller personar busette her. Ein kan tenkje seg personar som har behalde sitt norske statsborgarskap, men som har budd fleire år eller mesteparten av livet i utlandet. Det er neppe nokon grunn til at desse skal gjennomføre straffa her. På den andre sida kan ein tenkje seg personar som aldri er blitt norske statsborgarar, men som har budd her mesteparten av livet og har familie og nettverk her. I slike tilfelle kan bruk av denne avslagsgrunnen vere riktig. Ved vurderinga må ein også sjå hen til kva slags straff det er tale om å fullbyrde; dette er særleg aktuelt kor dommen går ut på anna tap av fridomen enn fengsel. Lengda på straffa er også relevant. Er den ettersøkte under 18 år, må det avgjerande vere barnet sitt beste. I slike tilfelle bør påtalemakta sørgje for at verjene til barnet, eventuelt også barnevernet eller andre som har føresetnader for det, får uttale seg.

Tredje ledd seier kven som har rett til å uttale seg. Fullbyrding i Noreg vil i praksis berre vere aktuelt i dei tilfella den ettersøkte sjølv ønskjer dette.

Det visast elles til merknadene i Ot.prp. nr. 39 (2007–2008).

Til § 13

Paragrafen gir særreglar om bruken av pågriping og fengsling i samband med nordisk-europeiske arrestordrar. I femte ledd er det også ei føresegn om bruken av andre tvangsmiddel. Den tilsvarende føresegna for nordiske arrestordrar er § 20.

Vilkåra for pågriping, som er grunnleggjande annleis enn dei som gjeld ved pågriping etter straffeprosessloven § 171, går fram av *første ledd*. Utgangspunktet er at pågriping av ein person skal skje snarast mogleg når det ligg føre ein arrestordre på han; dette for å sikre at overlevering kan skje i samsvar med og innan fristane som er satt i parallellavtalen. Vilkåra for pågriping og fengsling er nærmare omhandla i punkt 10.4. Det er ein føresetnad for å nytte tvangsmiddel at det ligg føre ein arrestordre som ikkje inneheld vesentlege manglar, sjå § 5 andre ledd. Men mindre manglar bør neppe vere til hinder for at pågriping skjer. Kven som treff avgjerd om pågriping og krava til avgjerda, følgjer av dei alminnelege reglane i straf-

feprosessloven § 175 flg., sjå tilvisinga i lovforslaget § 3.

I reservasjonen i første ledd *første punktum* ligg at den ettersøkte ikkje skal pågripast når det ut frå opplysningane i arrestordren er klart at det ligg føre ein obligatorisk avslagsgrunn, jf. særleg §§ 6 til 8, eller når det allereie på dette tidspunktet er klart at påtalemakta ikkje ønskjer å etterkome arrestordren på grunn av forhold som nemnd i § 12. Det kan til dømes vere at den ettersøkte allereie er dømt og er under soning for det forholdet arrestordren gjeld, eller at han eller ho var under den kriminelle lågaldar da handlinga vart gjort. Eller det kan tenkast at den ettersøkte er under etterforsking i Noreg for det forholdet arrestordren gjeld og at påtalemakta ønskjer å strafforfølgje den ettersøkte her. I slike tilfelle vil pågriping ikkje tene noka hensikt, men tvert om kunne forseinke avgjerda om overlevering. Pågriping vil i slike saker også kunne vere eit for inngripande tiltak. Dersom det til dømes er klart at overlevering ikkje er aktuelt på grunn av den ettersøkte sin immunitet eller fordi overlevering vil vere i strid med menneskerettane, skal pågriping heller ikkje skje.

Første ledd *andre punktum* inneheld ein særregel for dei tilfella kor den ettersøkte er under 18 år. Presumsjonen er da den motsette av den som elles gjeld – pågriping skal i desse tilfella berre skje kor det er særleg påkravd. Ein viser til straffeprosessloven § 174 og praksis i tilknytning til denne.

Første ledd *tredje punktum* seier at straffeprosessloven § 170 a om krav til at bruk av tvangsmiddel skal vere formålstenleg og høveleg, også gjeld ved pågriping i samband med arrestordrar. Det er vanskeleg å sjå for seg at pågriping ikkje vil vere formålstenleg i samband med arrestordrar, men ein kan unntaksvis tenkje seg at pågriping ikkje er høveleg. Sjølv om det gjeld ein presumsjon for fengsling, og sjølv om vilkåra for pågriping i og for seg er oppfylte, kan det til dømes vere at personlege forhold hos den ettersøkte gjer at pågriping er eit for inngripande tiltak. Føresegna gjeld også i samband med fengsling og anten den ettersøkte er over eller under 18 år.

Andre ledd omhandlar den pågripne sin rett til informasjon. I samband med sjølv pågripinga skal den ettersøkte opplysast om arrestordren og at det er den som er grunnlaget for pågripinga, jf. *første punktum*. Politiet skal også informere om at den ettersøkte kan velje å samtykke i overlevering, jf. *andre punktum*, men ein ser for seg at det er meir naturleg å gjere dette etter innkomst på politistasjonen eller i samband med avhør av den

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

ettersøkte dersom avhøret blir teke kort tid etter pågripinga. Derfor gjeld ikkje heilt same krav til tidspunktet for når informasjonen skal givast her som for informasjon om sjølve arrestordren. *Tredje punktum* slår fast retten til forsvarar. Forsvararen får godtgjering av det offentlege i samsvar med reglane i straffeprosessloven.

Vilkåra for fengsling går fram av *tredje ledd*. *Første og andre punktum* slår fast påtalemakta si plikt til å framstille den pågripne for fengsling innan den alminnelege framstillingsfristen i straffeprosessloven § 183. Det gjeld ein presumsjon for fengsling, sjå omtalen under punkt 10.3. Men fengslingskravet skal likevel avslåast i nokre tilfelle som går fram av *tredje punktum*. For det første må den avslåast dersom ikkje vilkåra for pågriping i første ledd er oppfylt. Retten må dermed foreta ei førebels vurdering av mulige avslagsgrunnar. Og sjølv om vilkåra for pågriping er oppfylt, skal fengsling ikkje skje dersom retten finn at det ikkje er nødvendig av omsyn til gjennomføring av overleveringa å halde den ettersøkte fengsla: Den ettersøkte skal lauslatast, eventuelt på vilkår, dersom det ikkje er noko grunn til å frykte at den ettersøkte vil unndra seg eller gjere overlevering vanskeleg. Dommaren må her foreta ei konkret vurdering av risikoen for at den ettersøkte unndreg seg overlevering. I motsetnad til det som gjeld ved vurderinga av fluktfaren etter straffeprosessloven § 171 første ledd nr. 1, krevst det ikkje særskilte haldepunkt for fluktfare, men derimot haldepunkt for at det *ikkje* ligg føre nokon slik risiko. Den ettersøkte sin alder, livs- og familiesituasjon og andre personlege omstende kan gjere at det verkar lite truleg at personen vil flykte. Men av omsyn til plikta til å sørge for overlevering i samsvar med avtalen, bør reservasjonen nyttast med varsemd.

Når det gjeld kravet til at fengsling må vere høveleg så må retten vurdere om fengsling fram til forventa overleveringstidspunkt vil vere for inn-gripande. I tråd med prinsippet om gjensidig godkjenning skal tingretten i si avgjerd leggje til grunn dei opplysningane som går fram av arrestordren, om ikkje desse er openbart feil, jf. *fjerde punktum*.

Fengslingsfristen er fire veker, jf. *fjerde ledd første punktum*. Her som elles er dette ein lengstefrist; retten må foreta ei konkret vurdering ut frå antatt overleveringstidspunkt og andre konkrete forhold i saka. Dersom det, til dømes på grunn av personlege forhold hos den ettersøkte, er fare for at grunnlaget for fengsling vil endre seg i løpet av fire veker, må retten sette ein kortare frist. Fristen kan ikkje vere lengre enn fire veker, men den kan

forlengast med fire veker om gangen, jf. *andre punktum*. *Tredje punktum* inneheld eigne fristar kor den pågripne er under 18 år. Ein viser til omtalen av Høgsterettspraksis under punkt 10.3. *Fjerde punktum* fastset at samla fengslingstid som hovudregel ikkje skal overstige 12 veker. Særlege grunner som kan gjere at fengslinga varer ut over 12 veker, kan blant anna vere at den ettersøkte nyt immunitet eller privilegium som eventuelt må opphevast, sjå § 27.

Dersom det ligg føre eit konkurrerande krav om utlevering, vil det ikkje vere mogleg å avgjere om arrestordren skal etterkomast innan fristane i § 14. Det kan ta lang tid å avgjere om det er utleveringskravet eller arrestordren som skal etterkomast. Det same gjeld dersom den ettersøkte tidlegare anten er overlevert eller er utlevert frå ein tredjestat og denne staten må samtykke til overlevering. I desse tilfella følgjer det av *femte punktum* at fjerde punktum om samla fengslingstid ikkje gjelder.

Femte ledd første punktum fastset at andre tvangsmiddel enn pågriping og fengsling kan nyttast i same grad som i saker om tilsvarende lov-brot her i riket. Også ved vurderinga av om det er grunnlag for bruk av andre tvangsmidlar, skal opplysningane i arrestordren leggjast til grunn om dei ikkje er openbert feil, jf. *andre punktum*.

Til § 14

Paragrafen regulerer kva myndigheiter som treff avgjerd om overlevering i samband med nordisk-europeiske arrestordrar, og kva for prosedyrar og fristar som gjeld for avgjerda.

Første ledd første punktum seier at påtalemakta etter mottak av arrestordren straks skal bringe saka inn for tingretten. Retten skal ved orskurd avgjere om vilkåra for overlevering er oppfylte, jf. *andre punktum*.

Andre ledd første punktum seier at den ettersøkte i retten skal bli spurt om han eller ho samtykkjer til overlevering. Blir det samtykka til overlevering, skal vedkomande også bli spurt om han eller ho samtykkjer til rettsforfølging for andre lov-brot gjort før overleveringa, jf. *andre punktum*. Samtykke i overlevering på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre, og eventuelt i rettsforfølging for andre lov-brot, skal givast i retten. Samtykket skal vere skriftleg, jf. *tredje punktum*. *Fjerde punktum* seier at dersom den ettersøkte samtykkjer til overlevering, skal retten ta stilling til om vilkåra er oppfylt og avseie ordkurd straks og seinast innan ei veke. Dette for at fristen i parallellavtalen artikkel 20 nr. 2 skal kunne overhaldast.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Som ved vurderinga av fengsling skal tingretten treffe avgjerda på grunnlag av opplysningane som går fram av arrestordren, om dei ikkje er openbert feil, jf. *tredje ledd første punktum*. Retten sin orskurd kan bli anka, jf. *andre punktum*. Men fristen for anke er korta ned til tre dagar, jf. *tredje punktum*. Dette er i samsvar med fristen for anke over retten sin orskurd om vilkåra for utlevering er til stades, jf. utleveringsloven § 17 nr. 3. Ein anke har alltid oppsettande verknad, jf. *fjerde punktum*. Ifølgje *femte punktum* skal rettskraftig orskurd om mogleg ligge føre innan 45 dagar, men innan ei veke om den ettersøkte samtykkjer til overlevering. Den rettskraftige avgjerda sendast straks til påtalemakta, som innan tre arbeidsdagar avgjer om arrestordren skal etterkomast eller ikkje, jf. *sjette punktum*.

Fjerde ledd regulerer dei tilfella kor arrestordren manglar opplysningar eller det ligg føre andre forhold som gjer at arrestordren ikkje kan effektuerast straks. I desse tilfella tar ikkje fristen til å laupe før manglane er retta. *Femte ledd* pålegg påtalemakta å underrette den utferdande staten dersom fristane ikkje kan overhaldast.

Påtalemakta sitt vedtak om overlevering kan klagast på, jf. *sjette ledd*. Dette gjeld både positive og negative vedtak og spørsmål om kva for vilkår som skal settjast. Men ein kan ikkje grunngi klagen med at vilkåra for overlevering ikkje er til stades. Spørsmålet om vilkåra for overlevering er oppfylte hører inn under domstolen. Straffeprosessloven § 59 a gjeld tilsvarende, men slik at klagefristen er tre dagar. Klagen har oppsettande verknad. Overordna påtalemakt skal så langt mogleg avgjere klagen innan tre arbeidsdagar. Fristane er satt for å sikre at overlevering kan skje innan fristane i parallellavtalen.

Sjuande ledd første punktum seier at norske styresmakter skal underrette den myndigheita som har utstedt arrestordren så snart det ligg føre ei avgjerd. Av *andre punktum* følgjer at avslag på arrestordren skal grunngivast.

Åttande ledd gir heimel for å gi forskrifter om samtykke.

Til § 15

Paragrafen lovfestar kva vilkår norsk påtalemakt skal stille i samband med ei overlevering av norske borgarar og personar som er busette her.

Første ledd første punktum gjeld i tilfelle kor det er snakk om å overlevere ein norsk borgar vidare til ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar til Noreg. Det skal i samband med underretninga om overlevering stillast vilkår om at slik

overlevering vidare ikkje skal skje utan at departementet samtykkjer. Dette er i tråd med høvet departementet har til å avslå overlevering av norske borgarar i samsvar med gjensidighetsprinsippet, sjå § 10 andre ledd. *Andre punktum* krev at det vert stilt vilkår om at utlevering vidare til statar utanfor Norden og EU, sjå § 4 bokstav d, ikkje skjer. Forbodet mot utlevering av norske borgarar i utleveringsloven § 2 gjeld fortsatt i høve til statar utanfor Norden og EU.

Avgrensingane i høvet til overlevering og utlevering vidare gjeld likevel berre når arrestordren eller utleveringskravet er grunna på forhold gjort før overleveringa frå Noreg. Dersom til dømes ein norsk statsborgar vert overlevert til Nederland for straffullbyrding, og etter å ha sona ferdig let vere å returnere til Noreg innan 45 dagar, men i staden reiser til USA og gjer seg skuldig i straffbare forhold der, er han ikkje lenger verna av utleveringsloven sitt forbod mot utlevering av norske borgarar.

Andre ledd gjeld vilkår i samband med overlevering av både norske borgarar og personar som er busett her. Føreseigna svarer til parallellavtalen artikkel 8 nr. 3 og varetek dei same omsyna som føreseigna i § 12 andre ledd. Sjå også den tilsvarende føreseigna for nordiske arrestordrar i § 22 andre ledd.

Andre ledd første punktum seier at når ein arrestordre gjeld overlevering til strafforfølgning, og den ettersøkte er norsk statsborger eller er busett her, kan det stillast som vilkår for overlevering at den ettersøkte vert send tilbake for å sone ein eventuell dom her. Om det skal stillast slikt vilkår må vurderast konkret. Ikkje minst må dette vurderast nøye dersom den ettersøkte er under 18 år. Generelt vil det elles vere slik at jo sterkare tilknytning den ettersøkte har til Noreg, jo meir nærliggande er det å stille vilkår om tilbakeføring for soning. Er den som skal overleverast norsk statsborgar, bør utgangspunktet vere at det stillast vilkår som nemnd. Men har vedkomande budd i den staten han skal overleverast til over lengre tid, kan hende i fleire år, er dette likevel ikkje gitt. For borgarar som er busett her vil det vere av vesentleg tyding om personen skal overleverast til den staten han er statsborgar av eller til ein annan stat. Generelt vil det også ha tyding kor lang straff det er tale om å sone – dette gjeld anten den ettersøkte er norsk statsborgar eller berre er busett her.

Andre punktum seier at både den ettersøkte og kriminalomsorga skal gjevast høve til å uttale seg før eit slikt vilkår blir stilt. Det er kriminalomsorga si sentrale forvaltning som er rett nivå

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

innan kriminalomsorga. Er den ettersøkte under 18 år, må verjer, eventuelt også barnevernet, få uttale seg.

Til § 16

I kva mon den staten som får ein person overlevert frå Noreg kan rettsforfølgje og overlevere eller utlevere vidare for forhold gjort forut for overleveringa frå Noreg, følgjer av parallellavtalen artikkel 30 og 31. Dersom den staten som har fått personen overlevert har kome til at slik rettsforfølgjing eller overlevering eller utlevering vidare berre kan skje dersom norske styresmakter samtykkjer, kan staten be om slikt samtykke. *Første ledd bokstavane a til c* speglar dette ved å rekna opp kva det kan givast samtykke til.

Andre ledd inneheld reglar om framgangsmåte og vilkår for samtykke til utvida rettsforfølgjing og overlevering vidare. Førespurnader om slikt samtykke skal framsettjast og handsamast som ein arrestordre. *Første punktum* viser til innhalds- og språkkrava i §§ 5 og 26 og reglane for framsending og mottak av arrestordrar i § 25. *Andre punktum* slår fast at samtykke skal givast om vilkåra for overlevering er oppfylte for den handlinga førespurnaden gjeld, og på dei vilkår som elles gjeld for overlevering. Ifølgje *tredje punktum* er fristen for å avgjere om samtykke skal givast 30 dagar. *Fjerde punktum* seier at sakshandsamingsreglane i § 14 gjeld tilsvarende. Dette inneber at det er påtalemakta som tek avgjerd om samtykke på grunnlag av orskurd frå retten, og at reglane om anke og klage gjeld tilsvarende. I desse tilfella vil det ikkje vere gitt samtykke frå den ettersøkte; i så fall ville det ikkje vere nødvendig å be norske styresmakter om deira samtykke. Men etter *femte punktum* er hovudregelen i desse tilfella skriftleg sakshandsaming for retten. *Sjette punktum* seier at kompetent tingrett er den tingretten som i si tid avgjorde overleveringskravet. *Sjuande punktum* gir den overleverte rett til forsvarar.

Tredje ledd seier at dersom det bes om samtykke til utlevering vidare, skal oppmodinga sendast departementet og handsamast etter reglane i utleveringsloven.

Til § 17

Føresegna inneheld dei grunnleggjande vilkåra for overlevering på grunnlag av ein nordisk arrestordre, jf. konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 2 nr. 1, og vidarefører i så måte lov om nordisk arrestordre § 1. Den parallelle føresegna for nordisk-europeiske arrestordrar er § 6.

Første ledd bokstav a gjeld arrestordrar ferda ut for strafforfølgjing. Etter dette alternativet krevst det at forholdet som arrestordren gjeld kan medføre fridomsstraff eller annan reaksjon som inneber tap av fridommen i den nordiske staten som krev overlevering. Etter *bokstav b* kan det ferdest ut arrestordrar til fullbyrding av slik reaksjon som nemnd i bokstav a.

Andre ledd gjeld aksessorisk overlevering i tilfelle kor arrestordren gjeld fleire straffbare forhold. Arrestordren skal da etterkomast og settjast i verk dersom vilkåra i første ledd er oppfylte for eit av forholda. Føresegna svarer til konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 2 nr. 2 og er ei vidareføring av den nordiske utleveringsloven § 3 tredje ledd.

Til § 18

Paragrafen fastset i kva tilfelle ein nordisk arrestordre skal avslåast gjennom ei tilvising til den tilsvarende føresegna for nordisk-europeiske arrestordrar. Ligg eit av forholda nemnde i § 8 bokstav a til j føre for ei handling omfatta av ein nordisk arrestordre, skal overlevering verte avslått for denne handlinga. Det same gjeld om overlevering til vere i strid med EMK, jf. § 8 andre ledd. Det vises elles til merknaden til § 8.

Til § 19

Føresegna set føre i kva tilfelle ein nordisk arrestordre kan avslåast etter påtalemakta sitt skjønn. *Første ledd bokstav a* viser til den tilsvarende føresegna for nordisk-europeiske arrestordrar og inneber at avslagsrunnane her gjeld tilsvarende for nordiske arrestordrar. Ein viser til merknaden til § 12. *Bokstav b* fører vidare lov om nordisk arrestordre § 6 første ledd bokstav b. Same avslagsgrunnen er gjort obligatorisk for nordisk-europeiske arrestordrar, sjå § 8 bokstav k.

Andre ledd seier at føresegna om kven som har rett til å uttale seg i § 12 tredje ledd, gjeld tilsvarende.

Til § 20

Paragrafen har særreglar for bruk av pågriping og fengsling i samband med nordiske arrestordrar. Den regulerer også høvet til bruk av andre tvangsmiddel. Den tilsvarende føresegna for nordisk-europeiske arrestordrar er § 13. Desse to føresegnene er i vesentleg grad samanfallande; gjentainga er gjort for å lette lesinga av føresegna her. Dessutan er det enkelte skilnader når det gjeld

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

kravet til framstilling for retten og fristane for fengsling.

Første ledd første og tredje punktum svarer til § 13 første ledd. Ein viser til merknadene til denne. *Andre punktum* fører vidare heimelen i lov om utlevering av lovbrytarar i Norden § 16 første ledd andre punktum, jf. første punktum, for så vidt gjeld pågriping.

Andre ledd første punktum pålegg politiet å informere om arrestordren og at den er grunnlaget for pågripinga når pågripinga skjer. Politiet skal også informere om høvet til å samtykke til overlevering og dei rettslege konsekvensane av eit samtykke, jf. *andre punktum*, men denne informasjonen kan givast noko seinare, sjå merknaden til den tilsvarande føresegna i § 13 andre ledd andre punktum. *Tredje punktum* slår fast retten til forsvarar.

Tredje ledd inneheld vilkåra for fengsling og svarer til § 13 tredje ledd, sjå merknaden til denne.

Fjerde ledd første punktum opnar for at påtalemakta på visse vilkår kan late vere å framstille den som er pågripen for tingretten for fengsling. Dette gjeld dersom den ettersøkte er over 18 år og samtykkjer til fengsling, og heller ikkje set fram krav om retten si prøving av vilkåra for fengsling, og så fram overleveringa forventas å kunne gjennomførast innan ei veke etter pågripinga. *Andre punktum* regulerer korleis framstillingsfristen skal bli berekna dersom ein ettersøkt som samtykkjer til overlevering set fram krav om retten si prøving av fengslingsspørsmålet, eller dersom ein ser at overlevering likevel ikkje vil kunne skje innan ei veke.

Fengslingsfristen er i første omgang fire veker, likevel to veker dersom den pågripne er under 18 år, og med høve til forlenging i to veker om gangen, jf. *femte ledd, første og andre punktum*. Samla fengslingstid skal normalt ikkje skal gå ut over seks veker, jf. *tredje punktum*. Fristane her er satt på bakgrunn av fristane for avgjerd av arrestordren og for gjennomføring av overleveringa i konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 14 og 19.

Sjette ledd svarer til § 13 sjette ledd og fastset at andre tvangsmiddel enn pågriping og fengsling kan nyttast i same grad som i saker om tilsvarande lovbroter her i landet.

Til § 21

Paragrafen regulerer kven som treff avgjerd om overlevering i samband med nordiske arrestordrar, og kva for prosedyrar og fristar som gjeld for avgjerda. Sjø den tilsvarande føresegna for nordisk-europeiske arrestordrar i § 14.

Første ledd gjeld sakshandsaminga i dei tilfella kor den ettersøkte samtykkjer i overlevering. Det er da påtalemakta som avgjer arrestordren, og i dette ligg at påtalemakta både prøver om vilkåra for overlevering er til stades, om nokre av dei fakultative avslagsgrunnane skal nyttast, og om det eventuelt skal settast vilkår for overleveringa, til dømes om tilbakeføring av norsk borgar for soning her. Påtalemakta skal også sette eventuelle vilkår som nemnd i § 22. Dersom han eller ho ikkje samtykkjer, skal retten prøve om vilkåra for overlevering er til stades før påtalemakta treff den endelege avgjerda, sjå andre ledd.

I samtykketilfella skal påtalemakta treffe avgjerd om overlevering straks og innan tre dagar, jf. *første ledd første punktum*. Fristen følgjer av den nordiske konvensjonen artikkel 14.

Etter § 20 andre ledd skal den ettersøkte bli informert om høvet til å samtykke til overlevering allereie i samband med pågripinga. For at eit slikt samtykke skal vere gyldig, fastset *første ledd andre punktum* at det skal givast skriftleg til påtalemakta etter at den ettersøkte har blitt orientert om vernadene av eit samtykke. Samtykket kan trekkjast tilbake, jf. *tredje punktum*. Dette kan skje formlaust og når som helst så lenge overleveringa ikkje er gjennomført. Dersom samtykket blir trekt tilbake, må spørsmålet om vilkåra for overlevering er til stades bringast inn for retten i samsvar med andre ledd.

Andre ledd regulerer dei tilfella der den ettersøkte motset seg overlevering eller trekkjer eit tidlegare samtykke tilbake. I desse tilfella skal saka bringast inn for tingretten som ved orskurd skal avgjere om vilkåra for overlevering er oppfylte, jf. *første og andre punktum*.

Opplysningane i arrestordren skal leggjast til grunn for avgjerda om dei ikkje er openbert feil, jf. *tredje punktum*.

Retten sin ordsurd kan ankast, jf. *tredje ledd første punktum*. Ankefristen er korta ned til tre dagar, jf. *andre punktum*. Dette er i samsvar med fristen for vanlige utleveringskrav, jf. utleveringsloven § 11. Ein anke har alltid oppsettande vernad, jf. *tredje punktum*. Av *fjerde punktum* følgjer at rettskraftig avgjerd om mogleg skal ligge føre innan tre veker etter pågripinga av den ettersøkte.

Når saka er brakt inn for tingretten, kan påtalemakta ikkje treffe avgjerd om overlevering før retten sin orskurd er rettskraftig. Dersom retten finn at vilkåra for overlevering ikkje er oppfylte, skal påtalemakta avslå arrestordren utan nærmare prøving. Dersom retten kjem til at vilkåra for overlevering er oppfylte, skal påtalemakta deretter treffe endeleg avgjerd om overlevering og sette

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

eventuelle vilkår. Har retten funne at dei obligatoriske vilkåra er oppfylte, kan arrestordren ikkje avslåast med mindre det ligg føre forhold som kan gi grunnlag for avslag etter påtalemakta sitt skjønn, jf. § 19, eller det ligg føre ein konkurrerende nordisk eller nordisk-europeisk arrestordre. Dersom det i tillegg til arrestordren ligg føre eit utleveringskrav frå ein stat utanfor Norden på same person, skal Justisdepartementet avgjere om det er arrestorden eller utleveringskravet som skal etterkomast, jf. § 29 andre ledd.

Fjerde ledd regulerer dei tilfella der arrestordren manglar opplysningar eller det ligg føre andre forhold som gjer at arrestordren ikkje kan handsamast på vanleg måte med ein gong. I desse tilfella byrjar ikkje fristen å laupe før manglane er retta.

Femte ledd seier at § 14 femte til åttande ledd gjeld tilsvarande. Ein viser til merknadene til desse føresegnene.

Til § 22

Paragrafen lyder likt som § 15 og ein viser til merknadene til denne.

Andre ledd fører vidare lov om nordisk arrestordre § 6 første ledd bokstav d og andre ledd andre punktum med den endringa at avslag mot fullbyrding her ikkje lenger er mogleg om den ettersøkte berre oppheld seg her.

Til § 23

I konvensjonen om nordisk arrestordre er hovudregelen at den nordiske staten som får ein person overlevert frå Noreg, fritt kan strafforfølgje for forhold gjort før overleveringa frå Noreg (sjå konvensjonen artikkel 23). Det vil derfor sjeldan kome førespurnader til Noreg frå andre nordiske statar om samtykke til slik strafforfølgjing, eventuelt fullbyrding. Dersom det unntaksvis kjem ein slik førespurnad, er hovudregelen at den skal etterkomast med mindre det ligg føre ein obligatorisk avslagsgrunn; i så fall skal førespurnaden avslåast, jf. *første ledd første punktum*. I tillegg gjeld at dersom forholdet heilt eller delvis er gjort i Noreg og ikkje er straffbart etter norsk rett, kan påtalemakta etter eige skjønn velje å nekte å gi samtykke, jf. *første ledd andre punktum*.

Andre ledd regulerer dei formelle krava til ein førespurnad om samtykke og reglar for sakshandsaminga av den.

Høvet for norsk påtalemakt til sjølv å strafforfølgje for andre forhold gjort før overleveringa av ein person frå ein annen nordisk stat, er regulert i § 36 tredje ledd.

Til § 24

Paragrafen gjeld samtykke i overlevering vidare (første ledd) og utlevering vidare (andre ledd) i etterkant av overlevering frå Noreg til eit nordisk land. Det er berre tale om over- eller utlevering vidare dersom det underliggjande straffbare forholdet er gjort før overleveringa frå Noreg; er forholdet gjort etter overleveringa er det ikkje snakk om overlevering eller utlevering vidare.

Etter konvensjonen om nordisk arrestordre kan ein fritt overlevere vidare innanfor Norden, sjå konvensjonen artikkel 24 nr. 1 (Island har ikkje nytta høvet til å gjere bruk av særreglane om eigne statsborgarar og for politiske lovbrøt i artikkel 26 og 17). Sjå § 28 første ledd om overlevering vidare frå Noreg etter at vedkomande er blitt overlevert hit frå ein annen nordisk stat. Derfor er samtykke til overlevering vidare berre aktuelt når det er snakk om overlevering vidare til eit EU-land utanfor Norden. Men også overlevering vidare til eit EU-land utanfor Norden kan fritt skje dersom vedkomande samtykkjer eller dersom han eller ho til tross for å ha hatt høve til å forlate landet han eller ho er overlevert til, ikkje har gjort dette, eller dersom vedkomande har kome tilbake etter å ha forlate landet frivillig, sjå konvensjonen artikkel 24 nr. 2.

Utover dette kan overlevering vidare til eit EU-land utanfor Norden ikkje skje med mindre det landet som har overlevert vedkomande samtykkjer. Høvet for norske styresmakter til å gi slikt samtykke går fram av *første ledd første punktum*. Etter *andre punktum* skal samtykket givast dersom norske styresmakter ville ha etterkomme ein arrestordre frå det landet det er snakk om å overlevere vidare til. *Tredje punktum* viser til innhalds- og sakshandsamingsreglane i samband med førespurnader om utvida strafforfølgjing i § 23 andre ledd og seier at desse skal gjelde tilsvarande.

Andre ledd seier at førespurnader om samtykke til utlevering vidare til ein stat utanfor Norden og EU skal handsamast etter reglane i utleveringsloven. I kva tilfelle det er nødvendig med samtykke frå norske styresmakter til utlevering vidare går indirekte fram av utleveringsloven § 12 nr. 1 bokstav b.

Til § 25

Paragrafen gjeld oversendingsmåten og fastset kva for norsk styresmakt som er kompetent til å ta imot arrestordrar for overlevering frå Noreg. Føresegna er sams for både nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Etter *første ledd første punktum* kan arrestordren sendast gjennom SIS eller Interpol, alternativt til Kripos. Ein legg til grunn at ei sams etterlysing i SIS eller Interpol vil vere det mest praktiske, men at oversending til Kripos kan vere aktuelt dersom den utferdande staten veit at den ettersøkte oppheld seg i Noreg. Dersom den utferdande staten også veit kor i Noreg den ettersøkte er, kan ein velje å sende arrestordren direkte til politimeisteren her, jf. *andre punktum*.

Det går fram av *andre ledd* at ein feilsendt arrestordre ikkje skal avslåast, men straks skal sendast vidare til den kompetente styresmakta. Den som har utferda arrestordren, skal underretast om dette.

Tredje ledd seier at ei etterlysing i SIS eller i eit anna system, typisk Interpol, for etterlysing av personer og som gjeld overlevering som regulert av loven her, skal likestillast med ein arrestordre sjølv om ikkje etterlysinga inneheld alle dei opplysningane som ein arrestordre skal innehalde. Sjå om føreseigna ovanfor i punkt 10.2. Dette inneber ikkje minst at ei etterlysing kan gi grunnlag for pågriping; føreseigna fører i så måte vidare høvet til pågriping på grunnlag av etterlysing som følgjer av utleveringsloven § 20 nr. 1 *andre punktum*. Ei etterlysing skal likestillast med ein arrestordre både i tilfelle kor arrestordren er utsteden men enno ikkje er kome fram til norske styresmakter, men også i dei tilfella ein person er etterlyst utan at ein arrestordre enno er blitt utsteden. Ein legg til grunn at i dei sist nemnde tilfella vil det bli utsteden ein arrestordre og at risikoen for at dette ikkje skjer er liten.

Til § 26

I *paragrafen* her er det rekna opp kva for språk ein arrestordre kan vere skriven på eller omsett til om den skal verte handsama av norske styresmakter. Føreseigna fører vidare lov om nordisk arrestordre § 17 *andre ledd*, jf. § 2 *første ledd*.

I praksis vil både arrestordrar sende gjennom SIS som gjeld ein person med ukjend opphaldsstad, og arrestordrar sende direkte til Noreg frå eit land utanfor Norden, bli skrivne på engelsk. Arrestordrar sende berre mellom dei nordiske landa vil truleg bli skrivne på eit av dei nemnde nordiske språka.

Til § 27

Er den ettersøkte verna av immunitet eller eit privilegium for ei handling omfatta av arrestordren, kan personen ikkje bli overlevert for dette forholdet

det om ikkje immuniteten eller privilegiet blir oppheva. Føreseigna her gjeld handsaminga av arrestordren i slike tilfelle. *Første ledd første punktum* gjeld i tilfelle kor immuniteten eller privilegiet kan opphevast av norsk styresmakt; i desse tilfella skal påtalemakta straks be rett styresmakt om oppheving. Dersom det er ei utanlandsk styresmakt eller ein internasjonal organisasjon som har kompetanse til å oppheve immuniteten eller privilegiet, er det styresmaktene i staten som har utferda arrestordren som skal be om oppheving. I slike tilfelle er norsk påtalemakt si oppgave å opplyse den utferdande staten som at arrestordren ikkje kan etterkomast før privilegiet eller immuniteten er oppheva, jf. *andre punktum*.

Fristane for å treffe avgjerd om overlevering tar ikkje til å laupe før immuniteten eller privilegiet er oppheva, sjå §§ 14 fjerde ledd *andre punktum* og 21 fjerde ledd *andre punktum*.

Andre ledd inneheld ein forskriftsheimel til å gi nærmare føresegner om sakshandsaminga i samband med immunitet og privilegium, blant anna om kva for norsk styresmakt som avgjer spørsmål om oppheving, jf. *første ledd første punktum*.

Til § 28

I enkelte tilfelle kan den som krevst overlevert på grunnlag av ein arrestordre, tidlegare ha vorte overlevert eller utlevert til Noreg frå ein annan stat. *Paragrafen* fastset i kva tilfelle og på kva vilkår norske styresmakter kan overlevere vidare slike personar for handlingar gjort før overleveringa hit. Overleveringskravet vil i desse tilfella vere sett fram i form av ein arrestordre, og føreseigna er ein særregel om handsaminga av arrestordrar i desse tilfella. Handsaminga av krav om utlevering vidare av personer som tidlegare er overlevert, er regulert i § 37 i kapitlet om overlevering til Noreg.

Første ledd gjeld overlevering vidare av personar som tidlegare er overlevert hit frå ein annan nordisk stat. Overlevering vidare til eit anna nordisk land på grunnlag av ein nordisk arrestordre kan fritt skje, jf. *første punktum* (Island har ikkje nytta høvet til å atterhalde seg retten til å nekte overlevering av egne borgarar og for politiske lovbrøt). Overlevering vidare til ein EU-stat utanfor Norden kan berre skje dersom anten den ettersøkte eller staten som overleverte til Noreg samtykkjer, eller dersom eit av dei klassiske unntaka frå spesialitetsprinsippet gjer seg gjeldande, sjå tilvisinga i *andre punktum* til tredje ledd bokstavane a, c, d og e.

Andre ledd gjeld overlevering vidare av personar som tidlegare er overleverte frå ein EU-stat

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

utanfor Norden og gjennomfører parallellavtalen 31 nr. 2. Utgangspunktet her er, jf. *første punktum*, at overlevering vidare ikkje skal skje, men frå dette er det gjort ei rekkje unntak i *andre punktum*. I tillegg til unntaka i *bokstav c, d og e* som ein er kjent med frå utleveringskonvensjonen artikkel 15 jf. artikkel 14 og utleveringsloven 12 nr. 1 bokstav b, jf. bokstav a, gir den ettersøkte sitt eige samtykke grunnlag for overlevering vidare. Den ettersøkte samtykkjer sjølvsagt dersom han eller ho uttrykkeleg samtykkjer i overlevering vidare, men også dersom vedkomande samtykkjer i strafforfølgning eller straffullbyrding for dei bestemte forholda som arrestordren gjeld, jf. *bokstav a*. I tillegg kan overlevering vidare fritt skje dersom den ettersøkte samtykte i overlevering til Noreg og i samband med det også samtykte i å bli strafforfølgd eller få fullbyrda straff mot seg for andre forhold gjort før den første overleveringa, jf. *bokstav b*.

Andre ledd *tredje punktum* seier at dersom overlevering vidare ikkje kan skje utan at den staten som overleverte til Noreg samtykkjer, skal påtalemakta straks sende oppmoding om slikt samtykke. Oppmodinga skal utformast og sendast over som ein arrestordre, jf. *fjerde punktum* og parallellavtalen artikkel 31 nr. 3 bokstav a.

Tredje ledd seier at overlevering vidare ikkje skal skje i strid med vilkåra satt for overlevering hit. Det er avgrensa i kva mon ein stat kan sette vilkår for overleveringa, men ein kan likevel tenkje seg at ein stat kan kome til å sette vilkår i samband med til dømes overlevering av eigne borgarar, jf. parallellavtalen artikkel 7 nr. 2.

Fjerde ledd første punktum fastslår at dersom den som krevst overlevert frå Noreg tidlegare er utlevert hit, skal overlevering ikkje skje om det vil vere i strid med vilkåra satt for utlevering hit. Kan vidare overlevering skje etter samtykke frå den staten som overleverte hit, skal kompetent myndigheit straks sørgje for at det blir bedt om slikt samtykke, jf. *andre punktum*. Føresegnene her samsvarar med parallellavtalen artikkel 24.

Handsaminga og avgjerda av arrestordrar som gjeld personer som tidlegare er overleverte hit, følgjer elles dei vanlege reglane for overlevering.

Til § 29

Paragrafen fyller ut § 28 og gjennomfører parallellavtalen artikkel 19 og konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 15. Den fører vidare lov om nordisk arrestordre § 14 med den endringa at den no er ei sams føresegn som gjeld likt både i samband med nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar.

Første ledd gjeld prosedyren for avgjerda når det ligg føre konkurrerande arrestordrar, anten det er fleire nordiske, fleire nordisk-europeiske, eller ein nordisk-europeisk og ein nordisk. I desse tilfella skal påtalemakta avgjere kva for ein av arrestordrane som skal etterkomast. Det vil vere det nivå innan påtalemakta som har kompetanse til å ta ut tiltale i den mest alvorlege saka som tek avgjerda.

Andre ledd gjeld tilfelle der ein arrestordre kolliderer med eit krav om utlevering frå ein stat utanfor Norden og EU. I desse tilfella skal Justisdepartementet treffe avgjerda. Før saka vert sendt til departementet, skal påtalemakta forsikre seg om at vilkåra for overlevering ligg føre og sørgje for at den ettersøkte har samtykka til overlevering eller at spørsmålet er avgjort av retten. Påtalemakta skal også ha gjort ei vurdering av om dei fakultative avslagsgrunnane bør nyttast. Utleveringskravet handsamast etter dei vanlege reglane i utleveringsloven. Om mogleg bør begge krava sendast samla til departementet.

I desse tilfella vil det ikkje vere mogleg å overhalde fristane i § 14 og 21. Påtalemakta må derfor straks underrette den utferdande styresmakta om forseinkinga, jf. § 14 femte ledd og tilvisinga hit i § 21 femte ledd.

Tredje ledd reknar opp kva for moment det skal leggjast vekt på i vurderinga og svarer til parallellavtalen artikkel 19 nr. 1 og den nordiske konvensjonen artikkel 15 nr. 1. Lista av omsyn er ikkje uttømmende. Konvensjonen har ikkje noko å seie for våre plikter etter statuttane for Den internasjonale straffedomstolen, jf. lov 15. juni 2001 nr. 65. Dersom det skulle ligge føre ein arrestordre som konkurrerer med eit krav om overlevering frå Den internasjonale straffedomstolen, skal det sist nemnde kravet etterkomast.

Til § 30

Paragrafen inneheld fristane for iverksetjing av avgjerd om overlevering, og gjennomfører parallellavtalen artikkel 25 og konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 19. Normalt skal overlevering til ein stat utanfor Norden skje innan ti dagar etter at det ligg føre ei endeleg avgjerd om overlevering. For overlevering til nordiske statar er fristen fem dagar, jf. *første ledd første punktum*. Er ikkje dette mogleg skal påtalemakta avtale ein ny frist med den som har utstedt arrestordren, jf. *andre punktum*.

Overlevering kan, både etter den nordiske konvensjonen og etter parallellavtalen, verte utsett dersom alvorlege, humanitære grunnar ligg føre, jf. *andre ledd første punktum*. Dette er meint som ein snever unntaksregel. Ein kan tenkje seg

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

at kravet lettare vil vere oppfylt dersom den ettersøkte er under 18 år, og utsett overlevering må vurderast særskilt i desse tilfella. *Andre punktum* pålegg påtalemakta å avtale nytt tidspunkt for overlevering når grunnar som nemnde i første punktum ikkje lenger er til stades, mens *tredje punktum* fastset at overlevering da skal skje innan ti dagar frå det tidspunktet som da vart avtalt.

Tredje ledd pålegg lauslating av ein ettersøkt som sit fengsla på grunnlag av ein arrestordre når fristane i første og andre ledd har gått ut. Ei slik plikt til lauslating følgjer av parallellavtalen artikkel 26 nr. 5.

Til § 31

Føresegna gjeld utsett iverksetjing av ei avgjerd om overlevering og svarer til den nordiske konvensjonen artikkel 20 nr. 1 og parallellavtalen artikkel 27. Ho vidarefører lov om nordisk arrestordre § 16 med den endringa at ho no også gjeld for nordisk-europeiske arrestordrar. I tillegg er det i første ledd første punktum sagt uttrykkeleg at det er påtalemakta som tek avgjerda om utsett overlevering. Departementet viser elles til merknadene til nemnde § 16 i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008).

Sjå også § 40 som heimlar mellombels overføring før overleveringskravet er avgjort.

Til § 32

Føresegna gjeld utferdinga av nordisk-europeiske arrestordrar. Kompetansen er lagt til påtalemakta.

Etter *første ledd første punktum* kan påtalemakta ferde ut ein arrestordre til ein EU-stat til straffølgjing dersom det ligg føre ei avgjerd om pågriping treft av retten for ei handling som etter norsk rett kan medføre fengsel i minst 1 år. For utferding til straffølgjing er det eit vilkår at det ligg føre ein rettskraftig dom på fengsel eller anna tap av fridom, typisk ein særreaksjon, på minst fire månader, jf. *andre punktum*.

Andre ledd første punktum er ein regel om hasteskompetanse: Er det fare ved opphald, kan avgjerd om pågriping frå påtalemakta tre i staden for avgjerd treft av retten. Påtalemakta si avgjerd skal i så fall snarast mogleg leggjast fram for retten for godkjenning, jf. *andre punktum*.

Tredje ledd gjeld såkalla aksessorisk overlevering.

Fjerde ledd seier kva ein arrestordre skal innehalde.

Femte ledd angir kva språk arrestordren skal skrivast på.

Til § 33

Paragrafen regulerer vilkåra for og kompetansen til å utferdige nordiske arrestordrar. *Første ledd* fører vidare lov om nordisk arrestordre § 17 første ledd uendra. Etter *første punktum* kan påtalemakta ferde ut ein arrestordre til ein annan nordisk stat dersom det ligg føre skilleg grunn til mistanke om ei straffbar handling som etter loven kan medføre fengsel. Det er ikkje noko krav om at ein domstol har vurdert mistankekravet. Etter *andre punktum* kan påtalemakta utferdige ein arrestordre til fullbyrding når det ligg føre ein rettskraftig dom på fengsel eller anna tap av fridomen.

Andre ledd seier at arrestordren skal utformast i samsvar med § 5 (sjå merknadene til denne) og opplyser om kva for språk som blir godteke.

Tredje ledd viser til føresegna om aksessorisk overlevering i paragrafen om utferding av nordisk-europeiske arrestordrar.

Til § 34

Mens §§ 32 og 33 gjeld vilkåra for å utstede og krava til innhaldet i ein arrestordre, regulerer *paragrafen* her korleis/kor arrestordren skal sendast. *Føresegna* speglar i hovudsak § 25.

Første ledd første punktum seier at arrestordren skal sendast gjennom SIS eller anna tilsvarende system for etterlysing av personar mistenkte for lovbrøt, i praksis Interpol. Etterlysing gjennom SIS vil vere den praktiske hovudregelen i dei tilfella norske styresmakter ikkje veit kor den ettersøkte oppheld seg. Ettersom det enno ikkje er mogleg å leggje alle opplysningane som krevst for ein arrestordre inn i SIS, seier *andre punktum* at dei manglande opplysningane skal ettersendast så snart råd er.

Dersom norske styresmakter veit kor den ettersøkte oppheld seg, kan ein i staden for å sende arrestordren gjennom SIS sende den direkte til den myndigheita i opphaldsstaten som etter lovgivinga der er kompetent til å ta imot ein arrestordre frå Noreg, jf. *andre ledd*.

Til § 35

Føresegna regulerer varetektsfrådrag og fører vidare lov om nordisk arrestordre § 18 utan andre endringar enn at den no gjeld også for nordisk-europeiske arrestordrar. Den svarer til den nordiske konvensjonen artikkel 22 og parallellavtalen artikkel 29. Ein viser elles til merknadene i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008).

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Til § 36

Paragrafen, som rettar seg mot norske styresmakter, regulerer når norske styresmakter kan strafforfølgje eller fullbyrde straff mot personar som tidlegare er overleverte hit for andre forhold som vart gjort før overleveringa enn dei som var omfatta av arrestordren. Spesialitetsprinsippet er nærmare omtalt under punkt 7 ovanfor.

Etter *første ledd* er utgangspunkt at personar som er overleverte hit frå ein EU-stat utanfor Norden på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre, ikkje kan rettsforfølgjast for andre straffbare forhold gjort før overleveringa enn dei som var omfatta av arrestordren. Føreseigna gjennomfører parallellavtalen artikkel 30 nr. 2.

Frå dette utgangspunktet gjeld det ein rekkje unntak, jf. *andre ledd* som gjennomfører parallellavtalen artikkel 30 nr. 3. For det første gjeld ikkje spesialitetsprinsippet dersom den som er overlevert hit samtykkjer i strafforfølgjing for dei aktuelle forholda, jf. *bokstav a*. Eit slikt samtykke skal givast i retten og skal protokollast og vedtakast. Samtykket må vere informert, noko som mellom anna inneber at den overleverte må opplysast om spesialitetsprinsippet og aktuelle unntak frå det, og eventuelle ulemper og fordelar med å samtykke. Eit døme på ein fordel kan vere lågare samla straff på grunn av samla pådømming. Vernet som ligg i spesialitetsprinsippet gjeld heller ikkje dersom overleveringa til Noreg var basert på samtykke, og den overleverte i samband med at samtykket vart gitt også samtykte i strafforfølgjing for andre forhold, jf. *bokstav b*.

Andre ledd bokstav e gjer unntak frå spesialitetsprinsippet for forhold som etter norsk rett berre kan straffast med bot. Føreseigna gjennomfører parallellavtalen artikkel 30 nr. 3 bokstav d.

Andre ledd bokstav c, d og f inneheld dei sama unntaka frå spesialitetsprinsippet som utleveringskonvensjonen artikkel 14.

Tredje og fjerde ledd gjeld strafforfølgjing for forhold gjort før overleveringa hit frå ein nordisk stat. Føresegnene fører vidare realitetsinnhaldet i lov om nordisk arrestordre § 19, men slik at nemnde § 19 første ledd bokstav b ikkje er ført vidare fordi Island har valt ikkje å nytte seg av høvet til å avslå overlevering for politiske lovbrøt. Ein viser til merknaden til § 19 i Ot.pr. nr. 39 (2007-2008).

Femte ledd seier at i dei tilfelle kor det er nødvendig med samtykke frå den staten som overleverte vedkomande til Noreg for å kunne strafforfølgje for andre forhold, skal førespurnaden om slikt samtykke utformast i form av ein arrestordre.

Til § 37

Paragrafen regulerer i kva tilfelle norske styresmakter kan utlevere vidare til tredjeland personar som tidlegare er overleverte til Norge, anten på grunnlag av ein nordisk-europeisk eller ein nordisk arrestordre. Han gjeld berre der utleveringskravet gjeld forhold gjort forut for overleveringa hit. Er forholdet gjort etter overleveringa hit, må utleveringskravet vurderast på vanleg måte etter reglane i utleveringsloven.

Første ledd gjeld utlevering vidare av personar som er overleverte frå ein EU-stat utanfor Norden (nordisk-europeisk arrestordre). Utlevering vidare for forhold gjort før overleveringa hit, skal etter parallellavtalen artikkel 31 nr. 4 ikkje skje utan samtykke frå den staten som overleverte personen. Ein kan likevel tenkje seg at den staten som har overlevert i si avgjerd har gjort det klart at utlevering vidare kan uavhengig av samtykke i visse tilfelle. Det er derfor lagt til at kravet om samtykke berre gjeld om ikkje anna følgjer av overleveringsavgjerda.

Andre ledd fører vidare realitetsinnhaldet i lov om nordisk arrestordre § 20 første ledd, jf. konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 24 nr. 2, berre med lovtekniske endringar.

Tredje ledd gjeld sakshandsaminga. Krav om utlevering vidare av personar som er overleverte til Noreg til land utanfor Norden og EU, avgjerast av departementet etter reglane i utleveringsloven. Dette til forskjell frå overlevering vidare til nordiske statar og EU-statar, som handsamast som arrestordrar og som avgjerast av påtalemakta, eventuelt etter orskurd frå retten, jf. § 28.

Til § 38

Første ledd pålegg påtalemakta ei plikt til å sørgje for at ein ettersøkte som er overlevert til Noreg på vilkår om at den vedkomande blir ført tilbake til den staten han vart overlevert frå, faktisk blir ført tilbake etter at strafforfølginga er avslutta. Sjå parallellavtalen artikkel 8 nr. 3 som tillèt overlevering på vilkår som nemnd ved overlevering av eigne borgarar og personar busette i den iverksejande staten, jf. også lovforslaget §§ 15 andre ledd og 22 andre ledd. Vilkåret om tilbakeføring utgjør i desse tilfelle eit tilstrekkeleg rettsleg grunnlag for tilbakeføring til soning; det er ikkje i desse tilfella nødvendig med sak om soningsoverføring.

Andre ledd er ein særregel om pågriping og fengsling i samband med tilbakeføring. Dersom den overleverte ikkje allereie sit fengsla, kan vedkomande bli pågripen og fengsla dersom dette blir

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreløven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

vurdert som nødvendig for å sikre tilbakeføring, jf. *første punktum*. Sakshandsaminga følgjer dei vanlege reglene i straffeprosessloven § 175 flg. *Andre punktum* seier at fengslingsfristen i desse tilfella er ti og fem dagar for høvesvis nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar, men med moglegheit for forlenging med tilsvarende frist om det ligg føre særlege forhold som gjer at tilbakeføring ikkje kan skje innan dei nemnde fristane, jf. *tredje punktum*.

Til § 39

Paragrafen gir reglar om beslag og overlevering av ting i samband med arrestordrar. Han fører lov om nordisk arrestordre § 21 vidare utan andre endringar enn at han no også skal gjelde i samband med nordisk-europeiske arrestordrar. Førsegna byggjer på nordisk konvensjon artikkel 25 og parallellavtalen artikkel 32; dei to har same innhald. Plikta til å foreta beslag går likevel noko lengre enn den folkerettslege skyldnaden ved at den i tillegg til ting ein legg til grunn har tyding som bevis eller som er utbytte av den straffbare handlinga, også omfattar: (i) ting som er frambrakt ved eller har vore gjenstand for den straffbare handlinga, (ii) tredjemannsinndraging og (iii) utvida inndraging. Ein viser elles til merknadene til § 21 i Ot.prp. nr. 39 (2007-2008).

Til § 40

Førsegna her heimlar mellombels overføring for å mogleggjere avhør av den ettersøkte før det er treft avgjerd om overlevering skal skje. Lovforslaget § 31 andre ledd gjeld mellombels overlevering etter at det er treft avgjerd om overlevering.

Første ledd gir påtalemakta heimel til å samtykke til mellombels overføring av ein ettersøkt person for gjennomføring av avhør i den utferdande staten, jf. parallellavtalen artikkel 21. Denne har ikkje nokon parallell i den nordiske konvensjonen, men paragrafen her gjeld også i samband med nordiske arrestordrar.

Om samtykke skal givast eller ikkje avgjer påtalemakta som hovudregel etter eige skjønn. Avgjerda må vurderast opp mot alternativet – om avhør her i landet vil vere ei tilfredsstillande løysing. Men det følgjer av *andre ledd første punktum* at samtykke skal nektast dersom det er klart at arrestordren vil bli avslått eller dersom det er nødvendig av omsyn til ei straffesak eller handsaminga av arrestordren at den ettersøkte blir verande her i landet. *Andre punktum* seier at utsikta til forlenga varetekt som følgje av ei mel-

lombels overføring skal takast omsyn til. *Tredje punktum* gir den ettersøkte rett til å uttale seg.

Etter *tredje ledd* fastset påtalemakta dei nærare vilkåra for den mellombelse overføringa.

Til § 41

Første ledd fører vidare lov om nordisk arrestordre § 22 utan endringar. Førsegna gjeld situasjonen ved transport over norsk territorium av ettersøkte som skal overleverast frå ein nordisk stat til ein annan, og svarer til konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 21 og den nordiske utleveringsloven § 18. Slik transport kan skje utan samtykke frå norske styresmakter.

Andre ledd gjeld transitt over norsk territorium i samband med nordisk-europeiske arrestordrar, sjå definisjonen i lovforslaget § 4 bokstav c. *Første punktum* inneber at departementet skal gi samtykke til slik transitt dersom bestemte opplysningar er gitt. *Andre* og *tredje punktum* er særreglar i tilfelle transitten gjeld ein norsk borgar.

Tredje ledd gjeld transitt over norsk territorium av personar som skal utleverast frå ein stat utanfor Norden og EU og til ein EU-stat eller Island.

Andre og *tredje ledd* gjennomfører parallellavtalen artikkel 28 nr. 1 og 5.

Til § 42

Første ledd første punktum slår fast at loven trer i kraft frå den tid Kongen avgjer. Ifølgje konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 29 trer konvensjonen i kraft tre månader etter at alle statar har samtykt til å vere bundne av konvensjonen. Etter parallellavtalen artikkel 38 nr. 4 trer avtalen i kraft første dag i tredje månad etter at generalsekretæren i EU sitt råd har slått fast at alle formelle krav til avtalepartanes uttrykk for samtykke til avtalen er oppfylte. Departementet legg til grunn at loven skal tre i kraft for høvesvis nordiske og nordisk-europeiske arrestordrar frå det tidspunktet dei underliggande avtalene trer i kraft.

Etter konvensjonen om nordisk arrestordre artikkel 29 nr. 5 kan dei statane som har gitt samtykke, avtale at konvensjonen skal tre i kraft mellom dei, sjølv om ikkje alle statar har samtykt, og konvensjonen dermed ikkje har tredd i kraft. Det er dessutan slik at dei to instrumenta kan kome til å tre i kraft til ulik tid. I første ledd *andre punktum* er det derfor bestemt at Kongen kan bestemme at loven berre skal tre i kraft mellom enkelte av dei nordiske statane, eller for berre nordiske eller nordisk-europeiske arrestordrar.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Loven vil gjelde for arrestordrar mottekne etter at loven har tredd i kraft, jf. *andre ledd første punktum*. Dette gjeld sjølv om det straffbare forholdet arrestordren gjeld, vart gjort før loven tredd i kraft. Utleveringskrav mottekne før loven har tredd i kraft, vert handsama anten etter den nordiske utleveringsloven frå 1961 eller utleveringsloven frå 1975.

Til § 43

I *paragrafen* er det foreslått endringar i andre lover.

Nr. 1 til 3 gjentek i hovudsak tilsvarande endringar i lov om nordisk arrestordre § 24, med nødvendige tilpassingar som følgje av lovforslaget her. Gjentinga er nødvendig fordi lov om nordisk arrestordre vert oppheva når arrestordreloven trer i kraft. Den vedtekne endringa i utleveringsloven § 18 nr. 2 er likevel ikkje gjenteke, ettersom denne endringa allereie har tredd i kraft.

Når det gjeld forslaga her til endringar i lov 15. november 1963 om fullbyrding av nordiske dommar på straff m.v. § 6 og i lov 5. juni 1970 nr. 35 om utlevering for å få sett i verk vedtak om fridomsinngrep treft av myndigheit i eit anna nordisk land § 9, så er formuleringane vesentleg endra. I staden for å vise til paragrafen om vilkår for overlevering og spesialitetsprinsippet i lov om nordisk arrestordre, er det no berre ei tilvising til reglane for strafforfølgjing, strafffullbyrding og over- og utlevering vidare for forhold gjort før overleveringa som gjeld ved overlevering til eit anna nordisk land. Dette fordi arrestordreloven ikkje pålegg norske styresmakter å gjenta dei reglane for dette som uansett følgjer av konvensjonen om nordisk arrestordre, sjå punkt 7 ovanfor. Ein må her gå til konvensjonen artikkel 23 og 24 for å finne ut kva reglar som gjeld.

Endringa i utleveringsloven § 1, nytt andre punktum, sjå nr. 3, er ny. Tilføyinga seier at for overlevering av personar for straffbare forhold mellom Noreg og medlemsstatar i Den europeiske unionen og mellom Noreg og andre nordiske statar på grunnlag av ein arrestordre, gjeld arrestordreloven. Dette er føyd til av informasjonsomsyn.

I *nr. 4* vert det foreslått å rette opp ein inkurie i panteloven § 4-5 første ledd. Ved lov 10. desember 2010 nr. 75 fall regelen i dagjeldande § 4-5 første ledd andre punktum om at panteloven § 1-4 ikkje gjeld, ut av lovteksten.

Nr. 5 foreslår tilføying av ein ny § 463 b i straffeprosessloven. Føresegna regulerer fastsetting av den straffa som skal fullbyrdast i tilfelle kor ein person er vorte overlevert eller utlevert til Noreg, men berre for enkelte av fleire forhold som var pådømd i den norske dommen som låg til grunn for utleverings- eller overleveringskravet. I slike tilfelle skal retten, etter krav frå påtalemakta, treffe avgjerd om kor stor del av den idømde straffa som skal verte fullbyrda. Retten må her sjå hen til merknadene om straffeutmålinga i dommen. Er det lite av føringar her, må retten vurdere kor stor del som skal fullbyrdast på meir fritt grunnlag.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og vedtak om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og vedtak om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane, i samsvar med eit vedlagt forslag.

A Forslag

til lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven)

Kapittel 1. Alminnelege føresegner

§ 1 Verkeområde

Loven gjeld overlevering av personar mellom Noreg og medlemsstatar i Den europeiske unionen og mellom Noreg og andre nordiske statar for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre. Personar som er ettersøkte gjennom ein arrestordre, og som oppheld seg i Noreg, skal pågripast og overleverast til staten som har ferda ut arrestordren etter føresegnene i denne loven.

For å få pågripe og overlevert personar til Noreg for strafforfølgjing eller straffullbyrding her, kan det ferdast ut ein arrestordre etter reglane i loven her.

§ 2 Folkeretten si tyding for bruken av loven

Loven gjeld med dei avgrensingane som er godkjende i folkeretten eller som følgjer av avtale med framand stat.

§ 3 Forholdet til straffeprosessloven

Dersom ikkje anna er bestemt i loven, gjeld straffeprosessloven sine reglar så langt dei høver.

§ 4 Definisjonar

I loven tyder desse omgrepa:

- a) *arrestordre*: avgjerd fatta av kompetent myndigheit i ein medlemsstat i Den europeiske unionen, Island eller Noreg om at ein annan av dei nemnde statane skal pågripe og overlevere ein ettersøkt person for strafforfølgjing eller fullbyrding av fridomsstraff eller ein annan fridomsrøvande reaksjon. I kapittel 1, 6, 7 og 8 brukt som fellesnemning på nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar
- b) *nordisk-europeisk arrestordre*: arrestordre ferda ut i samsvar med avtale 28. juni 2006 mellom Den europeiske unionen og republikken Island og Kongeriket Noreg om overleveringsprosedyre mellom medlemsstatane i Den europeiske unionen og Island og

Noreg. Som nordisk-europeisk arrestordre skal også reknast arrestordre ferda ut i samsvar med Det europeiske råds rammeavgjerd 13. juni 2002 om den europeiske arrestordre og prosedyrane for overlevering mellom medlemsstatane (europeisk arrestordre)

- c) *nordisk arrestordre*: arrestordre ferda ut i samsvar med konvensjon om overlevering for straffbare forhold mellom dei nordiske landa 15. desember 2005. Ein arrestordre som nemnd i bokstav b som er ferda ut av eit nordisk land, skal også reknast som ein nordisk arrestordre ved bruk av loven her.
- d) *utlevering*: utlevering av personar for straffbare forhold etter utleveringsloven eller tilsvarende reglar i framand stat.

§ 5 Krav til utforminga av ein arrestordre

Ein arrestordre skal først i skjema som oppgitt i forskrift til loven, og skal innehalde

- a) namn, adresse, telefon- og faksnummer og e-postadresse til den myndigheita som har ferda ut arrestordren
- b) personalia og statsborgarskapen til den ettersøkte
- c) opplysning om rettskraftig dom, pågripingsvedtak eller ei anna avgjerd med same rettskraft som ligg til grunn for arrestordren
- d) ei utgreiing av karakteren på lovbroten med ei påpeiking av straffebod som venteleg råkar handlinga
- e) ei utgreiing av omstende omkring lovbroten, under dette tidspunkt, stad og omfang av deltakinga til den ettersøkte
- f) den pådømde straffa eller den strafferamma som er fastsett for lovbroten i den staten som har ferda ut arrestordren
- g) så vidt mogleg andre følgjer av lovbroten.

Har arrestordren vesentlege manglar, utgjer han ikkje ein arrestordre, og påtalemakta kan, etter først å ha gitt den utferdande myndigheita ein rimeleg frist for retting, avslå han.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Kapittel 2. Vilkår for overlevering frå Noreg på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre

§ 6 *Krav til straffetrusselen eller pådømd straff*

Overlevering av personar til ein medlemsstat i Den europeiske unionen på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre skjer etter reglane i loven her for

- a) straffeforfølgning for forhold som kan medføre fridomsstraff eller ein annan fridomsrøvande reaksjon i 1 år eller meir i den staten som har ferda ut arrestordren
- b) fullbyrding av pådømd fridomsstraff eller annan fridomsrøvande reaksjon på minst fire månader.

Overlevering for fleire straffbare forhold kan skje sjølv om vilkåra i første ledd berre er oppfylte for eitt av forholda, under føresetnad om at dei andre forholda er straffbare etter norsk lov.

§ 7 *Dobbel strafflegging*

Overlevering på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre kan berre skje når handlinga som ligg til grunn for arrestordren, eller ei tilsvarande handling, er straffbar også etter norsk lov.

Dette gjeld likevel ikkje dersom arrestordren gjeld handlingar utførte av ein person som har medverka til at ei gruppe personar som opptrer med eit felles mål, utfører

- a) terrorhandling eller terrorrelatert handling som nemnd i artikkel 1 og 2 i Europeisk konvensjon om nedkjemping av terrorisme og artikkel 1, 2, 3 og 4 i EUs rammevedtak 13. juni 2002 om nedkjemping av terrorisme
- b) ulovleg handel med narkotiske og psykotrope stoff
- c) drap
- d) grov kroppsskade
- e) kidnapping, ulovleg fridomsrøving eller giseltaking
- f) valdtekt,

under føresetnad om at handling som nemnd i bokstav a til f kan medføre fridomsstraff eller ein annan fridomsrøvande reaksjon i 1 år eller meir i den staten som har ferda ut arrestordren. Handlingane må vere utførte med formål om å fremme gruppa sine mål og med kunnskap om at deltakinga vil bidra til gjennomføring av lov- brot som ligg innanfor gruppa sine kriminelle formål.

Vilkåret om dobbel strafflegging i første ledd gjeld heller ikkje dersom forholdet i den utferdande staten vert rekna som ei av dei handlin-

gane som er nemnde i forskrift til loven, og i den utferdande staten kan straffast med fengsel eller annan fridomsrøvande reaksjon i minst tre år, om ikkje den utferdande staten sjølv stiller krav om dobbel strafflegging for overlevering til Noreg for straffeforfølgning eller fullbyrding av pådømd straff for tilsvarande forhold. Departementet gir forskrift om kva for handlingar kravet til dobbel strafflegging ikkje skal gjelde for på vilkår som nemnde i første punktum.

§ 8 *Obligatoriske avslagsgrunnar*

Ein nordisk-europeisk arrestordre skal avslåast for forhold som

- a) det er gitt norsk amnesti for
- b) den ettersøkte på grunn av alderen sin ikkje kan gjerast strafferettsleg ansvarleg for i Noreg
- c) det ligg føre norsk rettskraftig dom for, og straffa i tilfelle domfelling er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdast
- d) det ligg føre norsk rettskraftig dom på overføring til tvungent psykisk helsevern eller tvungen omsorg, og dommen er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdast
- e) det ligg føre norsk rettskraftig førelegg for, og førelegget er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdast
- f) det ligg føre godkjend norsk avtale frå mekling i konfliktråd for, og avtalen ikkje er vesentleg misleghalden
- g) norsk rettsforfølgning er innstilt for etter at den ettersøkte først har vore sikta for forholdet, jf. straffeprosessloven § 82, om ikkje det ligg føre forhold som nemnde i straffeprosessloven § 74 første, femte eller sjette ledd
- h) det er gitt norsk påtaleavkall for, om ikkje det ligg føre forhold som nemnde i straffeprosessloven § 74 andre, tredje, fjerde eller sjette ledd
- i) den kompetente myndigheita har kjennskap til at det i ein medlemsstat i Den europeiske unionen eller stat tilknytt Schengen-samarbeidet ligg føre ein rettskraftig dom eller ei anna endeleg avgjerd for som avskjer vidare strafforfølgning, og, dersom det er pådømd ein reaksjon, at denne reaksjonen er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdast
- j) behandling eller rettskraftig dom eller anna endeleg avgjerd i ein internasjonal eller overnasjonal domstol avskjer vidare strafforfølgning for, og, dersom det er pådømd ein reaksjon, at denne reaksjonen er fullbyrda,

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreløven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdest

- k) er utført heilt eller delvis i Noreg, under dette på Svalbard, Jan Mayen eller i dei norske bilanda, eller andre område underlagde norsk jurisdiksjon, og forholdet anten ikkje er straffbart eller straffansvaret eller høve til strafforfølgning eller straffullbyrding ville vore forelda etter norsk lovgiving.

Ein arrestordre som nemnd i første ledd skal også avslåast dersom overlevering vil vere i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen med endringar eller dei tilleggsprotokollane som gjeld som norsk lov.

§ 9 *Politiske lovbrøt*

Ein nordisk-europeisk arrestordre kan ikkje avslåast for politiske lovbrudd.

Ein slik arrestordre kan likevel avslåast for lovbrøt som nemnt i første ledd dersom den er utsteden av ein stat som ikkje sjølv overleverer ettersøkte personar til Noreg for politiske lovbrøt.

Tingretten avgjer i tilfella som nemnd i andre ledd om eit forhold som ligg til grunn for arrestordren er å sjå på som eit politisk lovbrøt i orskurden om vilkåra for overlevering er oppfylte, jf. § 14 første ledd andre punktum. Dersom retten kjem til at forholdet er eit politisk lovbrøt, skal saka sendast via riksadvokaten til departementet for avgjerd.

§ 10 *Norske statsborgarar*

Reglane om overlevering gjeld også for arrestordrar som gjeld norske borgarar.

Dersom ein nordisk-europeisk arrestordre som gjeld ein norsk statsborgar, er ferda ut av ein stat som ikkje overleverer eigne statsborgarar til Noreg, kan han likevel avslåast. I slike tilfelle skal saka sendast via riksadvokaten til departementet for avgjerd.

§ 11 *Dom kunngjort utan ettersøkte til stades. Livstidsstraff*

Dersom ein nordisk-europeisk arrestordre gjeld overlevering til fullbyrding av fridomsstraff eller annan fridomsrøvande reaksjon på dømd utan ettersøkte til stades, og utan at den ettersøkte er blitt informert om tid og stad for rettsforhandlingane, skal han avslåast om ikkje den utferdande staten forsikrar at den ettersøkte kan krevje saka behandla på nytt og da har høve til å vere til stades.

Dersom dei forholda som ligg til grunn for arrestordren kan straffast med fridomsrøving på livstid, skal arrestordren avslåast om ikkje den

utferdande staten forsikrar at straff som nemnd vil bli vurdert omgjord eller unnlaten fullbyrda, anten etter oppmoding eller seinast etter 20 år.

Forsikring som nemnd i første og andre ledd skal liggje føre før retten avgjer om vilkåra for overlevering er oppfylte.

§ 12 *Forhold som kan gi grunnlag for avslag*

Overlevering til strafforfølgning på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre kan avslåast for forhold som

- det er sett i gang norsk strafforfølgning mot den ettersøkte for
- norsk påtalemyndighet har kjennskap til at det i ein annan stat enn ein EU-medlemsstat eller stat tilknytt Schengen-samarbeidet, ligg føre rettskraftig dom for, og straffa i tilfelle domfelling er fullbyrda, under fullbyrding eller ikkje lenger kan fullbyrdest etter denne statens sine reglar.

Overlevering til straffullbyrding kan avslåast dersom den ettersøkte er busett i Noreg, eller er norsk statsborgar, og norske myndigheter forpliktar seg til å fullbyrde dommen.

Den ettersøkte skal givast høve til å uttale seg før ein arrestordre vert avslått på grunnlag av eit forhold som er nemnt i første og andre ledd. Før ein arrestordre vert avslått etter andre ledd, skal også kriminalomsorga givast høve til å uttale seg.

Kapittel 3. Handsaminga av nordisk-europeiske arrestordrar

§ 13 *Pågriping, fengsling og annan bruk av tvangsmiddel*

Den som er ettersøkt i høve til ein nordisk-europeisk arrestordre, skal pågripast snarast råd om ikkje det er klart at overlevering må avslåast. Er den ettersøkte under 18 år, skal pågriping berre gjennomførast dersom det er særleg påkravd. Straffeprosessloven § 170 a gjeld tilsvarende.

Ved pågripinga skal den ettersøkte straks informerast om arrestordren. Den ettersøkte skal også informerast om høvet til å samtykkje i overlevering. Det skal oppnemnast forsvarar.

Vil påtalemakta halde på den pågripne for å gjennomføre overleveringa, skal han framstillast for tingretten med krav om fengsling. Straffeprosessloven § 183 gjeld tilsvarende. Retten skal treffe avgjerd om fengsling om ikkje vilkåra for pågriping ikkje er oppfylte, jf. første ledd, eller det ikkje er grunn til å frykte for at den pågripne vil unndra seg eller hindre overlevering eller formålet med fengsling kan oppnåast ved tiltak

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

etter straffeprosessloven § 188. Retten skal ved vurderinga av om den skal treffe avgjerd om fengsling leggje opplysningane i arrestordren til grunn, om dei ikkje openbert er urette.

Treff retten avgjerd om fengsling, skal det setjast ein tidsfrist på inntil 4 veker. Han kan lengjast med inntil 4 veker av gongen. Er den pågripne under 18 år, skal tidsfristen likevel ikkje overstige 2 veker eller lengjast med meir enn 2 veker av gongen. Samla fengslingstid kan ikkje overstige 12 veker, om det ikkje ligg føre særlege grunnar. Fjerde punktum gjeld likevel ikkje dersom det ligg føre eit konkurrerande krav om utlevering, jf. § 29 andre ledd, eller dersom den som vert kravd overlevert, tidlegare er overlevert eller utlevert.

Andre straffeprosessuelle tvangsmiddel kan nyttast i same utstrekning som i saker om tilsvarende lovbrøt her i riket. Tredje ledd fjerde punktum gjeld tilsvarende.

§ 14 Avgjerd av nordisk-europeisk arrestordre

Påtalemakta skal etter mottak av arrestordren straks sende saka til tingretten. Tingretten avgjer ved orskurd om vilkåra for overlevering er oppfylte.

Den ettersøkte skal i retten spørjast om vedkomande samtykkjer i overlevering. I så fall skal den ettersøkte også spørjast om å gi sitt samtykke til rettsforfølging for andre lovbrøt gjorde forut for overleveringa, og om kva for rettsfølgjer eit samtykke har. Eit eventuelt samtykke skal givast skriftleg i rettsmøtet. Samtykkjer den ettersøkte i overlevering, treff retten si avgjerd straks og seinast innan ei veke.

Opplysningane i arrestordren skal leggjast til grunn for retten si avgjerd, om ikkje dei openbert er urette. Orskurden kan ankast etter reglane i straffeprosessloven kapittel 26. Fristen for anke er likevel tre dagar. Anke har utsettjande verknad. Rettskraftig orskurd skal om mogleg ligge føre seinast 45 dagar etter pågripinga av den ettersøkte, men innan ei veke dersom den ettersøkte har samtykt i overlevering. Den rettskraftige orskurden vert straks send til påtalemakta, som innan tre arbeidsdagar avgjer om arrestordren skal etterkomast eller ikkje.

Fristar som nemnde i første og tredje ledd byrjar å gjelde når påtalemakta har motteke tilstrekkelege opplysningar til å behandle saka. Dersom den ettersøkte har immunitet eller privilegium i Noreg for den straffbare handlinga arrestordren gjeld, byrjar ikkje fristen å gjelde før immuniteten eller privilegiet er oppheva. Dersom den ettersøkte tidlegare er utlevert eller

overlevert til Noreg og overlevering vidare krev samtykke frå den staten som utleverte eller overleverte vedkomande, byrjar fristen ikkje å gjelde før vedkomande stat har gitt samtykke.

Dersom fristane ikkje kan overhaldast, skal påtalemakta straks varsle den som har ferda ut arrestordren, om dette.

Den ettersøkte kan klage på påtalemakta sitt vedtak. Spørsmålet om vilkåra for overlevering er til oppfylte kan ein ikkje klage på. Straffeprosessloven § 59 a gjeld tilsvarende. Fristen for å klage er likevel tre dagar, og klagen har utsettjande verknad. Klageinstansen gjer vedtak straks og så vidt mogleg innan tre arbeidsdagar etter at klagen vart motteke.

Når endeleg avgjerd om overlevering ligg føre, skal påtalemakta straks varsle den som har ferda ut arrestordren. Avslag på arrestordren skal grunngivast.

Departementet kan gi forskrifter om samtykke som nemnt i andre ledd.

§ 15 Vilkår for overlevering av norske borgarar og personar busette her

Det skal setjast som vilkår for overlevering av norsk statsborgar at overlevering vidare for forhold som er gjort forut for overleveringa til ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar til Noreg, ikkje skjer utan samtykke frå departementet, jf. § 10 andre ledd. Det skal også setjast som vilkår at utlevering vidare for forhold som nemnde i første punktum, ikkje skal skje, jf. utleveringsloven § 2.

Dersom ein arrestordre gjeld overlevering til strafforfølgjing av ein norsk statsborgar eller ein person busett her, kan det setjast som vilkår for overleveringa at vedkomande vert send tilbake for å sone ein eventuell dom her. Den ettersøkte og kriminalomsorga skal få høve til å uttale seg før det vert sett eit slikt vilkår.

§ 16 Samtykke i strafforfølgjing m.m. for andre straffbare forhold og til overlevering og utlevering vidare

Ein medlemsstat i Den europeiske unionen som har fått ein person overlevert frå Noreg på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre, kan når det vert kravd givast samtykke til å

- strafforfølgje eller fullbyrde straff mot vedkomande for andre forhold gjorde forut for overleveringa enn dei han vart overlevert for
- overlevere personen vidare til ein annan medlemsstat eller Island for forhold gjorde forut for overleveringa
- utlevere personen vidare til ein stat utanfor Norden og Den europeiske unionen for for-

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

hold gjorde forut for overlevering, dersom vedkomande ikkje er norsk statsborgar.

Krav om samtykke i strafforfølgjing eller straffullbyrding som nemnt i første ledd bokstav a) og til overlevering vidare som nemnt i første ledd bokstav b) skal utformast i samsvar med §§ 5 og 26 og oversendast som oppgitt i § 25. Samtykke skal givast dersom vilkåra for overlevering er oppfylte for den straffbare handlinga som kravet om samtykke gjeld, og på dei vilkåra som følgjer av eller som vert stilte i medhald av loven her. Avgjerda skal liggje føre innan 30 dagar etter at kravet vart motteke. § 14 gjeld tilsvarande så langt han høver. Spørsmålet om samtykke skal likevel behandlast skriftleg, om ikkje retten avgjer munnleg behandling. Påtalemakta sender kravet til den tingretten som avgjorde spørsmålet om overlevering. Det skal oppnemnast forsvarar for den overleverte.

Krav om samtykke i utlevering vidare som nemnt i første ledd bokstav c) skal sendast departementet og behandlast etter reglane i utleveringsloven.

Kapittel 4. Vilkår for overlevering på grunnlag av ein nordisk arrestordre

§ 17 *Krav til straffetrusselen eller pådømd straff*

Overlevering av personar til ein annan nordisk stat på grunnlag av ein nordisk arrestordre skjer etter reglane i loven her for

- a) strafforfølgjing for forhold som kan medføre fridomsstraff eller ein annan fridomsrøvan- de reaksjon i den staten som har ferda ut arrestordren
- b) fullbyrding av pådømd fridomsstraff som nemnd i bokstav a.

Gjeld arrestordren fleire straffbare forhold, skal han etterkomast og setjast i verk sjølv om vilkåra i første ledd berre er oppfylte for eitt av forholda.

§ 18 *Obligatoriske avslagsgrunnar*

Ein nordisk arrestordre skal avslåast for forhold som det ligg føre ein avslagsgrunn for som nemnd i § 8 første ledd bokstav a til j og andre ledd.

§ 19 *Forhold som kan gi grunnlag for avslag*

Ein nordisk arrestordre kan avslåast dersom

- a) det ligg føre forhold som nemnde i § 12 første og andre ledd
- b) forholdet er gjort heilt eller delvis i Noreg, under dette på Svalbard, Jan Mayen eller i dei norske bilanda, eller andre område underlagde norsk jurisdiksjon, og det ikkje er straffbart etter norsk lovgiving.

§ 12 tredje ledd gjeld tilsvarande.

Kapittel 5. Handsaminga av nordiske arrestordrar

§ 20 *Pågriping, fengsling og annan bruk av tvangsmiddel*

Den som er ettersøkt i høve til ein nordisk arrestordre, skal pågripast snarast råd om det ikkje er klart at overlevering må avslåast. Pågriping kan også skje etter reglane i straffeprosessloven kapittel 14 når politi eller påtalemakt i ein annan nordisk stat ber om det før personen er ettersøkt som nemnt i første punktum, i same utstrekning som i saker om tilsvarande lovbrøt her i landet. Er den ettersøkte under 18 år, skal pågriping berre skje dersom det er særleg påkravd. Straffeprosessloven § 170 a gjeld tilsvarande.

Ved pågripinga skal den ettersøkte straks informerast om arrestordren. Den ettersøkte skal også informerast om retten til å samtykkje i overlevering og kva for rettsfølgjer eit slikt samtykke har. Det skal oppnemnast forsvarar.

Vil påtalemakta halde på den pågripne for å gjennomføre overleveringa, skal vedkomande framstillast for tingretten med krav om fengsling. Straffeprosessloven § 183 gjeld tilsvarande. Retten skal treffe avgjerd om fengsling om ikkje vilkåra for pågriping ikkje er oppfylte, jf. første ledd, eller det ikkje er grunn til å frykte for at den pågripne vil unndra seg eller hindre overlevering eller formålet med fengsling kan oppnåast ved tiltak etter straffeprosessloven § 188. Retten skal ved vurderinga av om den skal treffe avgjerd om fengsling leggje opplysningane i arrestordren til grunn, om dei ikkje openbert er urette.

Framstilling for tingretten med krav om fengsling skjer likevel ikkje dersom den ettersøkte er over 18 år og samtykkjer i overlevering, dersom ikkje den ettersøkte krev retten si prøving av vilkåra for fengsling etter tredje ledd tredje punktum eller dersom overlevering ventleg ikkje kan skje innan ei veke frå pågripinga. Fristen for framstilling vert i så fall rekna frå kravet om retten si prøving er framsett eller frå samtykket til overlevering er trekt tilbake, eller frå det tidspunkt det er klart at overlevering ikkje vil skje innan fristen nemnd i første punktum.

Treff retten avgjerd om fengsling, skal det setjast ein tidsfrist som ikkje må overstige 4 veker, men 2 veker dersom den pågripne er under 18 år. Han kan lengjast med inntil 2 veker av gongen. Samla fengslingstid kan ikkje over-

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

stige 6 veker, om det ikkje ligg føre særlege grunnar. Fristane som nemnde gjeld ikkje dersom det ligg føre eit konkurrerende krav om utlevering, jf. § 30 andre ledd, eller den som vert kravd overlevert, tidlegare er overlevert frå ein stat utanfor Norden eller utlevert.

Andre straffeprosessuelle tvangsmiddel kan nyttast i same utstrekning som i saker om tilsvarende lovbrøt her i riket. Tredje ledd fjerde punktum gjeld tilsvarende.

§ 21 Avgjerd av nordisk arrestordre

Samtykkjer den ettersøkte i overlevering, skal påtalemakta straks og seinast tre arbeidsdagar etter at samtykket er gitt, avgjere om den nordiske arrestordren skal etterkomast eller ikkje. Eit samtykke skal givast skriftleg til påtalemakta etter at den ettersøkte har blitt orientert om verknaden av at samtykke vert gitt. Eit samtykke kan trekkjast tilbake.

Dersom påtalemakta vil etterkome arrestordren, og den ettersøkte ikkje samtykkjer i overlevering eller trekkjer samtykket tilbake før overleveringa er gjennomført, vert saka straks send til tingretten. Tingretten avgjer ved orskurd om vilkåra for overlevering er oppfylte. Opplysningane i arrestordren skal leggjast til grunn for avgjerda, om dei ikkje openbert er urette.

Orskurden kan ankast etter reglane i straffeprosessloven kapittel 26. Fristen for anke er likevel tre dagar. Anke har utsetjande verknad. Rettskraftig orskurd skal om mogleg liggje føre seinast 3 veker etter pågripinga av den ettersøkte. Den rettskraftige orskurden vert straks send til påtalemakta, som innan tre arbeidsdagar avgjer om arrestordren skal etterkomast eller ikkje.

Fristar som nemnde i andre og fjerde ledd byrjar ikkje å gjelde før påtalemakta har motteke tilstrekkelege opplysningar til å gjere vedtak. Dersom den ettersøkte har immunitet eller privilegium i Noreg for den straffbare handlinga arrestordren gjeld, byrjar ikkje fristen å gjelde før immuniteten eller privilegiet er oppheva. Dersom den ettersøkte tidlegare er utlevert eller overlevert til Noreg og overlevering vidare krev samtykke frå den staten som utleverte eller overleverte vedkomande, byrjar fristen ikkje å gjelde før vedkomande stat har gitt samtykke.

§ 14 femte til åttande ledd gjeld tilsvarende.

§ 22 Vilkår for overlevering av norske borgarar og personar busette her

Det skal setjast som vilkår for overlevering av norsk statsborgar at overlevering vidare for

forhold gjorde forut for overleveringa til ein stat som ikkje sjølv overleverer eigne borgarar til Noreg, ikkje skjer utan departementet sitt samtykke, jf. § 10 andre ledd. Det skal også setjast som vilkår at utlevering vidare for forhold som nemnde i første punktum ikkje skal skje, jf. utleveringsloven § 2.

Dersom ein arrestordre gjeld overlevering til strafforfølgning av ein norsk statsborgar eller ein person busett her, kan det setjast som vilkår for overleveringa at vedkomande skal sendast tilbake for å sone ein eventuell dom her. Den ettersøkte og kriminalomsorga skal få høve til å uttale seg før det vert sett eit slikt vilkår.

§ 23 Samtykke i strafforfølgning eller straffullbyrding for andre straffbare handlingar

Har overlevering skjedd til ein annan nordisk stat på grunnlag av ein nordisk arrestordre og den staten som har fått personen overlevert, ber om samtykke til å strafforfølgje eller straffullbyrde for andre forhold gjorde forut for dei som var omfatta av arrestordren, skal samtykke givast om det ikkje ligg føre forhold som nemnde i § 18 jf. § 8. Samtykke kan likevel nekast dersom det ligg føre forhold som nemnde i § 19 første ledd bokstav b.

Oppmoding om samtykke skal oppfylle krava i §§ 5 og 26 og sendast over som oppgitt i § 25. § 21 gjeld tilsvarende så langt han høver. Spørsmålet om samtykke skal likevel behandlast skriftleg, om ikkje retten treff avgjerd om munnleg behandling. I tilfelle som nemnde i § 21 tredje ledd skal oppmodinga sendast den tingretten som avgjorde spørsmålet om overlevering. Det skal oppnemnast forsvarar for den overleverte.

§ 24 Samtykke i overlevering eller utlevering vidare

Det kan givast samtykke til at ein person som er overlevert til eit nordisk land på grunnlag av ein nordisk arrestordre, vert overlevert vidare til ein medlemsstat i Den europeiske unionen utanfor Norden for eit forhold gjort forut for overleveringa. Samtykke skal givast dersom ein arrestordre om overlevering til vedkomande stat for forholdet ville blitt etterkomen etter reglane som gjeld for nordisk-europeiske arrestordrar. § 23 andre ledd gjeld tilsvarende.

Oppmoding om samtykke til utlevering vidare til ein stat utanfor Norden og Den europeiske unionen vert behandla og avgjort etter reglane i utleveringsloven.

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

Kapittel 6. Fellesreglar for nordisk-europeiske og nordiske arrestordrar

§ 25 *Oversending og mottak av arrestordrar for overlevering frå Noreg*

Arrestordren vert send gjennom Schengen informasjonssystem eller anna system for etterlysing av personar mistenkte for straffbare lovbrøt, eller han vert send Kripos. Er opphaldsstaten til den ettersøkte kjend, kan arrestordren sendast direkte til politimeisteren på staden der den ettersøkte oppheld seg.

Ved feilsending skal den som mottek arrestordren, straks sende han vidare til kompetent påtalemakt og varsle den som har ferda ut arrestordren.

Ei etterlysing registrert i Schengen informasjonssystem eller i eit anna system for etterlysing av personar og som gjeld overlevering innanfor loven sitt verkeområde, jf. § 1, skal sidestillast med ein arrestordre inntil arrestordren vert motteken sjølv om etterlysinga ikkje inneheld alle opplysningane nemnde i § 5 første ledd.

§ 26 *Språk*

Ein arrestordre ferda ut til Noreg skal vere skriven på norsk, svensk, dansk eller engelsk eller ha vedlagt ei omsetjing til eit av dei nemnde språka.

§ 27 *Immunitet og privilegium*

Dersom den ettersøkte har immunitet eller eit privilegium med omsyn til rettsforfølging eller fullbyrding i Noreg som kan opphevast av norsk myndigheit, skal påtalemakta straks oppmode rett myndigheit om å oppheve immuniteten eller privilegiet. Dersom oppheving av immuniteten eller privilegiet byggjer på vedtak gjort av myndigheiter i ein framand stat eller av organ i ein internasjonal organisasjon, skal påtalemakta straks varsle utferdande stat om at arrestordren ikkje kan etterkomast før immuniteten eller privilegiet er oppheva.

Departementet kan gi nærmare føresegner om saksbehandlinga i tilfelle som nemnde i første ledd første punktum, under dette om kva for norsk myndigheit som avgjer spørsmål om oppheving av immunitet eller privilegium.

§ 28 *Arrestordrar som gjeld ettersøkte som tidlegare er overleverte eller utleverte til Noreg*

Den som er overlevert til Noreg på grunnlag av ein nordisk arrestordre, kan overleverast vidare til ein annan nordisk stat på grunn av ein nordisk arrestordre som gjeld eit straffbart for-

hold vedkomande har gjort forut for overleveringa til Noreg. Overlevering vidare til ein medlemsstat i Den europeiske unionen utanfor Norden kan skje i tilfelle som nemnde i tredje ledd bokstav a, c, d og e.

Den som er overlevert til Noreg på grunnlag av ein nordisk-europeisk arrestordre, skal ikkje overleverast vidare til ein annan medlemsstat i Den europeiske unionen eller Island for eit forhold gjort forut for overleveringa. Overlevering vidare for forhold som nemnt kan likevel skje dersom

- a) den ettersøkte i retten skriftleg samtykkjer i overlevering vidare eller i strafforfølging for forholdet
- b) den ettersøkte samtykte i å bli overlevert til Noreg og i den samanhengen også samtykte i å bli strafforfølgt eller få fullbyrda straff mot seg for forhold gjorde forut for overleveringa
- c) den ettersøkte har unnlate å forlate riket, trass i at han i 45 dagar uhindra har kunna forlate det
- d) den ettersøkte frivillig er vend tilbake til riket etter først å ha forlate det eller
- e) den staten som overleverte den ettersøkte til Noreg, samtykkjer i overlevering vidare.

Kan overlevering vidare ikkje skje utan samtykke frå den staten som tidlegare har overlevert vedkomande, jf. tredje ledd bokstav e, skal påtalemakta sørgje for at det blir sendt ei oppmoding til vedkomande stat om samtykke til overleveringa. Oppmodinga skal utformast i samsvar med § 32 og skal sendast kompetent myndigheit i den staten som overleverte vedkomande.

Overlevering vidare skal ikkje skje i strid med særlege vilkår sette for overleveringa.

Dersom den ettersøkte er utlevert til Noreg frå ein stat utanfor Norden og Den europeiske unionen, skal vedkomande ikkje overleverast i strid med dei vilkåra som er sette for utleveringa. Dersom overlevering vidare krev samtykke frå den staten vedkomande er utlevert frå, skal kompetent myndigheit sørgje for at det straks blir sendt ei oppmoding om slikt samtykke.

§ 29 *Avgjerd om overlevering når det ligg føre konkurrerande oppmodingar*

Dersom det ligg føre fleire arrestordrar som gjeld same person, avgjer påtalemakta kva for arrestordre som skal etterkomast.

Dersom det i tillegg til ein eller fleire arrestordrar ligg føre eit krav om utlevering frå

Lov om pågriping og overlevering til og frå Noreg for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (arrestordreloven) og om samtykke til inngåing av avtale 28. juni 2006 mellom EU, Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane

ein stat utanfor Norden og EU, tek departementet avgjerd.

I vurderinga av kva for arrestordre eller utleveringskrav som skal etterkomast, skal det bl.a. leggjast vekt på staden for og karakteren av dei straffbare handlingane, når dei konkurrerande arrestordrane/utleveringskrava er ferda ut, og om dei gjeld strafforfølgning eller fullbyrding av dom.

§ 30 *Frist for overlevering*

Den ettersøkte skal overleverast snarast mogleg og seinast ti dagar etter at det ligg føre ei endeleg avgjerd om overlevering, likevel seinast fem dagar dersom overlevering skal skje på grunnlag av ein nordisk arrestordre. Gjer særlege omstende det umogleg å overlevere den ettersøkte innanfor fristen, skal påtalemakta straks kontakte den som har ferda ut arrestordren, for å avtale ein ny frist.

Overlevering kan utsetjast dersom det ligg føre tungtvegande humanitære grunnar. Så snart desse grunnane ikkje lenger er til stades, avtaler påtalemakta nytt tidspunkt for overlevering med den som har ferda ut arrestordren. Overlevering skal skje innan ti dagar rekna frå tidspunkt som nemnt i andre punktum.

Ein ettersøkt som sit fengsla på grunnlag av arrestordren, skal setjast fri når fristane for overlevering i første og andre ledd har gått ut.

§ 31 *Utsett og mellombels overlevering på grunn av strafforfølgning i Noreg*

Påtalemakta kan treffe avgjerd om å utsetje overleveringa for å strafforfølgje den ettersøkte i Noreg for eit anna straffbart forhold. Det same gjeld dersom den ettersøkte skal fullbyrde ein dom for eit anna straffbart forhold.

I staden for å utsetje overleveringa kan overlevering gjerast mellombels på vilkår som vert avtalte skriftleg mellom påtalemakta og den som har ferda ut arrestordren.

Dersom den ettersøkte er fridomsrøva, skal kriminalomsorga givast høve til å uttale seg før det blir treft avgjerd etter første ledd andre punktum og andre ledd.

Kapittel 7. Overlevering til Noreg

§ 32 *Utferding av ein nordisk-europeisk arrestordre*

Påtalemakta kan ferde ut ein arrestordre til ein medlemsstat i Den europeiske unionen til strafforfølgning dersom det ligg føre ei avgjerd om pågriping treft av retten for ei handling som kan medføre fengsel i minst 1 år. Påtalemakta kan ferde ut ein arrestordre til straffullbyrding

dersom det ligg føre rettskraftig dom på fengsel eller anna fridomstap på minst fire månader.

Er det fare ved opphald, kan skriftleg pågripingsavgjerd treft av påtalemakta tre i staden for avgjerd av retten for utferding av arrestordrar som nemnde i første ledd første punktum. Påtalemakta si avgjerd skal snarast mogleg leggjast fram for retten til godkjenning.

Arrestordren kan omfatte også forhold som ikkje oppfyller krava i første ledd, dersom eitt av forholda oppfyller vilkåra. I så fall er det for utferding av ein arrestordre til strafforfølgning tilstrekkeleg at det ligg føre pågripingsavgjerd treft av retten for eitt av forholda.

Arrestordren vert utforma i samsvar med § 5 første ledd. Dersom handlinga kan straffast med fengsel i minst 3 år og kan sjåast på som handling nemnd i forskrift til § 7 tredje ledd, skal det opplysast om dette. Det same gjeld dersom arrestordren gjeld medverknad til felles kriminell verksemd som nemnd i § 7 andre ledd.

